



Universitetet
i Stavanger

DET HUMANISTISKE FAKULTET

MASTEROPPGAVE

Studieprogram: Mastergrad i historiedidaktikk	haustsemesteret, 200..9 Åpen/ konfidensiell
Forfatter: Solveig Ness	<u>Solveig Ness</u> (signatur forfatter)
Faglig ansvarlig Veileder: Jan Bjarne Bøe	
Tittel på hovedoppgaven: Utviklinga av historiske spel i Noreg Engelsk tittel:	
Emneord: historiske spel	Sidetall: 92..... + vedlegg/annet: 104..... Stavanger, 24/11-09 dato/år

Utviklinga av historiske spel i Noreg

Masteroppgåve i
Historiedidaktikk ved Universitetet i Stavanger

av

Solveig Nessa

Forord:

For meg personleg har det vore av stor interesse å undersøkje bruken av historiske spel, fordi eg har jobba med historiske spel i fleire år. Eg deltok i operaen *Hafrsfordspillene Rygekongen* og eg er dagleg leiar og initiativtakar for det historiske spelet *Hårfagre - et spel om Harald* (2007). I *Nettverket Historiske Spel* var eg med i styret i 2008 og 2009. Det er tidlegare ikkje blitt forska på spel som historieformidling. Derfor er denne oppgåva interessant, men og ei utfordring å jobba med.

Når eg no skulle skriva ei masteroppgåve i historiedidaktikk om historiske spel, praktisk og teoretisk bruk av det historiske spelet, ville det vera interessant å sjå på kva historier som blei formidla i spela. Er dei nasjonale eller lokale, små eller store forteljingar?

Eg vil takka alle som har gjort denne masteroppgåva i historiebruk mogeleg. Spesielt vil eg takka rettleiaren min, Jan Bjarne Bøe. Eg takkar for at han har vore tålmodig med meg i mitt arbeid med denne oppgåva. Bøe og Ketil Knutsen har som forelesarar i historiedidaktikk på Universitetet i Stavanger gitt inspirasjon gjennom forlesingar i 2007, 2008 og arbeidet med seminara i 2009 på mastergraden i historiedidaktikk på Universitetet i Stavanger. Eg takkar også familien min for at dei har holde ut i skriveprosessen. Eg vil også takka Målfrid Hanson. Spesielt vil eg takka Oddvar Isene som var prosjektleiar for *Nettverket Historiske Spel 2007-2009*, for informasjon om spela i Noreg, og for kommentarar på innhald og språk i manus.

Stavanger, november 2009

Solveig Nessa

DEL 1:	
1.0. INNLEIING	4
1.1. Presentasjon av problemstilling	5
1.2. Oversikt over materiale som blir brukt, og gangen i oppgåva.	6
1.3. Historiske spel	7
• Fakta eller fiksjon?	
• Finansiering	
1.4. Inndelingar i analysen, ulike kategoriar:	12
• Tema	
• Tidsepokar	
• Lokalt, midtsone og nasjonale kriterium	
1.5. Kollektive forteljingar, historiemedvit, narrativ kompetanse og identitet	17
1.6. Litteratur på feltet	18
1.7. Metode og empiri	22
DEL 2:	24
2.0. HISTORISKE SPEL SOM TEMA	
2.1. Periode 1: 1950 og 1960-talet	24
• Korleis var utvikinga i periode 1?	
2.2. Periode 2: 1970 og 1980- talet	30
• Korleis var utvikinga i periode 2?	
2.3. Periode 3: 1990 til 2008	49
• Korleis var utvikinga i periode 3?	
• Nasjonal og lokale spel	
• Myte og historie	
• Næring og spel	
3.0 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	88
• Tema	
• Kvifor av utviklinga slik i periodane 1, 2 og 3?	
Litteraturliste	93
Vedlegg	96

DEL 1

1.0. Innleiing

Historiske spel er friluftsteater, og er basert på lokale og nasjonale historiske hendingar, som er kjende gjennom historiske segn, myter og forteljingar. Spelstaden har tilknytning til den historiske hendinga spelet baserer seg på. Som regel blir spel sette opp i samband med bygdedagar og festivalar i sumarsesongen.¹

Spela handlar om dei store forteljingane, om bygda, landet og folket. Tema er til dømes: religion, rikssamling, framveksten av det moderne samfunnet, om endring i levevilkår og levestandard eller hendingar som har verdi for ettertida for eit regionalt og nasjonalt fellesskap. Arrangørane hentar materialet frå gravhaugar, runeinskripsjonar, lokale tradisjonar, militære hendingar, gardshistorier, lensmannshistorier, arkiv, kyrkjehistorie, bygdebøker, sagalitteraturen, historiske segn og legender. Forteljingane er sett inn i ei tid, og dei er lokalisert til ein lokal stad.

Spela er organisert på mange forskjellige måtar. Det kan vera teater- og ungdomslag, historielag, stiftingar, museum, skular, bedriftslag og ad. hoc grupper. Lokale kor, skular eller museum er sterkt representert som medarrangør og somme tider som hovudarrangør, mens dei større spela ofte har ein meir profesjonell administrasjon. Spela er organisert utanfor institusjonsteatera, men det kan vera eit samarbeid.

Dei fleste spela tar utgangspunkt i konflikkar og intriger i tida, i samband med tidsskifte i norsk historie. Dei mest typiske tema er overgangen frå heidenskapen til kristendommen. Viking- og mellomalderpela frå norrøn tid var dei første historiske spela i landet. Dei har framleis ein sentral plass. Men i dag tar mange spel utgangspunkt i dansketida og industrialiseringa på 1800-talet og 1900-talet.

Det er om lag 140 aktive spel på landsbasis i dag. Det er årvisse spel, eller spel som er sett opp meir enn ein gong dei siste fire – fem åra, eller som er nye etter 2005. I dei siste åra er det årleg blitt sett opp 75 - 80 spel/friluftspel. Spela samlar kvart år over 200 000 publikummarar i alle aldersgrupper. Det største spelet kan ha rundt 20 000 publikummarar, mens eit middels spel kan ha mellom 2 000 – og 4 000, og dei minste har til 4 - 500.² Mellom 10 000 og 15 000 aktørar er med kvart år på eller bak scenen i spela rundt om heile i landet.³

¹ Vågen 2007:1 Nettsidene til *Spelhandboka*, lest 2008 og 2009 (Artikkelen har tidlegare stått i *Syn og Segn*)

² *St. meld.nr.32 (2007 .2008) Bak kulissene*:66 Teksten er basert på eit notat til Kultur- og kyrkjedepartementet: "Historiske spel i Noreg - status per 2007", skrevet av Sigurd Ohrem.

³ Oddvar Isene Nettverket Historiske Spel 2008 på e-post.

Ein reknar at spela har ei årleg omsetning på mellom 40-60 millionar kroner. Dugnadsinnsatsen er ein vesentleg del av økonomien til spela saman med sponsorstøtte, og statleg og kommunal støtte.⁴

Eg har registrert 373 historiske spel her i landet. Tema fordelar seg frå dei første spela på 1950 - talet og fram til 2008 slik:

Gruppe	Kategori frå 1-9	1950 og 1960-talet	1970 og 1980-talet	1990 og 2008- talet	Totalt
1	Religion	6	18	42	66
2	Rikssamling		13	33	46
3	Migrasjon		3	12	15
4	Samfunn		37	160	197
5	Krigar og slag		3	18	21
6	Ulykker			2	2
7	Kvinner og menn som har utmerka seg		5	9	14
8	Ulike lagnadar		2	1	3
9	Andre tema		1	8	9
	Totalt	6	82	285	373

Tabellen blei sist oppdatert 22.11.09.

Skjema viser at dei nasjonale spela under kategoriane ”religion” og ”rikssamling” var mange, og framsleis er mange i dag. ”Migrasjon” kom som tema i andre periode, og er framsleis eit aktuelt tema i dag. ”Krigar og slag” blei eit nytt tema i 1970 og 1980-åra. Men den kategorien som dominerar mest er ”samfunn”. Dei utgjer over halvparten av alle spela i landet i dag. Dette er ei gruppe spel med fleire underkategoriar, arbeid og arbeidsprosessar, geografi, svartedauden osv. . Spel som er meir individuell av karakter har auka relativt lite. Både religiøse og sekulære spel har auka jamt og trutt frå 1970 og fram til i dag. Eg kjem tilbake med meir detaljer i analysen i del 2.

Det er ulike motiv for å setja opp eit spel. Formålet er ofte å styrkja den lokale identiteten. Men det kan også vera å styrkja turismen, investeringane og arbeidsplassane. Dette bryt med eit lokalt teaterstykk har som formål å jobba med. Det er vel grunn til å tru at dette kan påverke innhald og form i spela. Eg vil sjå nærare på dette i denne oppgåva.

1.1. Presentasjon av problemstillinga

Først vil eg finna ut kor mange spel som er sett opp her i landet for å få ein oversikt frå 1950 og fram til i dag. Kva var utviklinga av spela? Kva historier er det dei formidlar? Er det endring i tema over tid? Og kvifor er det så stor auke i historiske spel?

⁴ St. meld.nr.32 (2007 .2008) Bak kulissene:67

Oppgåva er å finna tendensar i tida. Eg vil derfor ikkje gå i detalj i kvart einskild stykke. Det viktigaste er å finna tendensar i tida.

Undersøkinga er ut frå sendarperspektiv. Korleis spela blir mottatt og korleis dei verkar på publikum og aktørar, ligg utanfor spørsmåla eg vil svara på i denne oppgåva.

1.2. Presentasjon av materialet som blir brukt og gangen i oppgåva

Mange spel er blitt sett opp i Noreg dei siste åra. Eg har gått gjennom spela for å registrera og klassifisera dei etter ulike historiske kriterium.

Oppgåva er delt i to. Første delen er den praktiske delen. Den andre delen er analysen og ei oppsummering og konklusjon.

Gangen i oppgåva er først å klarlegga kva eit historisk spel er. Deretter vil eg gjera greie for ulike kategoriar eg brukar i oppgåva. Tema er delt inn i 9 grupper, slik det går fram av skjemaet på side 5. Vidare er kategoriane delt inn i tre tidsperiodar ut frå den tida spela hadde premiere: Periode 1 og periode 2, med tjue års intervall, og periode 3, som er på 18 år:

Periode 1: 1950 og 1960-åra

Periode 2: 1970 og 1980 åra

Periode 3: 1990 åra til 2008

Eg vil og så sjå på om spela formidlar mest lokale eller nasjonale historier, eller om dei er ei blanding av begge delar, både nasjonale og lokale samtidig. Er det ei endring i fordelinga av det nasjonale og lokale over tid, frå det første spelet og fram til i dag? Er det fleire nasjonale spel i dag, eller færre?

Nasjonale spel (Nasjonal speltematikk)

Midtsone (Regionale/lokale speltematikk)

Lokale spel (Lokal tematikk)

Deretter vil eg sjå på nokre sentrale ord som blir brukt i historieformidlinga, historiemedvit, identitet og narrativ kompetanse. Til slutt i første del vil eg orientera nærmare om kva andre har skreve tidlegare om historiske spel. Eg vil også sjå på kva forskarar og historikarar seier om det narrative i historieformidlinga. Heilt til slutt i denne delen vil eg seia noko om handsaming av det materialet eg har brukt. I andre delen kjem sjølve undersøkinga med konklusjon.

1.3. Historisk spel

Forløparen til spelet var det nasjonale dramaet. I dei nasjonalhistoriske drama leitar forfattaren fram det spesifikt norske - nasjonale. Dei fortel om gamle heroiske tider. Ofte er det henta tema frå kampar om nasjonale verdiar. Me finn nasjonalromantiske historiske motiv i skodespel som *Fru Inger frå Østeraad* (1854), som er frå reformasjonen, *Hærmennene på Helgaland* (1858) og *Kongsemnerne* (1863) frå 1200-talet, av Henrik Ibsen (1828-1906). Det siste handlar om maktkampane i landet mellom Hertug Skule og Håkon Håkonson, som enda med at Skule blir drepen av Håkon sine menn.

Bjørnstjerne Bjørnson (1832-1910) skreiv fleire store nasjonalromantiske drama. *Sigurd Slembe* (1862) og *Sigurd Jorsalfar* (1872), er døme på nasjonalhistoriske drama som Bjørnson skreiv for scene. I 1859 kom det første utkastet til *Ja, vi elsker dette landet*.⁵ Nasjonalsongen har mykje av uttrykket, patosen og det nasjonale innhaldet som me finn att i mange av viking- og mellomalderspela.

Dei fleste viking- og mellomalderspela har trekk som er karakteristiske for nasjonalhistoriske drama. Dette gjeld kanskje spesielt med omsyn til forma i dramaet. Historiske spel er baserte på historiske hendingar som er kjende for dei fleste gjennom myter, segner og forteljingar. Personkonstellasjonen i dei historiske spela samsvarar med dei vi finn i nasjonalhistoriske drama.

Det har vore friluftsteater i Noreg og Sverige sidan 1800-talet - kanskje endå lengre tilbake. Spela kan knytast til nasjonalromantikken, det nynorske språket og dialektane, og folkeopplysingsarbeidet.⁶ Amatørteater og målsak har vore viktig for nasjonsbygginga her i landet på 1800 - talet. Ungdomslag og amatørgrupper var viktige aktørar når det gjaldt å fremja denne teaterforma. Ved hundreårsskiftet mellom 1800 og 1900-talet var det vanleg med framsyningar ute. Framsyningane blei som oftast lagde til eit årleg stemne eller ei samling. Ofte hadde stykka som blei viste, eit historisk tema.⁷

Teatermannen Stein Bugge tok på 1930-talet initiativet til fleire oppsetjingar av historiske spel i Oslo, Bergen og Fredrikstad. Spela blei framførte som ein del av større folkefestar med mange forskjellige kulturelle tilbod. Dei blei arrangerte på historiske stader. Oppføringane brukte ofte både profesjonelle og amatørar i rollene. Dette er ein klar parallell til dagens oppsetjingar av historiske spel.⁸

Amatørteater og dei nasjonalhistoriske teaterstykkja på 1950 - talet, utvikla seg til det historisk spelet, slik me kjenner det i dag. Olsok 1954 kom spelet som me reknar som det

⁵ Fossum Havnelid og Ugland 1994

⁶ Gripsrud 1990:89

⁷ Vågen 2009

⁸ Vågen 2009

første historiske spelet her i landet, *Føre slaget* som i dag er kjent som *Spelet om Heilag Olav - Stiklestadspelet* (1954). Tittelen har også vore *Nattrast på Sul*. Spelet hadde forankring i den lokale staden der slaget var, men det var også eit nasjonalt spel som handla om den religiøse, politiske og kulturelle utviklinga her i landet i norrøn tid.

Dei typiske spela samsvarar med grunntrekka i naturalistisk teater. Scene, kulissar, kostyme og spelstil er så ”autentiske” og tidsrette som råd er for å visa realismen og at hendingane har hendt ein gong i fortida.

Spelarena er på historiske plassar der handlinga/temaet er henta frå, som bygdetun, kyrkjer, gravhaugar, ved minnesmerke og ruiner. Eit mellomalderspel føregår gjerne på ein mellomaldergard med gamle bygningar, låve, stabbur og levande dyr. Mens eit bedriftsspel føregår i bedrifta, i gruver eller på verket. I vikingspela er det vanleg å bruka levande hestar, ”ekte” vikingskip, hjelmar og brynjer, sverd og skjold som symbol og ikon på den tida som ein gong var i vikingspela. I samband med dei store oppsettingane er det ofte bygd opp egne arenaer med amfi. Naturen er del av scenografien.

Skodespelarane i viking og mellomalderspela har gjerne arketypiske roller. Olav Haraldsson som i følgje Snorre var liten, raudlett og tjukk, blir framstilt som verdig, kongeleg og flott for å fungera som ein vikingkonge me kan tru på. Dei unge jentene er lyse, vakre og nordiske, og naturen er så godt som heilt urørt. I spel frå dansketida er folk kledde etter stilling og stand. Ofte viser dei bonden mot kongens menn, og dei har eit kritisk forhold til lensmann, prest og fut. I moderne spel kan det handla om motsettingsforholdet mellom arbeidsgjevarar og arbeidstakarar. I migrasjonspela handla det gjerne om konflikhtar mellom ulike folkegrupper.

Spela har preg av gjentaking, seremoni, ritual og fornying. Ritual og seremoni er viktig, fordi det forsterkar den etiske budskapet. Gjennom gjentaking får spela eit visst rituellet preg som kan minna om messene og seremoniane i kyrkjene. Det gjeld m. a. dåpen som blir gjentatt år etter år i *Stiklestadspelet*. Gjentakninga forsterkar den kristne budskapet.

Ritual er alltid blitt brukt av kyrkja for å forsterka den kristne trua, det kristne fellesskapet og minnet om dei heilage stadane. Dei historiske plassane er ikkje vanlegvis heilage i dag, men dei er psykologiske og mytiske plassar som ber i seg minner frå fortida. For spela er det derfor essensielt å setja opp spela akkurat der det skjedde, på Stiklestad, Moster og i Hafrsfjord. Tilknyting til staden gir det historiske spelet ein spesiell verdi som institusjonsteateret ikkje har.

Spelefrekvensen gir eit bilete om aktiviteten. Dei som blir gjentekne er gjerne spel som greier å marknadsføra seg i eit stort område og har stor publikumsoppslutning. Desse spelorganisasjonane har ein sterk nok organisasjon til å overleva under stadig skiftande vilkår.

Gjentaking og planar om gjentaking er eit av søknadskriteria frå Norsk Teaterråd. Eit aktivt spel blir gjentatt med visse mellomrom, mens eit passivt spel er eit sovande spel. Nokre

gonger kjem spela opp igjen, mens andre gonger er dei historie. Spelet blir rekna som aktivt dersom det er blitt sett opp to eller tre gonger, til dømes i 2005, 2006 og 2008 og har planar om å setja spelet opp igjen i 2009 eller 2010.⁹

Fakta eller fiksjon?

Det kan vera eit spørsmål om spela fortel ei levd historie, eller om historia er ein konstruksjon av fortida. Dei fleste spela handlar om historiske personar som har levd. Ein veit gjerne namnet på hovudpersonane, tid og stad. Andre gonger er hendingar kjende frå historiebøkene, men personane er fiktive. Dette gjeld til dømes spel om Svartedauden, der me veit lite om kven som døde, men meir om korleis dei døde og kva som hendte. I mellomalderspela veit me som regel namna på kongane og motstandarane hans.

Mange spel handlar om historiske personar, som til dømes Audun Hugleiksson som var kongen sin mann, Olav Geirstadalv som var småkongen i Gokstadhaugen og Olav Haraldsson som vart drepen på Stiklestad. I tilknytning til desse skildrar ein faktiske hendingar, historiske hendingar og epokar: Slaget på Stiklestad, Slaget om Hjørungavåg, *Karolinernes Hærtog i Tydal* eller på Røros. Arenaen er den lokale plassen der det skjedde. Her falt kongen, her blei hekse brent, her budde Olav Engelbretsson, og frå dette slottet vart han jaga under reformasjonen.

Spel har ein konstruert intrige med ein knute som skal løysast, og ei tradisjonell spaningskurve. Eller det er eit tablåspelet som presenterar historiske hendingar i ei kronologisk rekkefølge, utan konflikhtar eller intriger. Ofte er det ein kombinasjon av desse to formene.

Eg vil avgrensa friluftsspela, fordi dei er fiksjon med fiktive hendingar og fiktive personar. Forteljingane er heller ikkje knytt til ein lokal stad slik historiene i spela er. I grenselandet til dei historiske spela finn vi slike spel som *Peer Gynt* på Gålå i Gudbrandsdalen. Ibsen kan ha hatt ein modell til personane frå desse traktene som kan forsvare det historiske perspektivet.

Eg vil også avgrensa spelet frå eventyret, fordi eventyret er gyldig overalt og til alle tider. Eventyret gjer heller ikkje krav på å bli trudd slik historiske forteljingar og historiske segn gjer.¹⁰ Eg vil også avgrensa det frå nasjonale drama, fordi det ikkje er knytt til den lokale historia på den lokale plassen der spelet blir sett opp.

Historia gir inspirasjon til å laga narrative former som er konstruksjonar. Heltar og heltinner, historiske hendingar gir næring til glorifisering og dyrking av mytane. Historia blir skreve på nytt og på nytt og levar ofte sitt eige liv utanfor historiene. Ofte snakkar ein om eventyrgjeringa av historia. Jf. Maria Danielsen. Hendingane blir sterkare enn sjølve historia gjennom spela. Dette gjeld i stor grad for viking- og mellomalderspela som gjerne dyrkar

⁹ Isene 2008:2.

¹⁰ Fossum Havelid og Ugland 1994:21 og 26

myter og hendingar, og gjer hendingane større og viktigare enn dei ein gong var. Myta forsterkar seg sjølv. Viser her til Roland Barthes som forska i forsterkinga av myter i forteljningane. Dei nye sanningar kan bli ”sannare” og viktigare enn historia var, og dermed blir historia usann.¹¹ Eg kjem tilbake til dette i kapitlet om myte og spel, i del 2.

Finansiering

Spela blir finansiert av billettinntekter, sponsorar, kommunane, fylka, og statlege midlar og tippemilder fordelt gjennom Norsk Teaterråd. I tillegg blir det lagt ned mykje gratisarbeid av statistar, amatørar og frivillige. Dugnadsinnsatsen er heilt avgjerande for dei fleste spela.

Norsk Teaterråd forvaltar Spelfondet og Frifondet. Spela kan søkja støtte i desse fonda. I retningslinjer og rådleiinga til søknadsskjema – Historiske spel, skriv Norsk Teaterråd om målsettinga til ordninga:

”Spelene bidrar til å spre kjennskap til og interessen for scenekunst til regionene, og legge til rette for at amatører kan samarbeide med profesjonelle utøvere. Målet med teaterrådets ordning er å stimulere til økt spelaktivitet og å øke kvaliteten på de spelene som allerede eksisterer. Spelaktiviteten bør inngå som et ledd i å utvikle og styrke kulturaktiviteten og den lokale identiteten i lokalsamfunnet, øke turisme og/eller å drive næringsutvikling. Det er ønskelig at spelaktiviteten er inkluderende og gir rom for deltakelse fra alle grupper, spesielt blant annet barn og unge.”¹²

Det er mange detaljerte krav som skal oppfyllest for å få offentlig støtte frå staten. Dette sett krav til spela som institusjonsteatera ikkje har. Dette kan påverka kvaliteten og tematikken i dei ulike spela. Spesielt bør ein merka seg formuleringa om forholdet næring og kultur; Ordninga med støtte skal ”øke turisme og/eller å drive næringsutvikling”. Spela skal med andre ord verka salsfremjande for lokal næringsinteresse i lokalsamfunnet. Spela skal gjera bygda til reisemål. Dei skal også auke dei lokale aktivitetane, styrkja kulturen og styrkja den lokale aktiviteten i lokalsamfunnet. Norsk Kulturråd som tidlegare forvalta pengane som var til fordeling, la vekt på utvikling av det historiske spelet. Spelsjangeren skulle moderniserast og det skulle leggjast vekt på kvalitet og fornying. Dette står det ingenting om i søknadskriteria frå Norsk Teaterråd. Spela skal inkluderande for alle grupper i samfunnet. Barn og unge er nemnd spesielt. Frifondsmidlane skal gå til unge under 26 år. Ein tredjedel av aktørane skal vera under 26 år. Men heile familiar er målgruppa for spela. Dei har brei appell og brei oppslutting.

Norsk Teaterråd fordeler frå 2009 det statlege tilskottet til historiske spel/friluftsspel. Til og med 2008 var det Norsk Kulturråd som hadde denne oppgåva. Norsk teaterråd blei etablert i 1980 under namnet Norsk Amatørteater i Noreg. Teaterrådet hadde i 2007 16

¹¹ Barthes 1957

¹² Norsk Teaterråd 2009

medlemsorganisasjonar. Dei yte tenester til amatørteater, skuleverket, kulturskular og frie grupper ved utlån av manus og klarering av opphavsrettar. Teaterrådet er også ansvarleg for den nettbaserte Dramas.¹³

Det var 2,7 millionar til fordeling i følgje ei pressemelding frå Norsk Teaterråd i 2009. Det kom inn 73 søknadar som til saman søkte om 14 millionar kroner. Grunna det store spriket mellom det arrangørane søkjer og disponible midlar, gjorde Teaterrådet fleire avgrensingar. Mellom anna fekk alle som hadde fått midlar året før, avslag.¹⁴ Spel som var organisert som stiftingar slik mange spel er, fekk heller ikkje tilskott. Til samanlikning fekk *Stiklestadspelet* direkte over statsbudsjettet over 11 millionar kroner. Ca. 5.5 av dei var til spelet. Totalt har Stiklestad eit budsjett på mellom 70-80 millionar.¹⁵

Spela som søkte om støtte frå Norsk Teaterråd i 2009 er fordelt slik:¹⁶

Nord- Noreg : 3

Austlandet: 10

Sørlandet: 10

Vestlandet: 11

Innlandet: 13

Den regionsvise fordelinga

av historiske spel/ friluftsspel var i 2007 i følgje *Stortingsmeldinga, Bak Kulissene*:¹⁷

Austlandet 45 spel

Telemark og Sørlandet 19 spel

Vestlandet 27 spel

Trønderfylka 37 spel

Nord-Noreg 11 spel

Flest spel er det i Nord- Trøndelag (20), og Sør-Trøndelag (17). Mange spel blir sett opp på Vestlandet, spesielt har det vore i stor auke i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Dei siste åra er det komne mange spel på Austlandet, mens i Nord- Noreg er det relativt få spel samanlikna med resten av landet.. Spela er likevel jamnare fordelt i landet i dag, samanlikna med tidlegare.

¹³ *St.meld. nr (2007-2008) 32:67 Bak kulissene*

¹⁴ Norsk Teaterråd 2009 Websidene om avslag på søknad om støtte til spela.

¹⁵ Informant *Stiklestadspelet* ved nestleiar Per Steinar Raaen i Nettverket Historiske spel (NHS) i Oslo 30.10.09

¹⁶ Tal frå Trine Smestad i Norsk Teaterråd i 2009.

¹⁷ *St. meld.nr 32 (2007-2008):67 Bak kulissene*. Tale er henta frå Sigurd Ohrem frå 1997

Spela blir som regel sponsa av lokale bedrifter. Det kan vera lokale aviser, energiselskap, transportselskap, oljeselskap og bankar. Lokale sparebankar har gåvefond som dei delar ut til allmenntytige formål, og til fleire spel. Ofte satsar bankane på barn og unge fordi folk har stor lojalitet til bankane. Blir dei kunde som unge, blir dei ofte det resten av livet. Veldig få skiftar bank i Noreg i dag.

Private bedriftene og det offentlege ser det ofte som formålsteneleg å støtta den lokal idretten, kunsten og kulturen. Spela fungerer som omdøme- og merkevarebygging, og dei kan brukast til å byggja lokal identitet og til å styrkja turismen i område.

Det blir utarbeidd sponsoravtalar som forpliktar begge partar, bedrifter, kommunar og arrangørane av spelet. Avtalar går på bruk av logoar på plakatar, annonser og i programmet, fribillettar eller billettar til reduserte prisar. Bedriftene og det offentlege brukar også spela til representasjon, invitasjonar av samfunnskontaktar, kundar og tilsette. Det vil vera ulike behov for den enkelte private bedrift. Forhold som kan vera avgjerande for om dei vil delta kan vera:

- Viktig å delta i eit viktig prosjekt i regionen
- Det kan vera viktig å bli assosiert med kultur
- Dei tilsette får ta del i arrangementa
- Mogeleg å få leveransar eller andre forretningsavtalar
- Ingen av desse

Dei krava som spela skal fylla, kan påverka tematikken til å bli nasjonalromantisk, representativ, snill, og utan brodd og meining. Dette kjem eg tilbake til i del 2.

1.4. Inndeling i analysen

Kriterium – Tema

Spela blir grupperte etter kva tid, og etter tematikken. Tida er delt inn i tre tidsperiodar frå 1950 og til 2008.

Tematikken i spelet er det spelet handlar om. Tema blir presentert i presentasjonshefte, marknadsføringsmateriell, reklame, søknadar osv. . Nokre gonger har spela ein kort synopsis over kva det handlar om, ein salsplakat, mens andre gonger er det ein meir omfattande og detaljert presentasjon av handlinga i spelet. Spelet kan også ha ein meir eller mindre skjult budskap som kjem fram i scenografi, dansar, lys og lyd, fargar, men det er ikkje med i denne undersøkinga.

Spela er delt inn i ni forskjellige tema/kategoriar. Kategoriane er følgjande:

- 1 "Religion" handlar om trua. Ofte er det overgangen frå heidenskapen til kristendommen eller frå katolisismen til protestantismen. Somme spel handlar om kyrkjebygging, pilegrimsferd eller hekseprosessar. Spela har som formål å skapa religiøs identitet, men det kan også vera for å styrkja den nasjonale identiteten som til dømes i *Stiklestadspelet*.
- 2 "Rikssamling" har hovudvekta på det nasjonale i norrøn tid, samlinga av landet til eit rike under ein konge og den internasjonale kyrkja, samt konsolidering av makta. Her kjem også tida etter samlinga og borgarkrigane inn. Formålet er å styrkja den lokale og nasjonal identiteten. Spela tar som regel utgangspunkt i historiske slag på ein lokal stad som hadde historisk verdi for heile landet.
- 3 "Migrasjon" handlar om folk som drog og folk som kom, og konflikhtar som oppstod rundt migrasjonen. Dramaet kan skapa forståing for andre folkegrupper sin livssituasjon gjennom empati med rollefigurane.
- 4 "Samfunn" er spel som handlar om folk sitt liv til kvardag og fest. Desse spela er det ofte musea og skulane som står bak. Målgruppa er elevar i skulen, men også vaksne og eldre. Ofte er desse laga for å styrkja den lokale identitet og gje historiemedvit.
- 5 "Krigar og slag" er spel der krigen blir sjølv innhaldet i spelet. Målet er ikkje å skapa lokal identitet, men mest å dyrka krigen og det som skjedde. Spelet får ein antikvarisk verdi.
- 6 "Ulykker" er spel som skal fungera som minnesmerke over dei døde.
- 7 "Kvinner og menn som har utmerka seg" er individuelle tema, men dei har ein kollektiv funksjon og skal vera med på å styrkja den kollektive identiteten. Spela er ofte laga for å skapa ideal og forbilde for nye generasjonar.
- 8 "Ulike lagnadar" er spel som legg vekt på det individuelle, men funksjonen til spelet er å skapa kollektiv identitet.
- 9 "Andre tema" er som regel komediar, revyar og underhalding som tar utgangspunkt i historia. Men desse spela er mest laga for å underhalda publikum, ikkje nødvendigvis å skapa historiemedvit og identitet.

Kritikken mot ei slik inndeling kan vera at mange spel tilhøyrar fleire kategoriar. Men eg har vald den kategorien som ligg nærast opp til tematikken i spelet, sjølv om nokre spel kan passa inn i fleire grupper. Spel frå kristningskongane handlar ikkje berre om skifte av tru frå heidenskap til kristendommen. Dei handlar også om makt og maktkampar i norrøn tid.

Migrasjon kunne vore ei eiga gruppe, men dei kunne også plasserast under kategorien ”samfunn”.

Ad. kategorien 1 ”Religion”: Mange av vikingspela (også kalla for mellomalderpela) handlar om overgangen frå heidenskap til kristendommen. I 1985 kom *Kinnaspelet* som tok utgangspunkt i reformasjonen i 1537, overgangen frå katolsk til protestantisk trusretning. Hekseprosessane er frå 1600-talet, pilegrimferder før reformasjonen og salmediktaren Landstad og Olea Crøger frå 1800-talet.

Spela om hekseprosessane, eller også kalla ”heksespel”, handlar om kvinner som kom i konflikt med samfunnsnormene og vart drepne fordi dei blei oppfatta som å vera i pakt med Satan. Spela knytte an til dagsaktuelle spørsmål, om avvik frå samfunnsnormene i tida og kor vanskeleg og farleg det er å skilja seg ut. Desse spela viser ei kritisk haldning til kyrkja og samfunnet si rolle overfor enkeltindivid som ikkje høyrde til i fellesskapet.

Dei mistenkte gjekk gjennom mange ulike prøvar, vektprøve, tåreprøve, nåleprøve og vassprøve for å avsløra om dei stod i pakt med djevelen. Mange tilstod under tortur at dei flaug på sopelime og/eller at dei kunne trolla slik at folk og dyr kom til skade. I vassprøva blei dei bundne på hender og føter, før dei blei kasta i vatnet. Flaut dei, var dei skuldige. Drukna dei, var dei uskuldelege og fekk sin plass i himmelen. Vatnet blei oppfatta som Gud sitt heilage dåpsvatn, og ville støyta frå seg dei syndige - derfor ville heksene flyta, trudde dei. Dei som flaut, slik alle i Finnmark gjorde, blei brende på bålet. Det vonde skulle utslettast i flammene for at djevelen ikkje skulle kunna bruka kroppen deira etter at dei var døde, derfor blei dei brende. Fenomenet hekseprosessar er forankra i norsk og europisk historie, og gjeld både den protestantiske og den katolske kyrkja. 80% av dei som var tiltalt var kvinner, mens 20% var menn. I Noreg blei 307 menneskje dømde til døden for hekseri, heile 92 av desse i Finnmark.¹⁸

Ad. kategori 2 ”Rikssamlinga”: Første fase i rikssamlingsprosessane vart avslutta med at Harald vann slaget i Hafrsfjord i ca. 872. Men landet vart ikkje samla under ein konge og den internasjonale kyrkja før ca 1030. I mange av desse spela møtar ein dei gamle norrøne kongane. Dei handlar om legendariske slag som er kjende frå sagalitteraturen, døme er i Hafrsfjord og Hjørungavåg.¹⁹ Tema er henta frå heile den norrøne perioden. (750-1300)

Ad, kategorien 3: ”Migrasjon” er skild ut som eige tema, sjølv om dette også kan setjast inn under kategorien ”samfunn”. Spela tar utgangspunkt i større befolkningsgrupper som flyttar frå ein stad til ein annan. Dei tar ofte opp kva konsekvensar dette hadde for samfunnet og det einskilde menneske. Og dei tar for seg konfliktar som kan oppstå når ulike folkegrupper møtar kvarandre, kvæn nordmann, same kvæn, nordmann same osv.. Spela handla om folk som flytta

¹⁸ Bøe 2007:78-87

¹⁹ Bøe 2006

til Finnmark, frå Finland, frå Sør-Noreg til Nord- Noreg, eller dei utvandra til Amerika. Konflikten var mellom dei som ville dra til Amerika og dei som blei igjen her i landet. Jf. Maria Danielsen som drøftar konflikt og migrasjon i si hovudoppgåve.²⁰

Ad. kategori 4: "Samfunn": Spela tar ofte utgangspunkt i den lokale historia. Det pedagogiske og historiedidaktiske er som regel det viktigaste motivet for å setja opp spel som skildrar korleis folk levde før til kvardag og fest. Dei vil visa korleis ting "var" før i tida så objektivt som mogeleg for at folk skal læra av fortida og kunna orientera seg i liva sine. Men spela kan også vera reine intrigespel med eit plott og ei klassisk spaningskurve. Desse spela er delt opp i underkategoriar: Generelle samfunnsforhold, land- og byspel, arbeid og arbeidsprosessar og kampen for betre økonomiske og sosiale kår.

Ad. kategori 5: Kategorien "Krigar og slag" var deltema under kategorien "religion" og "rikssamlinga". Men etter 1990 blir "krigar og slag" eit sjølvstendig tema fordi det er mest underhaldning, spaning og fart. Faren er at spelet blir tømt for innhald. Dramatikken kan blir viktigare enn historia. Krigane kan lett få berre ein antikvarisk verdi.

Ad. kategori 6: "Ulykker" er ny tematikk frå 1990-2008. Desse spela fungerer som minnesmerke over dei døde, men det kan også vera samfunnskritikk. Det er berre to spel i denne kategorien. Det er derfor mest som historiske fenomen dei er interessante. Det eine er sterkt kritisk til kyrkja, mens det andre fungerer som eit minnesmerke over dei døde.

Ad. kategori 7: "Kvinner og menn som har utmerka seg" omfattar spel som handlar om enkeltindivid som har gjort noko for samfunnet, og som har utmerka seg på ulike vis. Vanlegvis er dette på ein positiv måte, og blir brukt som ideal for nye generasjonar til etterfølging. Døme er spel om *Abraham Fjelli*. Desse spela har gjerne ein fredsbodskap til unge i dag. Eg kjem tilbake til dette i del 2.

Ad. kategori 8. "Ulike lagnadar" handlar om menneskje som har levd, og som det går ille med i livet, av ulike grunnar. *Maren dømt til døden* handlar om ei kvinne som blei dømt til døden for å ha drepe mannen sin på 1800-talet. Eit anna handla om ein kjent spelemann som vart storforbrytar og leia ein bande på 8 til 10 mann på 1800-talet. Også heksespela kan reknast med i denne gruppa, men dei er no plassert under "religion" fordi dei er så nær knytt til kyrkja i mellomalderen, med sterk Gudstru og Guds frykt.

Ad. kategorien 9 "Andre tema" kan vera mange ulike tema. Det vanlegaste er komedie og revyar. Desse forteljingane er ikkje så opptatt av historieforteljinga, men er meir opptatt av å underhalda publikum.

²⁰ Danielsen 1997:14-31

Eit "Ikkje - tema" er til dømes spel om andre verdskrig. Med få unntak er det ikkje spel om krigen, frontsoldatane, kommunistane eller tyskartøsene, Quisling eller Rinnan. Det er likevel to spel, eit av desse er i Seljord.

Det er også få spel frå historiske epokar der det skjer lite dramatikk. Til dømes er det ikkje noko spel om Olav Kyrre eller Magnus Lagabøtar sjølv om dei var viktige kongar som regjerte lenge. Grunnen er truleg at dei levde eit rolig liv. Olav Kyrre regjerte i 30 år, men fekk berre 1/2 side hjå Snorre. Mens Olav Trygvason regjerte i 5 år og fekk masse plass. Olav Haraldsson regjerte i 15 år, og det blei laga svært mange spel om han og det som skjedde, fordi det var eit brytingstid i Noreg, og fordi det så tett er knytt opp til vår nasjonale historie.

Tidsepokar

Spela er delt inn i periodar etter kva tid spela hadde urpremiere. I litteraturen delar ein gjerne opp i tiårs intervall, 1950-åra, 1960-åra, 1970-åra, osv. Men eg har vald å dela dei inn i tjuårsbolkar. Det vil gje ei betre oversikt, og samla dei i større grupper. Der det har skjedd endringar i løpet av tidsepoken vil eg prøva å gå nærare inn på det.

Den første perioden, 1950 og 1960-talet vart kalla for "Etterkrigslitteratur" i litteraturhistoria (1945 og fram til 1970). Dei som skreiv då hadde levd under krigen, og litteraturen var prega av det.²¹ Det første historiske spelet, Spelet om *Heilag Olav- Stiklestadspelet* (1954), kom i denne perioden. Alle spela frå denne perioden var sagaspel som henta handlingane frå tida med dei store kristningskongane.

I periode 2, frå 1970, kom det ei endring. Forfattarane hadde fått krigen på avstand og nye tema dukka opp både i litteraturen og i spela. Tematikken byrja variera meir. Dei første verdslege spela kom i den perioden.. Eg kjem nærare inn på dette i del 2, der eg vil presentera desse spela nærare.

Lokalt, midtsone og nasjonale kriterium

Dei nasjonale spela er dei "store" kollektive forteljingane om landet, nasjonen og verda. Kategoriane "rikssamling" og "religion" er typiske døme på det. I motsett retning er lokale spel som regel berre er opptatt av det nære og kjente, og som ser lite ut over det. Døme er reine revyar. Det som er *mellom* dette kallar eg *midtsone*. Desse spela formidlar lokale historier som er knytt til nasjonal tematikk. "Migrasjon" er døme her. Dei fortel ei historie om folk som til dømes vil flytta frå Gudbrandsdalen. Men tema er nasjonalt og ikkje berre lokalt. Temaet er felles for heile landet fordi det fekk store konsekvensar når så mane emigrerte frå landet på 1800-talet.

²¹ Fossum Havnelid og Ugland:1994

Dei lokale spela er først og fremst knytte til det lokale miljøet. Funksjonen er å mora folk og få folk ut av stovene. Som regel har ikkje desse spela så stor historisk verdi for landet som spel med handling henta frå religion og rikssamling.

1.5. Kollektive forteljingar, historiemedvit, identitet og narrativ kompetanse

Spela er ei narrativ forteljing om fortida, som er konstruert. Gjennom empati med rollene som blir formidla kan ein leva seg inn i historia, og dette kan styrkja identiteten og gje historiemedvit.

Interessa for den narrative forteljinga har vore stigande i historiedidaktikken sidan 1970-åra. Formålet med historiefremidlinga er å styrkja historiemedvit og identiteten. Historiemedvit er eit relativt nytt ord som er kome inn i historiefremidlinga dei siste åra. Historiemedvit er nøkkelomgrep i historiedidaktikken frå slutten av 1960-talet i Vest-Tyskland og Danmark. På 1980- og 1990-talet bygde det seg opp eit fagmiljø i Danmark med mellom anna Bernhard Eric Jensen. Han set ikkje likskapsteikn mellom historie og fortid, men forstår det som ein prosess, som omfattar fortid, notid og framtid. Det er dette som dannar utgangspunktet til omgrepet historiemedvit.²² Ernst Jeismann sin definisjon av omgrepet er at historiemedvit omfattar samanhengen mellom fortidsfortolking, samtidsforståing og framtidsperspektiv.²³ I forteljingane er notida omdreingspunktet mellom tidene og det gir meining fordi det er fysisk til stades her og no.²⁴

Eit sentralt kjenneteikn på ei forteljing er at den har ei byrjing, eit midtpunkt og ein slutt. Jörn Rüsen utvikla ein tankegong mellom samanhengen mellom historiemedvit og forteljinga. Forteljinga skapar meining i tid ved å framstilla hendingar i ein samheng mellom tidene. Ved å nytta ”historisk meining” som nøkkelord, synar han korleis hendingar og handlingane blir til endring og kontinuitet, som det er mogeleg å leva seg inn i. Forteljinga kan dermed skape ein heilskap i tilværet. Gjennom forteljinga i eit historisk spel til dømes, kan folk sjå korleis fortida ”var” og på den måten sjå seg sjølv i ein tidssamheng.²⁵

Historiemedvit inngår som eit element i menneska sin individuelle og kollektive identitet. Det latinske ordet ”identitas” har si rot i ”idem” som betyr einsarta, det same. Menneske blir det same i psykologisk og juridisk forstand, sjølv om det forandrar seg. Identitet handlar først og fremst om kven me er og kva me står for. Identiteten er med oss heile tida, men den endrar seg så lenge me lever. Gjennom identiteten skapast det kontinuitet og samheng i tid og rom.

²² Jensen 2000:5,6

²³ Jensen som viser til ein definisjon av Ernst Jeisman 2006:58

²⁴ Knutsen 2006:24

²⁵ Bøe 2002:324

Dette skjer m.a. ved fortolking av fortida i notida, slik at ein kan forma framtida, hevdar Bernhard Eric Jensen i artikkelen ”Historiebevidshed og historie – hvad er det?”.²⁶

Individuell identitet kan ein forstå som ei oppleving av å forstå seg sjølv og dei andre, som ”dei same” over tid og i ulike sosiale samanhengar. Dette omgrepet kjem frå psykoanalysen. I dag ser ein på utviklinga av identiteten som blanding av det psykologiske, historiske og det sosiokulturelle. Identitetar blir eit produkt mellom sjølvet og samfunnet, skriv Jan Bjarne Bøe i sin definisjon av identitet.²⁷

Historiske spel har som mål å styrkja den kollektive identiteten. Det kan vera arenaidentitet, lokal identitet, nasjonal identitet, arbeidaridentitet eller den religiøse identiteten. Og spela kan appellera til den individuelle identiteten til det enkelte menneske, slik at dei kan få eit betre liv.

Mange nasjonalromantiske spel appellerar til vår nasjonale identitet slik at me blir medvitne om oss sjølve som nordmenn. Nasjonal identitet er vanskelegare å definera. Den blir brukt i ideen om folkesjela, historiske røter og kulturen. Identiteten blir danna gjennom ei rekkje speilingar, både positive og negative. Gjennom speilingane kan ein forstå seg sjølv som del av eit slags fellesskap - eit førestilt fellesskap. Omgrepet er utvikla av Benedict Anderson, og er ein kritikk av den tradisjonelle oppfattinga av det nasjonale fellesskapet, nasjonalismen. Her oppfattast fellesskapet som ein fast storleik i ideen om folkesjela, dei historiske røtene, kulturen, og vi opplevar at folk lever omtrent slik som oss, og har dei same verdiane. Dette kallar han eit førestilt fellesskap, eit fellesskap som kanskje ikkje er reelt.²⁸ Det førestilte fellesskapet kan gjerne handla om eit lokalt eller eit regionalt fellesskap som er førestilt.

1.6. Litteraturen på feltet

Gunnerud, Kristoffersen og Aas var dei første som skreiv om historiske spel i ei prosjektoppgåve om historiske spel. Oppgåva vart laga på Telemark Distriktshøgskule i 1992. Dei hadde ein gjennomgong på spela reint dramaturgisk og dei tok også for seg politiske og økonomiske vilkår for spelet, av lokal og nasjonal karakter.²⁹

Hovudoppgåva til Kari Vågen og Maria Danielsen i teatervitskap ved Institutt for musikk og teater ved Universitetet i Oslo, var eit pionerarbeid når det gjeld kartlegging av spel i Noreg fram til 1995. Kari Vågen laga ein komplett oversikt over alle spel i landet basert på ei spørjeundersøking. Den største innvendinga mot oversiktane i oppgåva til Vågen er at det var

²⁶ Jensen 2000:7

²⁷ Bøe 2002:317

²⁸ Anderson 1996:19

²⁹ Danielsen 1997:5 som viser til denne oppgåva.

ei stor mengde ueinsarta materiale som blei registrert som spel. Kva som var eit historisk spel var ikkje klart definerte på forehand. Kommunane stod dermed temmeleg fritt til å definera kva som var historiske spel, og andre friluftsspel. Registreringa blei dermed nokså unyansert og unøyaktig. Dette er ei av årsakene til at mykje at dette materiale er mest ubrukeleg i dag. Dessutan er berre nokre få av desse spela framleis aktive. Det har også gått fjorten år og mykje nytt er skjedd med spela sidan den gongen. Vågen har heller ikkje tatt med spel med tema etter 2. verdskrig, og dermed blir spel om t.d. sagatida overrepresentert i forhold til moderne tid. Dette kjem eg tilbake til i del 2.

I *Spillet om stedet. Historiske spel i Noreg* (2005) av Sigurd Ohrem fortsette han registreringsarbeidet som Vågen starta fram til 2005 og ny status i *St.meld. nr 32. Bak Kulissene*, som baserar seg på tala til Ohrem fram til 2007.

Spelhandboka starta med å planleggja ei oppdatert handbok for friluftsspel/historiske spel i 2001. Dette var et nasjonalt tiltak som blei administrert av Sør-Trøndelag Teaterverksted. Nettstaden er no under vidareutvikling i samarbeid med Nettverket Historiske Spel og Norsk teaterråd.

Prosjektet (2001-2004) blei administrert av STV og med Ingeborg Eliassen, Idar Lind og Egil Johansen som redaksjon, og med økonomisk støtte frå Norsk kulturråd, Kulturnett Norge, Norske Dramatikeres Forbund, Norsk skuespillerforbund, NOPA og Sør-Trøndelag fylkeskommune. Forprosjektet blir formelt avslutta 30.06.2004.

Nettstaden blei frå 2004 vedlikeholt av Sør-Trøndelag Teaterverksted. Nye artiklar blir skrivne og oppdatert. *Norsk spelkalender* er ein sentral del av nettstaden. Spelkalender er den mest komplette oversikt over historiske spel og friluftsspel, som har vore tilgjengeleg. Den blir oppdatert i samarbeid mellom redaksjonen, Norsk Teaterråd og arrangørane. I juni 2006 arrangerte Teaterverkstedet i samarbeid med Sør-Trøndelag fylkeskommune, et landsomfattande spelseminar, der det vart satt ned eit interimstyre for det som seinare blei til Nettverket Historiske Spel (NHS).³⁰

I artikkelen i *Spelhandboka*, "Kjeppar i hjula eller føde for nasjonen? - Om eksplosjonen av historiske spel"(1997), skreiv Anne-Britt Gran ved Institutt for kommunikasjon - kultur og språk på Handelshøgskulen BI, om forholdet mellom det lokale og det nasjonale i spela. Ho var tidlegare tilsett ved Institutt for musikk og teater ved UiO. Under overskifta: "Dei historiske spela ser ut til å styrkje den lokale identiteten. Samtidig kjempar nasjonen mot regionalisering og internasjonalisering", knytte ho framveksten av spela saman med tankar frå antropologen Jonathan Friedmann. Han brukar omgrepet *modernitetens implosjon* om

³⁰ Lind 2000

utviklinga.³¹ Lokalsamfunnet set inn mottiltak for å motverka internasjonalisering og nasjonaliseringstendensar når dei kjennar seg truga av utviklinga. Gran viser også til sosiologen Anthony D. Smith, som hevdar at i prosessen med internasjonaliseringa tyr dei nasjonale kreftene til ei symbolsk krigføring og konkurranse seg i mellom, til dømes med OL, festivalar, framsyning av dei nasjonale klassikarane og representative bygningar. Dette er eit middel til konstruksjon av ein ny nasjonal identitet, meiner ho.³² Men verda blir meir og meir global gjennom moderne media, informasjonsteknologi, og kapitalismens måtar å verka på. Det skjer ei tilsvarende styrking av dei lokale identitetane for å motverka internasjonalsering.³³

Gran tek også for seg ulike tilnærmingar til det nasjonale og regionale: Ho delar det i tre delar: a) *Nasjonal krigføring* handlar om den primitive nasjonalismen. Dei innfødde er med på utvikle eit regionalt medvit og ein identitet som er sterkare enn den nasjonalt statsinitierte. Ho ser opprustninga av dei sentrale institusjonane Nasjonalteateret og Den Nasjonale Scene som eit mottrekk for å motverka den regionale identitetsproduksjonen dei siste åra. Staten kjempar mot to ting: kampen mot regionane og kampen mot internasjonalisering. b) *Nasjonal eksotisme*. Dette er ein måte å ufarleggjera den nasjonale krigføringa på. Nasjonale ”oppkjøp” av lokale spel til framsyning for politikarar og utanlandske investorar kan truga det regionale. Oljebransjen har brukt det eksotiske Noreg for å profilera seg. I 1990 kjøpte Britisk Petroleum heile *Hafsrfsjordspelet* av Åse Marie Nesse for å markera opninga av oljefeltet Gyda. Kronprinsparet, forretningskontaktar, gjester frå England og Japan, og ei rekkje representantar frå det offentlege, var til stades i ei lukka framsyning på Sola Kulturhus. Det å syna fram eit representativt og /eller eksotisk Noreg og å fremja eksporten, kallar Gran her for ”representasjonisme”.³⁴ c) *Nasjonal kannibalisme*. Staten Noreg fortærar dei lokale spela i sitt eige nasjonale ritual der måten er å skapa sin eigen nasjonale identitet. *Mostraspelet blei brukt i* feiringa av tusenårsskifte. Spelet blei gjort om til noregshistorie, der det lokale blir borte. Det tek staden frå dei lokale spela, og den lokale staden blir ein norsk stad.

Gran har skreve boka *Kultursponsing* (2007) som ei bok om kultur og sponning. Ho tar for seg spørsmål om kva motiv bedriftene har for å sponsa kulturen. Kva dei vil oppnå med sponning osv. . Ho sette fokus på sponning som marknadsstrategi. Boka er retta til aktørane i i kultur- Noreg: festivalar, museum, kunstnarar, studentar og marknadsførarar.

Jon Nygaard frå Universitetet i Oslo har skreve artikkelen *Lokale spel- egenart og betydning i Spelhandboka*.³⁵ Han meiner at dei lokale spela kan ein lett sjå som uttrykk for ein romantisk

³¹ Gran 1997/2008:1

³² Gran 1997/2008: 3 som viser til Anthony D. Smith.

³³ Gran 1997/2008:1-6

³⁴ Gran 1997/2008:4

³⁵ Nygaard 2008:1-4

lengsel etter lokal tradisjon og identitet eller å forklare publikumsinteresse med den enkle gleden av å sjå familie, venner og kjente personar i lokalmiljøet som skodespelarar. Desse forklaringane er ikkje er så opplagte. Kvifor kan dei historiske spela ha interesse også for dei som ikkje kjenner den lokale staden og det lokale samfunnet? Mange stader er det fire gonger meir folk som kjem utanfrå enn folk frå nærmiljøet. Forklaring meiner han at ein kan finna i: 1) Amatørane tilfører viktige kvalitetar til spela. 2) Utedørspel utspelar seg i eit landskap, og spelet og staden er attraksjonar som får kunstnarlege konsekvensar og gir spelet heilt spesielle kvalitetar. 3) Plassane er mytiske kultplassar. Kanskje spela er uttrykk for eit rituelt opphav ein ikkje lenger hugsar? spør han. Mange spel blir vist på gamle kultplassar og gjerne på spesielle tidspunkt på året som til dømes *Stiklestadspelet* som alltid blir vist Olsok. Etne, Moster, Stiklestad og Sokndal har alle ein lang og svært gamal tradisjon som møteplass og kultplass.

Kjellfrid Meland har skreve ei doktoravhandling i 2002 om læring i *Mostraspelet* på Bømlo. Hennes fokus har vore på kva elevar i grunnskulen lærar av spelet. Utgangspunktet for undersøkinga var spørsmål om i kva grad barna opplevde kulturskifte i Noreg ca. 950-1050, som eit fruktbart møte. Ho har intervjuet elevar i 6. klasse om spelet, og tolka teikningar som elevane har laga over spelet. Hennes konklusjon er at elevane lærte om vikingtida ved å sjå spelet. Elevane forstod at spelet handlar om møte mellom den norrøne trua og kristendommen. Den største utfordringa låg i møte mellom innleving, kunnskap og refleksjon, hevdar ho.³⁶

Folkeopplysningas dialektikk, Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteateret 1890-1940 (1990) av Jostein Gripsrud gir eit historisk oversyn av det nynorske amatørteateret og det nynorske teateret og set det inn i ein historisk samanheng. Han knytte utviklinga til nasjonalromantikken, språket, Ivar Aasen og folkeopplysingsarbeidet i landet.³⁷

Jan Bjarne Bøe, Bernhard Eric Jensen, og Jörn Rüsen har vore opptatt av bruken av forteljinga i historieformidlinga. Jensen som er ein stor kapasitet i Norden innan historiedidaktikken har skreve fleire bøker innan historiedidaktikken om bruk av historia. Spesielt har han vore opptatt av historiebruk og forståing av tida, notid, fortid og framtid, og samanhengen mellom desse tidene.

Bøe skriv i boka *Å lese fortiden. Historiebruk og historiedidaktikk* (2006) om bruk, brukar, ikkje – bruk og funksjon.. Han tar utgangspunkt i det offentlege og bedriftene si bruk av historia. Boka har vore nyttig for å kunna tilnærma meg denne oppgåva om historiebruk teoretisk og praktisk. Han har overlevert omgrep og forståing som eg kan bruka som instrument til å jobba med historiebruk. Det har også vore nyttige å sjå korleis ulike

³⁶ Meland 2002:341

³⁷ Gripsrud 1990:89

undersøkingar er blitt gjort av bruk av vikingen, skulpturar i Stavanger, minnesmerkar og merkevarer.

Peter Aronsson skriv i *Historiebruk – att använda det förflutna* (2004) om korleis ein kan bruka fortida for å skapa kunnskap. Kva historie fortel musea? Og korleis påverkar historieforteljingar samfunnet, spør han. Han ser på korleis historia blir brukt i ulike delar av historiekulturen - på institusjonane, eller under politiske, kommersielle og eksistensielle vilkår.

Det har tidlegare ikkje vore skreve nokon masteroppgåve i historiedidaktikk om utviklinga av dei historiske spela i Noreg. Det er derfor ei utfordring å skriva om spela. Eg håpar eg kan tilføra faget noko nytt.

1.7. Metode og empiri

Materialet til oppgåva har eg henta frå hovudoppgåvene til Kari Vågen og Maria Danielsen fram til 1995. Frå 1995-2005 har eg henta informasjon frå boka til Sigurd Ohrem frå 2005. I tillegg har eg fått opplysingar får den nettbaserte *Spelhandboka* som Idar Lind er redaktør for. I tillegg har eg innhenta katalogar, presentasjonar, program og websidene til spela. Sjå lista bak over katalogar/program. Eg har også fått oppdatert listene frå 2005 til og med 2008 av Oddvar Isene. I tillegg har eg oktober 2009 gjennom Nettverket Historiske Spel, ei kort undersøking bland medlemmene for å sikra at informasjonen er mest mogleg oppdatert. Eg stilte spørsmål om tittel, forfattar, premiere, arrangør, spelstad og handling. Eg har også brukt andre informantar. Som deltakar i Nettverket Historiske Spel (NHS) og dagleg leiar og styreleiar for eit spel har eg eit stort nettverk å spela på, når eg treng informasjon. Mellom anna har eg deltatt på tre seminar i NHS i 2008 og 2009.

Ei utfordring med undersøkinga er at spelfloraen er så mangearta og samansatt at det er vanskeleg å telja og klassifisera spela. Det fins ikkje ein lett måte å telja konsekvent på. Til dømes *Siljanspelet* er to ulike spel, men blir ofte rekna som eit spel. *Maridalspillet* er tre forskjellige historiske spel av sama forfattar. Hallingdal folkemuseum sette opp både *Jenta i Staveloftet* (2001) og *Emigrantspelet* (2003). Tema i desse to spela er forskjellige og spela er sett inn i forskjellig tid. Eiketunet Museum med *St. Hansspillene* på Gjøvik, arrangerar tre ulike spel frå tre ulike tidsperiodar. Og *Herregårdspela* er heile sju forskjellige spel. Det er spesielt musea som driv slik, men det gjeld også andre spelorganisasjonar.

Eg har gjort nokre avgrensingar i det registrerte talmaterialet. Eg har skild ut fleire friluftsspel og eventyr frå dei historiske spela, fordi dei ikkje er knytte til historia på dei lokale stadane dei blir sett opp. Men her er glidande overgongar og fleire grensetilfelle, derfor har eg

vald å ta nokre med. Eg har til dømes vald å ikkje ta med teaterstykket av Torbjørn Egner, Henrik Ibsen og Shakespeare.

Eg har og valt å ta med historiske spel som berre er blitt oppført ein gong, og tek ikkje for meg kor mange framsyningar kvart historiske spel har hatt.

Ein må vera merksam på at mange spel har to titlar, ein hovudtittel og ein undertittel. Det kan vera vanskeleg nokre gonger å skilja kva som er spel, og kva som er spelorganisasjon. Somme tidar har organisasjonen det same namnet som spelet, andre gonger er det forskjellige titlar på spelet og organisasjon.

Eg brukar først og fremst spela sin eigen presentasjon/synopsis av seg sjølv. Det er eit problem at spela omtaler seg subjektivt og kan gjera seg større og viktigare enn dei faktisk er, for å selja billetter. Måla kan vera høge, og tema kan verka interessante, men det er ikkje alltid løyst slik at dei fungerer som ei narrativ historieforteljing. Til dømes kan ei lita førestilling på eit museum eller ein skule, bli presentert som ei stor og viktig iscenesetting over eit historisk tema.

Eit problem med å klassifisera spela er å skilja ut små og useriøse spel, drama i skulen eller på lokale klubbar. Eg måtte bruka skjønn her. Opplysingane som eg har fått, kjem frå arrangørane, og dei kan vera mangelfulle og unøyaktige, og dei er ikkje alltid like objektive. Dei vil alltid bli farga av informanten. Dersom spela ikkje er kjende i spelmiljøet, eller ikkje tilgjengeleg på nettet for registrering, kan det vera vanskeleg å få dei med i registreringa.

I denne undersøkinga har eg gått breidt ut, meir enn i djupet. Grunnen er at det er skriva lite om spel tidlegare ut frå eit historiske og historiedidaktiske perspektiv. Eg fann det derfor nødvendig å forklara og eksemplifiserast slik at ein kan forstå kva eit spel er, og korleis det blir brukt tidlegare.

Tittelen på oppgåva er "Utviklinga av historiske spel i Noreg". Eg er derfor mest opptatt av tendensar i tida, meir enn detaljane om og rundt spela. Men eg har vald ut spel som er representative, og som eg meiner visar ei utvikling over tid. Det viktigast har vore å telja, kategorisera og å finna samanhengar. Ei meir djupare forsking på utvalde spel kan gjerast i ei ny oppgåve på grunnlag av dette arbeidet som eg har gjort her.

Det er tatt med svært mange spel i kvar kategori. Det kan synast unødvendig, men eg har ønska å gjera ei grundig undersøking frå botnen av. Det er sett inn spela i oversiktskjema i dei forskjellige periodane. Dette har vore nødvendig å få oversikten, og for å kunne samanlikna og gruppera. Undersøkinga skal vera open og transparent, slik at andre kan få innsikt og kunnskap om utviklinga.

DEL 2

2.0. Historiske spel som tema

Det blei ikkje gjort eit systematisk registreringsarbeid i den første og andre perioden. Kari Vågen laga i ettertid den første oversikten over spel i landet, i 1995. Det kan derfor vera vanskeleg å vita kor mange spel det faktisk var i dei to periodane frå 1950 til 1990. Sannsynlegvis har det vore mange fleire spel som er forsvunne. Nokre få spel i oversikten til Vågen er framleis aktive, nokre spel har sett spor etter seg, mens andre er gløymde. Dei som ein gjerne hugsar, er spel skrivne av kjende forfattarar, knytt til festivalar eller spel som er aktive i dag.

Eg har registret fem spel i den første perioden. Alle er frå norrøn tid. Eg har plassert alle under kategorien religion, fordi dei tar utgangspunkt i epokeskifte, vikingtid og mellomaldertid, og dette er knytt til skifte av religion.

2.1. PERIODE 1 (1950 og 1960-talet)

Oversikt over spel i første periode 1950 og 1960-talet:

Kategori 1. Religion:

Spelet om Heilag Olav- Stiklestadspelet (1954)

Spelet er skreve av Olav Gullvåg (1985-1961) og musikken er komponert av Paul Okkenhaug. *Nattrast på Sul* var første namnet på spelet. Spelet har også vore kalle *Føre slaget*, og *Olavsbilde*.

Spelet blei sett opp for første gong i 1954, og frå 1961 er det blitt sett opp årleg. 15 profesjonelle skodespelarar deltar og rundt 500 aktørar deltar på og bak scenen. Det er over 5500 sitjeplassar i det som blir rekna som Nordens største friluftsscene. Rundt 22 000 ser spelet kvart år. I 2009 rekna ein med at til saman ca. 750 000 hadde sett dette spelet sidan urpremieren.

Spelarenaen var ikkje langt frå plassen der Olav falt i 1030. Kongen vart kanonisert etter sin død og leivningane blei plassert i Nidarosdomen. Hendingane i spelet er knytt til det som skjedde før og etter slaget på *Stiklestad*. Spelet skildrar brytningstida rundt slaget, som markerar overgangen frå vikingtid til mellomalder. *Olavsstatua* og den katolske St.

Olavskyrkja skapar rama for spelet.³⁸ Spelet blir vist ikkje langt frå der Olav falt, noko som gir stykket ein viss mytisk dimensjon. Spelet er i nasjonalromantisk stil. Det kan lesast og forståast på fleire måtar, og det forandrar seg frå år til år.

Hovudkonflikten på garden Sul er mellom heidendom og kristendom. Den gamle gudstrua står opp i mot den nye. Folk har angst og redsle for det nye i tida. Det er krigen som er den politiske konflikten: Kjempa med eller gå i mot, gå med Kalv eller gå med kongen.

Handlinga er at Olav kjem til garden Sul. Torgeir Flekk, husbonden på garden, er ikkje interessert i å støtta saka til Olav, mens den blinde Gamal-Jostein er for den gamle trua. Men Olav Haraldsson overtydar folket på garden at Kvite – Krist har si eiga kraft. Eit vanskapt barn blir lagt i skogen for å døy. Barnets eldre søster, Gudrun, mistar forstanden på grunn av dette. I denne situasjonen kom Olav for å halda natrast på Sul før slaget på Stiklestad. Som helgen løysar han problemet på garden. Folk får tilgjeving for sine synder og Jostein får synet tilbake etter at han har fått kontakt med blodet til Olav.³⁹

Lensmann Jon Sul var initiativtakar til spelet. Sul kontakta Gullvåg og Okkenhaug og presenterte idéen om å få til eit grensestemne på Sul like etter krigen. I slutten av 1952 låg det føre eit manus, *Føre slaget*.⁴⁰ I staden for eit teaterstykke til grensestemna, kom det første historiske spelet til olsok 29. juli 1954 på Stiklestad.

Sul arbeidde i mange år med å få fortald historia. Om årsakene til at han ville fortelja om kristninga av landet er vanskeleg å vita. Det var truleg ei blanding av at han ville gjera den lokale historia kjent for resten av landet, og at han ville fortelja om kristning av landet fordi dette fortel om vår kristne kulturarv. Under krigen var han motstandsmann.⁴¹ Om dette kan ha vore ein av grunnane til at han sette opp eit nasjonalt spel er vanskeleg å vita, men det kan ha vore ei av årsakene. Men blir berre spekulasjonar å seia mykje om det.

Olav Haraldsson blei i mellomalderen feira som ein av dei viktigaste helgenane, og valfarten til Nidaros og Stiklestad var stor. Desse pilegrimsferdene tok slutt ved innføringa av reformasjonen på 1500-talet. Det var først på slutten av 1800-talet at Olavsfeiringa blei aktuell igjen. Ikkje minst på grunn av Trondheim sitt 900-årsjubileum i 1897. Ei stor feiring blei det også i 1930 både på Stiklestad og i Trondheim som den gongen vart kalla Nidaros. Dei feira den gongen 900 år etter Olav sin død. Under krigen hadde Nasjonal Samling sine riksmøte lagt til olsok på Stiklestad, Partiet reiste ein bauta på staden. I 1945 var det olsokstemne nedanfor

³⁸ Websidene til *Stiklestadspelet*.

³⁹ Danielsen 1997:16

⁴⁰ Spelet om Heilag Olav, programmet 2009:12

⁴¹ Kjelde: Svein J. Svensson styreleiar for Norsk Teaterråd i samtale på seminar i Trondheim i Nettverk forhistoriske spel 30. mars 2009. Han var tidlegare frivillig i *Stiklestadspelet*.

Olavsstøtta. Og i 1950 var det stort stemne, 800-årsjubileum for Stiklestad kyrkje. I 1954 blei *Føre slaget* som seinare blei til *Spelet om Heilag Olav* vist for første gong.⁴²

At spelet blir rekna som eit nasjonalt spel med ein nasjonal tematikk viser talen til ordføraren i Verdal under opninga i 2009: ”Slaget på Stiklestad i 1030 har som alle veit hatt avgjerande betydning for den religiøse, politiske og kulturelle utviklinga i landet vårt. Den politiske dimensjonen, symbolisert ved kong Olav Haraldssons fall, representerer sluttsteinen i bygginga av det norske rikskongedøme”, sa Bjørn Iversen under opninga Olsok i 2009.⁴³ Dette viser at arrangørane og kommunen sette spelet inn i ein større politisk og religiøs samanheng.

Stiklestad brukar historia om Olav Haraldsson og slaget på Stiklestad for å marknadsføra den lokale plassen der spelet blir sett opp. Dei har bygd eit nasjonalt senter på plassen. Historia om slaget blir formidla både i museumsutstillingar og munnleg til elevar og andre interesserte, og det er kunstutstillingar av nasjonalt format. Stiklestad hotell og kommunen er aktivt med i marknadsføringa av Stiklestad og historia om Heilag Olav.

Finansiering har gjort at *Stiklestadspelet* alltid har hatt ein nokså fri stilling i samfunnet fordi både spelet og det nasjonale senteret som er bygd opp på Stiklestad, er direkte finansiert over statsbudsjettet, som det einaste spelet i landet. I tillegg har dei fem sponsorar i dag som kvar gir 350 000 kvar.⁴⁴

***Dale Gudbrand Kristningstinget på Hundorp* (1958)**

Spelet er skreve av Are Stauri. Spelet blei vist på Friluftsscenen på Maihaugen i Sør-Fron kommune i Oppland. Det handla om kristninga i bygda i 1020 som var ti år før slaget på Stiklestad. Dette er typisk for mange av spela om Olav den Heilage. Fleire spel tok utgangspunkt i Olav sin veg til slaget, og handla om kristninga av den lokale staden der spelet blei sett opp.⁴⁵ Tematisk hadde spelet mykje til felles med *Stiklestadspelet*. Spelet er ikkje lenger aktivt.

***Heilag Olav gjestar Ullensvang* (1969)**

Spelet er skreve av Halldor O. Opedal. Det blir sett opp i Ullensvang kommune i Hordaland. Spelet handlar om Heilag Olav som kjem til Ullensvang for å sjå i kva grad innbyggjarane følgjer dei nye kristne lovene i landet. Det blir halde ting på plassen, og fleire blir konfrontert med at dei framleis ofrar til dei norrøne gudane. Ikkje fastar dei på fredagar, og dei arbeidar på

⁴² Programmet til *Spelet om Heilag Olav* 2009

⁴³ Katalogen til *Stiklestadspelet* 2009:2

⁴⁴ Informant på Stiklestad, nestleiar Per Steinar Raaen 30.oktober 2009

⁴⁵ Vågen 2005:19

sundagane. Dette er i mot dei nye kristne lovene i landet, og mange får bøter fordi dei har synda mot Gud.⁴⁶ Spelet er truleg inspirert av alle spel si mor, *Stiklestadspelet*. Det har same tematikken og handlar om kristninga av landet, og dei som var for og dei som var i mot den nye læra.

***Selshemnaren* (1965)**

Spelet er skreve av Vera Henriksen og Asbjørn Toms. Spelet blei vist på Trondenes i Troms 1965, 1966, 1971 og 1974.⁴⁷ I *Selshemnaren* er hendingane henta frå ca 1020. Det er frå den tida då Olav Haraldsson var konge, og reiste rundt for å kristna landet. Spelet handlar om drapet på Asbjørn Selsbane som truleg var med på å føra til Olav sitt fall.

Forteljninga står i Snorres kongesagaer. Det er forteljninga om Asbjørn som budde i Hålogaland, kvar det var dårlige tider. Dei drog sørover for å skaffa seg og familien mat. Folket på Avaldsnes var kongen sine menn, og kongen hadde forbode folk å hjelpe de som budde nordover i landet. Så da Asbjørn kom til Avaldsnes fikk han beskjed om at her var inga hjelp å få. Så han reiste vidare, til Erling Skjalgsson på Sola. Då Asbjørn reiste tilbake vart han stoppa på Avaldsnes, der han ble fråtatt all maten han hadde kjøpt og siglde på skipet sitt. Året etter drog han tilbake til Avaldsnes for å hemna seg.

Festspela i Nord- Noreg arrangerte sagaspel under festspela frå 1965. Tre ulike manus av Vera Henriksen blei brukt. *Selshemneren* (1965), *Vargtid* (1967) og *Asbjørn Selsbane* (1972). To av desse vart vist i denne perioden, 1950 og 1960 –talet, det tredje, *Asbjørn Selsbane*, blei vist i den andre perioden (1970 og 1980-talet). Over 6000 billetter blei selde til *Selshemnaren* under festspela eit år. Økonomien skal ha vore årsaka til at dei historiske spela ikkje lenger blei vist under festspela.⁴⁸

Forfattaren Vera Henriksen, som var født i Oslo i 1927, spela på heile spekteret, frå samfunn, kjærleik, maktkampar til religion. Ho oppnådde stor suksess med mellomaldertrilogien om Sigrid Toresdatter frå Bjerøy, *Sølvhammeren* (1961), *Jærtegn* (1962) og *Helgenkongen* (1963). Ho skreiv også ein historisk roman frå 1600-talet, *Trollsteinen* (1970).

Spela og litteraturen til Henriksen frå sagatida, er om dei nasjonale store forteljningane, men også dei små forteljningane om det einskilde menneske og deira val i livet. Ho spanner rundt forteljningane om livet til vikingkongane, og daglegliv og kjærleikshistorier. Religionen var berre ein del av alt dette bilete. Eg vel likevel å setja spelet inn i gruppa religion fordi tematikken kvernar rundt kristningskongane og makta i landet i norrøn tid.

⁴⁶ Danielsen 1997:9

⁴⁷ Ohrem 2005:127

⁴⁸ Vågen 1997

Vargtid (1967)

Spelet er skreve av Vera Henriksen. Spelestaden var på Trondenes i Harstad kommune i Troms 1967, 1968 og 1969. Spelet var del av Festspela i Nord- Noreg, men er inaktivt i dag.⁴⁹ Siste gongen eit av spela vart vist var i 1979.⁵⁰ Det var eit mellomalderspel frå vikingtida som handla om maktkampar, samfunnsforholda på den tida, religion og kjærleik. Sentral i spelet er Olav Haraldsson, Tore Hund, Sigvat Skald og Sigrid Skjalgsdotter, dotter til Erling Skjalgsson frå Sola.

Namn	År	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Førre slaget/ Natrast på Sul. (I dag: Spelet om Heilag Olav) Stiklestadspelet	1954	Olav Gullvåg	Stiklestad	Skifte av tru Om Heilag –Olav si kristningsferd.
Dale Gudbrand Kristningstinget på Hundorp	1958	Are Stauri	Friluftsscenen på Maihaugen i Sør-Fron i Oppland	Skifte av tru. Om Heilag-Olav si kristningsferd.
Selshemnaren	1965	Vera Henriksen og Asbjørn Toms	Festspela i Nord-Noreg, Harstad i Troms	Religion, rikssamling, makt, og samfunn
Føre slaget	1965	Kåre Holt	Ramnes kommune	Skifte av tru
Vargtid	1967	Vera Henriksen	Festspela i Nord- Noreg, Harstad, Troms	Religion, rikssamling, makt, og samfunn
Olavspelet Heilag Olav gjestar Ullensvang	1969	Halldor O. Opedal	Lofthus, Ullensvang, Hordaland	Skifte av tru .Heilag Olav si kristningsferd.

Skjema viser at alle spel er frå den norrøne perioden i historia. Det har det til felles at dei tar utgangspunkt både i kristninga og samlinga av landet til eit rike under ein konge. Olavsmyta er sentral i fleire av spela.

Ad. Kategori: Andre tema:

Seljordspelet (1961) *Seljord-spelet* er det nest eldste lokalhistoriske spelet i landet. Spela som blir vist i denne perioden var forskjellige spel, og er basert på ulike manuskript. Frå 1960-1995 er det over 20 ulike manus.⁵¹ Speltematikken har stor spennvidde.

Spelet tar utgangspunkt i samtid og nær fortid, men det har ikkje som hovudmål å fortelja ei historie om plassen, eller å forsterka minnet om staden, i den første perioden. Men på 1990 talet endre dette seg til at det kom fleire historiske spel. Målet var truleg heller ikkje å forsterka minnesfellesskapet. Eg reknar derfor desse første spela frå Seljord som friluftsspel og ikkje eit historiske spel.

⁴⁹ Ohrem 2005:127

⁵⁰ Vågen 1997:88,89

⁵¹ Vågen 1997:50

Det er også umogeleg å generalisera 20 spel i *Seljordspelet* på tematikken, utan å gå i detalj på kvart enkelt. Det blir for omfattande i denne oppgåva som gjeld utviklingstendensar i tida.

Korleis var utvikinga i perioden 1?

Det var truleg fleire årsaker til at det kom spel på Stiklestad. Det var truleg at det var viktig å markera Noreg som ein sjølvstendig nasjon etter krigen, med ei norsk historie som vi kunne vera stolte av. Det var også viktig å markera Noreg som ein kristen nasjon, med ein kristen nasjonal arv som det var verd å ta vare på. Det kan og ha å gjere med den nasjonale kjensla som hadde utvikla seg under og etter krigen.

Frå 1935 hadde nazistane hatt sine partisamlingar på gamle gravhaugar og i mellomalderkyrkjer, og dei hadde hatt samlingar på Stiklestad. Minnesmerket med nazisymbol som nazistane sette på Stiklestad, grov folk ned etter krigen. *Olavstatua* blei sett opp igjen etter krigen. Det er gjort forsøk på å grava opp igjen nazistane sitt minnesmerke, men det har vore sterk motstand mot dette. Dette viser at det framleis er sterke kjensler rundt det nasjonale. Mange opplever det nazistane gjorde, som eit misbruk av den norske historia.⁵²

Stiklestad og Nidaros var ein nasjonal kultplass frå gammalt av. Dette var knytt til mytane rundt Heilag Olav og kristninga av landet. Etter reformasjonen blei det meir fokus på skifte av trusretning.

Ideen om markeringa av slaget låg latent lenge. Men nazismen og krigsåra hadde gjort tankane om det nasjonale mindre interessant for mange. Det var og ei viss redsla rett etter krigen for at dei unge igjen ville dyrka dei gamle norrøne symbola, den norrøne gudelæra og den ekstreme nasjonalismen, som nazistane hadde stått for. Mange var redde det ekstremt nasjonale.

Dyrking av norrøne symbol blei av mange rekna som kjenneteikn på høgreekstreme miljø. Alt som minna om nasjonalismen, blei avvist av dei fleste. Dette kan vera ei av årsakene til at det ikkje var så stor interesse for å skapa nye spel i denne perioden.

Kristendommen stod sterkt etter krigen. Over 90 % tilhørde statskyrkja. Det var viktig både å minnast og repetera historia om kristninga av landet, for å markera Noreg som ein kristen nasjon. Det var truleg viktig for mange å styrkja både den religiøse og den nasjonale identiteten.

At biskopane protesterte på manglande fokus på den kristne trua, under Stein Winge som regissør mange år seinare, viser at mange meinte at spelet hadde som formål å styrkja den kristne identiteten. I dag er det fleire som vil tilbake til det som var grunntankane i spelet. Dei vil bort frå dei sterke vald - og drapsscenane som Winge hadde brukt i scenane.

⁵² Bøe 2006:188

Etter krigen ser det ut til at interessa for vikingtida auka igjen. Tida blei ofte oppfatta som ei stordomstid i norsk historie. Historiene blei ofte idyllisert og eventyrgjort. Vikingkongane vart heroiske heltar som vann over heidenskapen og samla landet til eit rike. At mange vart drepne i kampen for kristendommen og eit samla rike, blei det fortald mindre om. I alle fall var det verd offera.

Det nasjonale var viktig etter frigjeringa. Det var også relativt kort tid sidan me kom fri frå Sverige og fekk vår eigen norske konge. Det norske, flagget og kjøttkakene til mor, 17.mai og naturen blei viktigare med krigen og unionsoppløysinga som bakteppe.

Dale Gudbrand, Kristningstinget på Hundorp (1958), Heilag Olav gjestar Ullensvang (1969) og Førre slaget (av Kåre Holt), var truleg inspirert av suksessen til *Stikestadspelet*. Spelet hadde avla fleire spel over same lest og same historieforståing. Fokus var på skifte av religion.

Vera Henriksen byrja skriva historiske bøker medan ho var busett i Amerika. At ho var busett i Amerika frå 1946-1963, kan ha vore ei av årsakene til at ho var opptatt av den norske vikinghistoria. Krigen var akkurat over då ho kom til USA. Ho hadde kanskje meir avstand til den norske historia med å vera busett i utlandet. Truleg var ho og inspirert av suksessen til *Stiklestadspelet*.

Stiklestad har alltid brukt historia og spelet til å marknadsføra bygda og spelet som turistmål, og spelet er blitt sett av rundt ca 750 000 publikummarar. Det har skaffa turisme, inntekter, og det har gitt identitet og historiemedvit. Kva var vel Stiklestad utan spelet, kan ein kanskje spørja? Eller kva var vel Noreg utan Stiklestad og den kristne trua?

2.2 PERIODE 2 (1970 og 1980-talet)

Det kom mange nye, både religiøse og sekulære spel, i denne perioden. No kom og fleire spel frå dansketida og moderne tid. Dei handla om religion, samfunn, rikssamling og om individet.

Ad. Kategori 1. Religiøse tema:

***Kirkebyggern* (1979) *Maridalspillet* (1974)**

Spelet er skreve av Carl Fr. Engelstad. Det er Oslo sitt einaste historiske friluftsspill, og eit av dei eldste i landet (etablert 1974). Spelet blir vist ved St. Margaretha-kyrkjeruinane ved Maridalsvatnet i Oslo. Arrangør er Maridalsspillet.

Maridalspillet er eit av dei tre spela av same forfattar, som blir sett opp: *Kirkebyggeren* er frå tida rundt trusskifte, *Kirkesølvvet* er frå reformasjonen og *Svaredauden* er frå 1349. *Svartedauen* (1974) som var det første, er det spelet som vanlegvis blir vist i dag. Det er ingen

tydelig samanheng mellom handlingane i de tre spela, kvar av dei står på egne bein. Men likevel utgjør dei ein heilskap, då alle er knytte til kyrkja i dalen, og landskapet og gardane omkring.

Maridalen var på syttitalet nedrivningstrua. *Maridalens Venner* ble stiftet i 1970 for å hindre at gardane blei rivne. I forordet til årsskriftet *Maridalens Venner* og *Maridalsspillet* 2004, skreiv ledaren for *Maridalens Venner*, Tor Øystein Olsen:

Oppføringen av de tre Maridalsspillene i Maridalen på 70- og 80-tallet hadde dobbel bunn: Maridølene identifiserte seg med innholdet i stykkene, der lærdom fra tidligere stridigheter kunne overføres til kampen mot rivningsspøkelset på 70-tallet. Samtidig var Maridalsspillet en av de viktigste virkemidlene i arbeidet for å utvikle Maridalen til ei levende og livskraftig kulturbygd.⁵³

***Kirkjesølvet* (1981) *Maridalsspillet*. (1974)**

Spelet er skreive av Carl Fr. Engelstad, og er del av ein triologi. *Kyrkjesølvet* her henta frå tida rundt reformasjonen på 1500-talet. Det tar utgangspunkt i skifte av trusretning. Spelet blir vist ved ruinane av St. Margaretha-kyrkja ved Maridalsvatnet i Oslo. Spelet ser ikkje ut til å ha blitt sett opp dei siste åra. *Svardauen* som var det første spelet i trilogien frå 1974, ser ut å ha overtatt.

***Sverdet – Heilag Olav i Borg* (1974)**

Eit av dei eldste og mest levedyktige spela er *Sverdet – Heilag Olav i Borg* av Vera Henriksen. Spelet blei sett opp i Sarpsborg i Østfold. Spelet var oppført 11 gonger i 2005. Spelet tar utgangspunkt i Olav sitt opphald i Østfold og fortel om sverddåpen før ferda til Stiklestad. I Borg går biskop Grimkjell til slutt med på å innvia sverdet som seinare blei bære av Olav under slaget på Stiklestad.

Dette er eit godt døme på korleis Olavsmyta blir brukt av den lokale kulturen for å skapa lokal og nasjonal identitet, i tillegg til religiøs identitet. Mange religiøse spel tar utgangspunkt i Olav sin veg til slaget på Stiklestad. På mange stader der han stoppa, eller kunne ha stoppa, blei det i denne perioden laga spel om livet til Olav den Heilage og kristninga av landet.

***Olsokspelet Dei urolige av hjarte/Bak den lengste mila* (1976)**

Spelet er skrive av Ola Jonsmoen. I dag levar spelet vidare under tittelen ”Bak den lengste mil” – ei frittstående fortsetjing av den første oppsettinga. Spelet er sett opp mellom 1976-2007, og spelstaden er Tyllidal bygdemuseum, Tynset i Hedmark.⁵⁴ Det er eit pilegrimsspel

⁵³ Årsskriftet frå *Maridalens venner* av Tor Øystein Olsen:2004

⁵⁴ Ohrem 2005:32,33 og telefonsamtale med Lind 21.04.2009

basert på lokal mellomalderhistorie. Handlinga er frå fjellbygda Tyllidal på 1100-talet, og handlar om pilegrimane som vandra gjennom landet til Nidaros.

***Mostraspelet Kristkongane på Moster* (1984)**

Mostraspelet av Johannes Heggland handlar om overgangen frå gamal til ny tru. Spelet er eit godt innarbeidd spel med eit stort publikum. Spelet blei sett opp i ei gamal kalkgruve ikkje langt frå den gamle Mostrakyrkja på Moster på Bømlo i Hordaland, som skal vera den første kyrkja som blei bygd i her landet. Amfiet blei ombygd til plass til 1200 menneske og vart opprusta til 1000 års jubileet for kyrkja. Rundt 140 000 har sett framsyningane.

Spelet handlar om den rolla Moster på Bømlo hadde i møte mellom gamal og ny tru. Hovudkonflikten i stykket er då Olav får vedteke kristenretten i 1024. Handlinga er Olav Trygvassons si kristning av Moster i 995. Spelet er basert på dei to Olavskongane. Olav Trygvasson kjem til Moster for å kristna folk. Han held messe på Moster, og let hova brenna. Dette skapar uro og splid i bygda. Særleg er det ein person, Torolv frå Grindheim som ikkje vil gje seg. Olav brenn garden hans og byggjar kyrkje på same staden.

Dette spelet handlar om motstand mot trua. Men mest om dei som ikkje vil innordna seg kravet i tida om å la seg døypa, sa Johannes Heggland til Sigrud Ohrem i eit intervju. Det er den menneskelege hang som opptar han, ikkje det religiøse i seg sjølv.⁵⁵

Spelet blei i 2007 tildelt *Olavsrosa* frå Norsk Kulturarv, for ”framifrå religiøs og kulturhistorisk formidling”. Utmerkinga blir tildelt plassar som har ei historie å fortelja, og er opne for publikum.⁵⁶

Spelet er eit av dei spela som har oppnådd nasjonal status. Kongen og dronninga var tilstades under markeringa av 1000-årsjubileet for kyrkja i 1995. Dette viser at spelet blir oppfatta som eit nasjonalt spel med ei kyrkjehistorie som er nasjonal. Spelet er med på å styrkje kyrkjeidentiteten, den nasjonale identiteten og den lokale identitet.

***Kinnsaspelet - Songen ved det store djup* (1985)**

Kinnsaspelet av Rolf Losnegård er eit stort, veletablert spel som hentar handlinga frå reformasjonen, men spelet går og tilbake i tid til 1100-talet. Rolf Losnegård skreiv spelet mens han var knytt til teateret i Sogn og Fjordane. Anne Gullestad har vore ansvarleg for regien i ei rekke år. Profesjonelle har medverka i spelet saman med mange frivillige, 150 personar med smått og stort deltar. Sidan starten har over 50 000 sett spelet.⁵⁷

⁵⁵ Ohrem 2005:108

⁵⁶ *Mostraspelet 25 år*: 2009

⁵⁷ Katalogen for *Kinnsaspelet* 2008

Tema er store nasjonale tema med overgangen frå katolsk til protestantisk trusretning. Spelet hentar handlinga frå reformasjonen og bygginga av kyrkja på Kinn.⁵⁸ Eit kjent kyrkjegods blei annektert av kongen. Kongen tek over kyrkja sine eigedomar, og kyrkja mistar verdsleg makt. Spelet handlar ikkje berre om religion, men også om verdsleg makt.

Innføringa av reformasjonen i 1537 er rama for spelet. Futen kjem og seier at Noreg no er underlagt Danmark, og at pavekyrkja si tid er forbi. Presten på Kinn kan få bli, men han må godta protestantismen. Frilla hans meiner at han no må gifta seg med henne for at ho ikkje skal bli sett på som hore. Dottera hans meiner at han ikkje kan selja sjela på den måten.

Det er lagt inn eit spel i spelet. Gjennom spelet i spelet er me vitne til at den irske prinsessa Sunniva flyktar frå heidenske vikingar. Ho er tvungen til å seia ja til å gifta seg med kong Ramn. Ho flyktar frå han og forlisar på sjøen, men driv i land på kysten, på øya Selje lengre nord på kysten. Tarve kjem frå Kinn. Han hadde før eit forhold til Borni, dottera til presten, men no er han futens mann og mislikt i bygda. Han gjer tilnærmingar til Borni, men ho synes at han tvingar henne og ho flyktar frå han og blir seinare funnen død. Ei lita tiggargjente fortel at ho har funne Borni. Ho hadde eit gullkors hengjande over seg. Folket i bygda trur henne ikkje. Berre presten trur på henne. Han tar henne til seg som si eiga dotter. Han seier at dei saman skal leita etter korset - altså at han godtek Luther sitt ord.⁵⁹

Hjørungavåg spelet – Maktkamp ved Hjørungavåg (1986)

Dette spelet av Wibeke Knagenhjelm har eit nasjonalt tema og handlar både om trua og rikssamlinga. Handlinga er at leidangen - hæren til Håkon Jarl vann ein viktig kamp mot dei frykta jomsvikingane. Spelet handlar om kampen mellom gamal og ny tru og forboden kjærleik.⁶⁰ Det ser ikkje ut til at spelet blir sett opp i dag. Grunnen er truleg at det vart laga til minnedagen for slaget.

Spelet var eit samarbeidsprosjekt mellom Hareid kommune, Hjørunganemnda og næringslivet i kommunen. Rundt 90 personar har vore med i spelet, amatørar dei fleste, men også skodespelarar frå Teaterfabrikken i Ålesund. Spelet blei sett opp i samband med tusenårsjubileet for slaget i Hjørungavåg i 986 i Møre og Romsdalen. Eit nasjonalt minnesmerka vart avduka og kongen var til stades under urframføringa av spelet. Kong Olav V ankra opp med kongeskipet utanfor Overå.⁶¹

⁵⁸ Ohrem 1995:53

⁵⁹ Danielsen 1997:10

⁶⁰ Ohrem 2005

⁶¹ Vågen 1997:70

Hekseprosessane:

Barbro – veien mot bålet (1988)

Heksespelet starta med Noregspremieren til friluftsspelet *Dollie De Luxe* - konserten med *Which Witch* i 1987.⁶² Dette var det første utdraget av *Heksespill*. Spelet blei seinare sterkt vidareutvikla og sett opp i 1989 i Vardø kommune i Finnmark. Spelet er eit vandreteater som blei sett opp ved Vågsenget ved Garsted, Vikna i Nord-Trøndelag. Det er basert på historia om Barbro Hasfjord, frå ho var barn til ho vart brent på bålet som heks i 1647.⁶³

Heksespill (1987/1989)

Spelet er eit vandrespel som blir sett opp i Vardø kommune. Det blir vist ute i Østervågen/Stegerneset og inne på Tørrfisksjø som blir eigd av museet. Spelet byrjar med at den mistenkte består vassprøven. Dommen blir så lest opp og offeret kjent skyldig. Mor og dotter blir deretter brent som hekser på bålet, utan nokon større dramatikk.⁶⁴

Heksespela er kritiske til normene i samfunnet, og dei oppmodar til refleksjon. Begge heksespela er sette opp i dei nordlegaste kommunane i landet. Det var også der det var mest hekseprosessar. Grunnen til det var truleg oppfattinga av samane var trollkyndige. Men det kan også ha hatt med samansetninga av busettinga på den tida. Mange folkegrupper var samla på små plassar utan ytre påverknad og kontroll. I små lokale samfunna kunne det oppstå massesuggesjon som førte til at dei laga seg si eiga verd med eigne forstillingar, som ikkje alltid harmonerer med slik det var. Både kvinner og menn vart offer for desse prosessane. Spela omhandlar berre kvinner.

Skjemaet under viser at det kom fleire nye spel om Heilag Olav i denne perioden. I eit vitjar han Borg på si kristningsferd. I eit anna frå 1989 vitjar han Gausdal. I *Mostraspelet* (1984) spinn handlinga kring trusskifte, og konflikhtar mellom dei som ville ta i mot den nye trua og dei som ikkje ville det. *Hjørungavågspelet*. *Kinnaspelet* (1985) og *Kirkesølvet* (1981) tar utgangspunkt i reformasjonen, men går tilbake til kyrkjebyggingsperioden. Eit spel handla om pilegrimsferder på veg til Nidaros før reformasjonen.

På kyrkjebakken (1982) i Folldal i Hedmark, handla om lokal kyrkjehistorie. *Slidredommen 800 år* (1987) frå Oppland, er om kyrkja si historie frå kyrkja vart bygd for 800 år sidan. Og

⁶² Her blir *Which Witch* ikkje rekna som eit historiske spel, fordi det ikkje er knytt til staden der det blei sett opp.

⁶³ *Barbo på veg mot bålet*. Websidene og *Spelhandboka*.

⁶⁴ Ohrem 2005:72

Herr Petters Lovsang (1989) er om diktarpresten Petter Dass. Spelet blei sett opp inne i Bodø domkyrkje.

Det første heksespela om hekseprosessane kom på slutten av 1980-talat. *Heksepill* kom i 1987, og *Barbro - veien mot bålet* kom i 1988. Heksespela legg gjerne hovudveka på samfunnskritikk og refleksjon, meir enn på den kristne bodskapen.

Tittel	År	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Sverdet – Heilag Olav i Borg	1974	Vera Henriksen	Sarpsborg i Østfold	Skifte av tru
Olsokspelet Dei orolige av hjarte / Bak den lengste mila	1976	Ola Jonsmoen	Tyllidal bygdetun, Tynset i Hedmark	Om pilegrimane
Den store kongen	1978	Trygve Bjerkheim	Horningdal kyrkje, Sogn og Fjordane.	Skifte av religion
Maridalsspillet Kirkebyggerne	1979	Carl Fr. Engelstad	Kyrkjeruinene i Maridalen	Kyrkjebygning
Maridelspillet 1974 Kirkesølvvet	1981	Carl Fr. Engelstad	Kyrkjeruinene i Maridalen	Reformasjonen Skifte av trusretning
Spelet om Heilag Olav	1981	Bernt Skrede	Horningdal kommune i Sogn og Fjordane	Skifte av tru
Guds Gjøglere	1982	Odd Eidem	Domkirkeodden, Hamar, Hedmark	Religion
På kyrkjebakken	1982	Erling M. Brandsnes	På skulen i Folldal i Hedmark	Bygging av kyrkje, tida er 1875 ⁶⁵
Mostraspelet Kristkongane på Moster	1984	Johannes Heggland	Moster, Bømlø kommune, Hordaland	Skifte av religion
Kinnaspelet - Songen ved det store djup	1985	Rolf Losnegård	Øya Kinn ved Florø i Sogn og Fjordane	Reformasjonen Skifte av trusretning
Hjørungavågspillet. Maktkamp på Hjørungavåg	Jubileet 1986	Wibeke Knagenhjelm	Overåsanden, Hareid, Møre og Romsdal	Skifte tru og forboden kjærleik. År 986
Heksepill	1987	Finn Stavseth	Vardø Museum/Finn Stavseth	Hekseprosessane
Slidredomen 800 år	1987	Knut Hauge	Mo kyrkjeruinar i Oppland	Kyrkjebygging
Barbro – veien mot bålet	1988	Kjellrun Åsgard og Steinar Grande	Vågsenget ved Garsted, Vikna i Nord-Trøndelag	Hekseprosessane
Då kristendommen kom til Gausdal	1989	Maria Fære Forseth	Gausdal kommune i Oppland	Skifte av religion
Herr Petters Lovsang	1989	Edvard Hoem	Bodø domkyrkje i Nordland	Om Petter Dass 1700-t.
St. Olavs skrin	1989	Edvard Hoem	Oslo	Skifte av religion

Ad. kategori 2. Rikssamling:

Kristina av Tunsberg (1971)

Spelet er skreve av Kåre Holt. Spelstaden er Amfi scene på Slottsfjellet i Tønsberg. *Kristina av Tunsberg* (1971) blir mor til ei stor kongeætt. Spelet skildrar giftarmålet med den spanske prinsen Don Philipe. Giftarmålet skal sikra den maktpolitiske alliansen mellom det spanske

⁶⁵ Danielsen 1997:2 i vedlegget.

kongehuset og det norske.⁶⁶ Dette er det første verdslege spelet i landet, og dette markerar dermed eit skilje. No handla ikkje spela lenger berre om skifte av religion i landet.

Asbjørn Selsbane (1972)

Spelet er skreve av Vera Henriksen. Det handlar om konflikten mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson. Asbjørn som var kongens mann på Avaldsnes, vart drepen. Erling forsvarte drapsmannen. Konfliktane mellom Erling og Olav enda med at Erling vart drepen av Olav sine menn i 1028. Ho har også tidlegare skreve eit spel rundt den same tematikken,

Dette er eit mellomalderspel som spinn rundt dei gamle vikingkongane, og forsterkar mytane rundt dei. Det kan vera vanskeleg å kalla desse spela for historiske, snarare er dei basert på historisk tradisjon som i hovudsak er mytebaserte, men med visse historiske element, som årstal, namn på personar, konflikhtar, kostyme og rekvisittar, er tilnærma autentiske.

Jord (1977)

Spelet er skreve av Kåre Holt. Det blei sett opp i Tønsberg i Vestfold. Spelet er forma som ein fiktiv dialog mellom ei ukjent kvinne og Snorre. Dei snakkar om slaget på Ree. Snorre og kvinna vektlegg ulike delar av historia. Kvinna fortel om kor vanskeleg livet er for kvinnene, barna og vanlege folk under krigen, mens Snorre vektlegg det strategiske spelet, landevinningar og krigane.⁶⁷

Spelet om kong Herlaug (1982-83)

Spelet som er skreve av Trygve Hoff, blir sett opp på Leka i Nord-Trøndelag og blei sett opp i både 2006 og 2007. Leka teaterlag er arrangør.⁶⁸ Historia blir rekna som eit segn som Snorre har med i *Heimskringla*. Spelet hentar temaet sitt i frå den tida då kong Olav drog rundt i landet og la riket under seg. Småkongane Herlaug og bror hans Rollaug nekta å underkasta seg kongen, og drog inn i "Herlaugshaugen".

Dette er eit spel som er henta frå eit lokalt segn frå den norrøne historia. Dette er ein morosam anekdote som me finn i *Heimskringla*.⁶⁹ Som fakta har det kanskje mindre verdi, men som identitetsskapar for lokal identitet blir spelet brukt lokalt, av dei lokale arrangørane.

Fimreite (1983)

Spelet er skreve av Wibeke Knagenhjelm. Spelet vart sett opp i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane. Det handlar om Sverre og birkebeinarane som utfordra makta til baglarane på slutten

⁶⁶ Ohrem 2005:40

⁶⁷ Danielsen 1997 i vedlegget

⁶⁸ Isene 2008:5

⁶⁹ Ohrem 2005:66

av 1100-talet og i byrjinga på 1200-talet. Sverre vinn til slutt over baglarane og han blir konge i landet.

Spel om birkebeinarane og baglarane markarar eit skilje i speltradisjonen. No vart tida på 1100- og 1200-talet, interessant som historiske spel. Det er også interessant å sjå at no kjem det fleire kvinner inn som forfattarar i denne perioden.

Birkebeinerne kjem (1983)

Spelet er skriva av Brit Stubbe, og blei sett opp i Selbu i Sør-Trøndelag. Det handlar om konflikten mellom baglarane og birkebeinarane. Sverre kom frå Færøyane og utfordra makt i landet. Han får med seg birkebeinarane som går til åtak på baglarane. Til slutt vinn Sverre og blir konge i Noreg på slutten av 1100-talet.

Fakkelflammen fra Folkenborg (-)

Spelet som er skriva av Arne Sandem, handlar om korleis folk greidde å skjula Ingrid frå baglarane, då ho var gravid med Håkon Håkonsson. Det blei sett opp i Eidsberg kommune i Østfold.

Dette er på same måte som i *Fimreite* og *Birkebeinerne kjem*. Desse spela handlar om maktkampar på slutten av 1100-talet og starten av 1200-talet. Etter at Sverre og sonen hans er døde, må dei redda det vesle barnebarnet til kong Sverre, Håkon Håkonsson, frå å bli drepen av baglarane. Soldatane går over fjellet nordover på ski med barnet i armane, for å koma seg unna fiendane. Motivet med Håkon Håkonsson som blir boren over fjellet på ski av birkebeinarane, er godt kjent i kunsthistoria.

Gaularspelet. Kjærleikssaum (1987 med manuset til Hjelmeland, 2000 med Losnegård)

Egil Hjelmeland (1987) skreiv *Gaularspelet* i 1987. Rolf Losnegård skreiv i 2000 nytt manus, *Kjærleikssaum*, med utgangspunkt i det same historiske materialet. Det er framsleis Gaularspelet, og blei sett opp fleire gonger i Gaular kommune i samband med ein vikingfestival.

Spelet handlar om Ingolv Arnarson som vart den første landnåmsmannen på Island. Han og fosterbroren Leiv den hepne, kom i strid med sønene til Atle jarl i Gaular, om Helga, søster til Ingolv. To av Atlesønene vart drepen av Ingolv og Leiv, som vart lyst fredlause og måtte røme til Island.⁷⁰

Rastakalvspelet (1987)

⁷⁰ Opplysingar frå Rolf Losnegård e-post 04.11.09

Spelet som er skreve av Anders O. Bergem i samarbeid med Møst ungdomslag, blir sett opp på Rastakalv ved Fridarberg på øya Frei på Nordmøre. Spelet var først eit innespel under namnet *Håkon den gode og slaget ved Rastakalv*. Det blei utespel i 1996. Spelet er om slaget i 955 mellom Håkon og Erikssønene, og blir sett opp på ein stad der slaget kan ha skjedd i følge sagalitteraturen. Spelet er inaktivt i dag.

***Korsvikaspelet Håkon Ladejarl og Kark* (1989)**

Handlinga er henta frå sagalitteraturen og handlar om Ladejarlen som vart drepen av trælen Kark. Mens Ladejarlen gøymer seg i grisebingen på garden Rimol i Melhus, blir han overraska av trælen som skjær hovudet av jarlen. Spelet gir ein mogeleg versjon av hendinga, skriv dei som sette opp spelet, i Korsvika på Lade i Trondheim.⁷¹

Tittel	År	Forfatar	Spelstad	Kommentar
Kristina av Tunsberg	1971	Kåre Holt	Tallak, Amfi scene, Slottsfjellet i Tønsberg, Vestfold	Ei jente blir prinsesse i Spania
Asbjørn Selsbane	1972	Vera Henriksen	Festspela i Nord- Norge	1024 og Olav den heilage styrar landet
Jord	1977	Kåre Holt	Vestfold	Slaget på Ree, fiktiv samtale om slaget
Spillet om kong Herlaug	1982	Trygve Hoff	Frøvik, Leka i Nord-Trøndelag	Harald Hårfagre og Herlaug
Birkebeinerne kjem	1983	Brit Stubbe	Selbu i Sør-Trøndelag	Sverre og birkebeinarane
Fakkelflammen fra Folkenborg	(-)	Arne Sandem	Eidsberg kommune i Østfold	Sverre og birkebeinarane
Fimreite (1983)	1984	Wibeke Knagenhjelm	Sogndal kommune, Sogn og Fjordane	Sverre og birkebeinarane
Rastakalvspelet	1985	Anders O. Bergem med fl.	Rastakalv ved Freidarberg på øya Frei, Nordmøre.	Slaget i 955 mellom Håkon den gode og Eirikssønene
Gaularspelet Kjarleikssaum	(1987) 2000	Rolf Losnegård	Osen i Bygstad, Gaular i Sogn og Fjordane	Ein landnåmsmann frå bygda vart forvist til Island
Korsvikaspelet Håkon Ladejarl og Kark	1989	Idar Lind	Korsvika på Lade, Trondheim	Trælen som drap Ladejarlen

Skjema viser at *Kristina av Tunsberg* av Kåre Holt frå 1971, var det første sekulære spelet her i landet. No handlar ikkje spela lenger berre om religion og kristningskongane, men også om verdslege tema. Det byrjar meir å likna på teater, enn spel. *Jord* som også er av Holt, og blir sett opp i Vestfold, skil seg ut fordi det så klart er eit konstruert drama. Holt har konstruert ein samtale, for å få fram motsetningar og verdisynet mellom dei sivile, kvinnene og barna. Kvinneperspektivet kjem her godt fram. Snorre var berre opptatt av det strategiske med krigen.

Heile tre spel handlar om kong Sverre og konflikten med baglarane på slutten av 1100- talet og byrjinga av 1200-talet. Dei er sett opp på tre forskjellige stader i landet, på Vestlandet, i Østfold og i Trøndelag. Eit er om Håkon den gode og Eirikssønene. Eit anna om den første landnåmsmannen som kom til Island. Og eit spel er om trælen Kark som drap Ladejarlen.

⁷¹ Ohrem 2005:60

Kategorien 3: Migrasjon

Med kvernstein i ferdakista (1984)

Spelet er skreve av Brit Stubbe og blei sett opp i Vikahalli i Selbu kommune i Sør-Trøndelag. Spelet handlar om ein gut som reisar til sjøs, om konflikhtar og dei vala han måtte ta ved å reisa vekk frå bygda kan kom frå.⁷²

Rallaren (1987)

Manusgruppa Åmli Verk har skive dette stykket, som blir sett opp i Tokke kommune i Telemark. Spelet omhandlar rallaren i byrjinga av 1900-talet. Scenar frå spørsmål om korleis dei organiserte seg, kokken sin kvardag, om forholdet mellom jentene, folket i bygda og rallaren.⁷³ Dette er eit av mange spel som denne manusgruppa har skreve, med utgangspunkt i industriarbeidarhistorie.⁷⁴

Draum over fjell og hav (1989)

Spelet av Wibeke Knagenhjelm blei vist på eit utvandrarjubileum i Vik i Sogn og Fjordane. Det er eit syngespel i tre akter. Handlinga føregår på garden Undi i Ovrisdalen i Vik prestegjeld, i år 1837. Intrigen står mellom tre personar i bygda, ein gut og ei jente, og læraren i bygda som vil ha jenta. Guten blir dømd for mord og må sona to år på tukthus. Etter fengselsopphaldet får han eit forlokkande brev frå Amerika. Presten prøvar å stoppa dei, men dei drar til slutt likevel.

Namn på spel	År	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Med kvernstein i ferdakista	1984	Brit Stubbe	Vikahalli, Selbu, Sør -Trøndelag	Ein gut drar til sjøs
Rallaren	1987	Manusgruppa i Åmdal	Tokke i Telemark	Rallaren. Arbeidarkår og utreise
Draum over fjell og hav	Utvandrar-jubileet 1989	Wibeke Knagenhjelm	Vik i Sogn og Fjordane	Utreise til Amerika

Skjema viser at det er tre spel i denne gruppa. Spela er nokså ulike. Eit spel er om ein gut som drar til sjøs. Det andre om ein rallar som kjem til bygda for å få seg jobb i gruvene. Og det tredje spelet er om dei som drog til Amerika.

⁷² Ohrem 2005:125

⁷³ Danielsen 1997:6

⁷⁴ Danielsen 1997:6

Kategori 4: Samfunn:

Dette er ei hurtig veksande gruppe, som startar i denne perioden. Spela handlar om generelle samfunnsforhold, arbeid, geografi osv. osv.

a) Kvardagsliv:

Maridalspillet Svartedauen (1974)

Maridalspillet av Carl Fr. Engelstad. er eit stort veletablert spel frå Oslo. Spelet blir vist ved Maridalsvatnet, med ruinane av St. Margaretha-kyrkja som scene. Jf. omtalen av dei to andre stykka i trilogien under kategori religion.

Pesten herjar i Noreg, og i resten av Europa rundt 1350. Tema er brutal maktmisbruk, forboden kjærleik mellom to som er halvsøskenbarn. Arrangørane prøver på mange måtar å gjenskapa den tida der store delar av landet døde ut. Regissøren seier at han håpar at stykket skal gje stoff til ettertanke, og ei påminning om det omskiftelege i tilværet.

Temaet spinn rundt konflikten mellom bøndene i Maridalen og den rikaste kanslaren i Noreg. Mens bøndene blir utpinte av kyrkja og myndigheitene, treng rikskanslar Arne midlar, for å hevda norsk sjølvstende. I mens er pesten på veg.

Svartedauen er det spelet i trilogien som er blitt spelt dei siste åra. Tida er midt i mellomalderen, som var ei tung, religiøs tid i Noreg, med sterk gudstru og gudsfrykt. Religionen var ein del av folk sin kvardag.⁷⁵

Mjølnergårdspillet (1984)

Arrangør er Bjugn Bygdetun/Mjølnergården. Tema er ei lokalthistorisk reise frå steinalderen til moderne tid og er lokalt forankra i Bjugn si historie. Spelet er eit typisk tablåspel med ulike tidsbilde frå ulike tider i historia. Formålet med stykket er å fortelja historia om den geografiske plassen, og å undervise i historiefaget. Spelet er knytt opp til museumsverksemd som forfattaren er aktivt med i.

Oppgangssaga (etablert i 1986 for ulike stykke).

Spelet er skreve av Arne Ludaløkk. Staden er på Rennebu Bygdetun. Arrangør er Rennebu Nedre teaterfôrrening. Det blir framført på den årlege bygdetunsdagen. I 2004 blei dette spelet sett opp, og i 2005 kom eit nytt stykke. Det vert arrangert ulike historiske tilbakeblikk, og

⁷⁵ Brosjyre til *Maridalspillet, Svartedauen* frå 2005 og 2006

temaet er forskjellig frå år til år. Spelet er forskjellige tidsbilde som fortel om gamle reiskapar og korleis folk levde i bygda, før i tida.⁷⁶

Hagbart og Signe – Steigen sagaspel (1985)

Spelet av Bjørn Eirik Stemland, er ein norrøn versjon av Romeo og Julie, og blir spelt på eit ringtun frå slutten av 800-talet. Tematikken er henta frå eit kjent vandresegn med røter i vikingtida. Intrigen går ut på at Signe er lova bort til prins Burislav, men eigentleg elsker ho Hagbart. Spelet er fiksjon, med fiktive personar og hendingar.⁷⁷

Oppsettinga er del av Steigen sagaspill, der det særleg blir fokusert på vikingane si historie, klede og kultur. Gjennom utstillingar, konsertar, seminar, familietilstellingar, marknader og handel, er *Steigen Sagaspill* ein stad for formidling av ulike typar kulturytringar. Festivalen går over 10 dagar. Aktørane kler seg i klede frå den tida, og dei lagar ulike tablå.⁷⁸

b) Arbeid:

***Dei fyrste bergmenn* (1984 og 1995)**

Manusgruppa Åmli Verk har skrive dette stykket, som blir sett opp i Tokke kommune. Tematikken omhandlar dei fyrste bergmenn som sette i gong bergverksdrift på 1500-talet. Bøndene blei tvungne til å bli med, og fekk dårleg betalt for arbeidet. Gruvedrifta varte i berre ni år, frå 1540 -1549.⁷⁹ I form er spelet er tablåspel, som viste korleis ting ”var” for arbeidaren på den tida stykket handla om.

***Utan tittel* (1985)**

Manusgruppa Åmli Verk har skrive spelet, som blir sett opp i Tokke kommune i Telemark. Rammeforteljinga er om ein bestefar som fortel guten at då han var barn fann folk ei malmåre i bygda, og dette vart starten på gruvedrifta. Tida som spelet handlar om er på slutten av 1600-talet.⁸⁰

***Gullalderen* (1988)**

Manusgruppa Åmli Verk har skrive spelet, som blir sett opp i Tokke kommune. Det tar for seg gullalderen til verket frå 1870 til 1897.⁸¹ Daw var leiaren på verket, og arbeidarane hadde eit godt forhold til han. Dei var mykje meir skeptisk til dei nyemaskinane som dei skulle bruka i

⁷⁶ Ohrem 2005:61

⁷⁷ Danielsen 1997:17 i vedlegget

⁷⁸ Ohrem 2005:69

⁷⁹ Danielsen 1997:6 vedlegget

⁸⁰ Danielsen 1997:6 vedlegget

⁸¹ Danielsen 1997:6 i vedlegget

arbeidet. Det skjer eit ras i gruva, ingen kom til skade, men raset gjer eit sterkt inntrykk på lokalsamfunnet.

Tronge tider (1989)

Manusgruppa Åmli Verk har skrivt spelet. Det blei sett opp i Tokke kommune i Telemark. Stykket tar for seg tida 1920-1930. Folk er arbeidslause og fattige på den tida. Dei vil tvinga butikken til å selja mat til seg på borg, men så får dei arbeidet tilbake og alt ordnar seg til slutt.⁸²

Tittel:	År	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Maridalspillet Svartedauen (første del av triologien)	1974	Carl Fr. Engelstad	Maridalen, Oslo	Pesten rundt 1349
Mjølnargårdspellet	1984	Sturla Leth-Olsen	Mjølnargården i Bjugn i Sør-Trøndelag	Ulike tablå frå steinalder til moderne tid
Dei fyrste bergmenn	1984	Manusgruppa Åmli Verk	Tokke i Telemark	Arbeidet i gruva
Utan tittel	1985	Manusgruppa Åmli Verk	Tokke i Telemark	Arbeidet i gruva
Hagbart og Signe – Steigen sagaspele	Festival 1985	Bjørn Eirik Stemland	Vollmoen amfi, Engeløya i Nordland	Segn frå vikingtida i Romeo og Julie stil
Oppgangssaga	1986 for ulike stykke	Arne Ludaløkk	Rennebu Bygdetun Sør-Trøndelag	Ulike tablå frå utviklinga i ulike tidsepokar
Gullalderen	1988	Manusgruppa Åmli Verk	Tokke i Telemark	Arbeid i gruva
Tronge tider	1989	Manusgruppa Åmli Verk	Tokke i Telemark	Arbeid i gruva

Skjema viser at "samfunn" blir tema frå no av. Tidlegare var dei del av kategorien religion. Fleire av desse spela handlar om arbeidaren og arbeidsforhold i gruva i Tokke i Telemark. To spel viser samfunnsutviklinga i lokalsamfunnet i kronologisk rekkjefølgje, frå steinalderen til moderne tid. Eit spel er om svartedauden i 1349, og eit anna spel er eit kjærleiksdrama frå vikingtida..

c) Land- og byspel:

Eit spel om Gamle Sakshaug (1984),

Rørvik-den første lille by på en øy (1988),

5 bilder fra Eidsbergs historie (1970).

Dette er døme på tre spel som er knytt til geografien på staden. Dette blir her kalla for land- og byspel. Dei fleste er tablåspel som viser korleis det "var". Mange av desse spela er også vandrespel der ein går frå scene til scene for å oppleve byen eller plassen.

⁸² Danielsen 1997:6 i vedlegget

Kategori 5: Krigar og slag:

Elden - Rørosspillet (inne i 1980 /1994 ute)

Dette var det første spelet som kom i denne gruppa. *Elden* spinn historia rundt svenskane sine åtak på Noreg på 1700 talet. Spelet er noko så uvanleg som ein historisk rockemusikal. Budsjettet er på rundt 4 millionar og blir sett av mellom 3000- 4000 kvart år. Ein vinterfestival med klassisk musikk er knytt til organisasjonen. Manus er vevd rundt originale rocketekstar av det lokale bandet *Røros All Stars* tidleg på 1980-talet.

Spelet hentar si handling frå den tida då troppene til Karl 12. invaderte Trøndelag i 1718, og 3000 svenskar fraus i hel i fjella på grensa til Sverige vinteren 1718- 1719. Ein av leiarane truga med å brenna ned Bergstaden for å få tak i mat og kopparen på Røros. Troppene herja i bygdene og dette skal ha brakt både harme og medynk. Eit kjærleiksforhold mellom to hovudpersonar står sentralt i spelet. *Tydalsspelet - Karolinernes Hærtog i Tydal i Sør-Trøndelag* frå 1993 spinn historia rundt den same tematikken. Desse to spela har inngått eit kultursamarbeid ”spel for Fred” der også *Slaget Ved Engan Skanse*” inngår.

Kategori 7. Menn og kvinner som har utmerka seg:

Dette er eit nytt fenomen i speltradisjonen. No blir det viktig å visa rolla til eit enkeltmenneske i samfunnet. Spelet om *Abraham Fjelli* er det beste eksempel på det.

Abraham Fjelli (1989)

Spelet er skreve av Inger Ramberg Røthe og blei sett opp på Abrahamvollen og Egge museum i Steinkjær kommune, i Nord Trøndelag. Spelet er om mannen som slit i ei økonomisk krise. Den raude tråden i spelet er at Abraham Fjelli er mistenkt for tjuvhogst. Han går til fots til kong Carl i Stockholm for å få lov til å hogga ved i skogen. Då han kom heim dukka problema opp, og Abraham må gå til kongen ein gong til.

Spelet handlar om den daglege kampen for føda, skikkar og tru og starten til arbeidarrørsla. Tida er frå 1850 til 1872, då samfunnsutviklinga skapte dårlege kår for folk. Kampen for tilværet og sosial naud var den gongen vanleg på små plassar.⁸³

⁸³ Ohrem 1997:15

Kategori 8: Ulike Lagnader:

Maren (inne 1986) (*Maren dømt til døden*)

Spelet er skreve av Svein Bertil Sæther og blei vist inne i Dolm kyrkje, Hitra kommune i Sør-Trøndelag. Stykket handlar om ei kvinne som ble dømt til døden ved halshogging i 1849, fordi ein meinte at ho hadde tatt livet av mannen sin med gift. Spelet presenterar seg med at dei vil fortelja ei tidlaus historie om menneskeleg styrke og veikskap, om indre krefter og ytre påverknad, om et enkeltmenneske sin håplause, einsame kamp for eige verd, og om skremmande krefter som kan ta overhand.⁸⁴

Kategori 9 "Andre tema":

Styggdalsspelet (1978/2008)

Spelet handlar om husmannsvesenet si oppløysing på slutten av 1800-talet og overgangen til det industrielle Noreg, heilt i starten på 1900-talet. 20 år etter urpremierer er klassikaren *Styggdalsspelet* av Hans Rotmo tilbake, skriv arrangørane i overskrifta om spelet, i *Spelhandboka* i 2008. Spelet går over 8 enkeltstående episodar. Dei framhevar spesielt den burleske humoren i spelet.⁸⁵ Spelet har vore passivt i nokre år, men blei sett opp igjen i 2008. Formålet med spelet kan synast å vera først og fremst å mora folk. Rotmo er ein kjent revymann frå mange samanhengar, både tv og teater.

Korleis var utviklinga i 2 . periode?

Det kom framleis fleire nye spel, også mange om kristendommen. Men dei religiøse spela var ikkje lenger einerådane. Mange av spela er godt etablerte i dag. Spela til Vera Henriksen, og fleire andre mindre spel frå førre periode, forsvann etterkvart frå arenaen, mens *Stiklestadspelet* blei godt etablert.

Dei første spela med sekulære tematikk blei registrert: migrasjon, samfunn, rikssamling, slag, og spel på individnivå. Spesielt blei samfunn ein stor, ny kategori med mange spel. Det kom meir fokus på lokalehistorie grupper: kvinnene, framandarbeidaren og arbeidsliv.

Ad. kategorien 1. "Religion": Dei religiøse spela auka frå 5 spel til det tredobbelte. Det mest typiske for denne perioden er at det kom fleire store spel om kristendommen. Andre religionar enn den offisielle norske var ikkje aktuelle som tema for spel. Eg har heller ikkje registrert spel frå andre religionar enn den offisielle norske, som den norske statskyrkje står for.

⁸⁴ Lind 2009

⁸⁵ Lind:27.april 2009

Grunnen til veksten kan vera at det blei eit opnare samfunn på 1960-talet. Det aksepterte ting som ikkje stengt tatt var berre ”krusefiks og salmesong”. Folk var blitt mindre pietistiske. Grunnen var mellom anna at TV hadde førte verda inn i stovene til folk, og at dette braut ned gamle barrierar.

Ad. kategori 2 ”Rikssamling”: *Kristina av Tunsberg* (1971) som var det første sekulære spelet i landet, tar for seg den eventyrlege, askepottaktige, jenta som vinn prinsen og halve kongeriket, som i eventyret. Det er ikkje kva ho sjølv utrettar i samfunnet, men det at ho blir gift med ein prins, og fekk barn som vart kongar, som gav henne ein ekstra verdi i samfunnet. Ho representerar ei passiv kvinnerolle som kone, prinsesse og mor, og som representant for kongehusa i Europa. Likevel er dette spelet interessant fordi det markerar eit skilje, 1) Spelet har ikkje religiøs tematikk og 2) Hovudpersonen var ei kvinne. No handla ikkje lenger spela berre om religion, eller dei store og viktige kongane, som gjorde ein innsats for land og rike. Kongane hadde og ei stammor som hadde født dei. Og 3) Spelet har ein nasjonal tematikk.

Mange har i dag ei oppfatning av at kvinnene i vikingtida var sterke og sjølvstendige. Og at då kristendommen kom, mista dei mykje av makta si fordi dei då måtte underordna seg mannen. Samfunnet blei patriarkalsk og mannsdominert i mellomalderen.

I dei aller fleste viking- og mellomalderspela hadde vanlegvis dei gamle kristningskongane hovudrollene. Kvinnene var meir i kulissane, som mor, dotter og frille. Skulle me hatt det slik det var, ville ingen sett det, sa Haga på seminaret i Nettverket Historiske Spel, 30. september 2009. Han hadde sikkert rett.

Grunnen til at rikssamling var eit aktuelt tema, var sannsynligvis at spela var del av EU kampen på nei sida i norsk politikk. Noreg var framleis ein ung nasjon. Å bringa fram dette med ein ny union, hadde slik sett ein dårleg klang i Noreg, spesielt ute i distrikta. Folk ville no ta meir vare på bygdene.

Rikssamling og religion i norrøn tid var truleg tema i mange spel, fordi vikingtida var oppfatta av mange som vår stordomstid. Historia fortalde om heltar, fiendar og legendariske slag. Heltane vann, trass i sterk motstand mot rikssamling, av småkongane og høvdingane. Og heidningane tapte i kampen mot den nye trua. Jf. Maria Danielsen om dramaturgien og eventyrgjeringa i mellomalderspela. Eg viser her til kapitlet om historie og myte.

Ad. kategorien 3 ”Migrasjon”. Dette blei tema i samfunnet og i spela i denne perioden, og det auka enda meir i neste periode. Musea og skulane byrja å interessera seg for migrasjon.

Grunnen til at migrasjon blei tema, var at flytting vart aktuelt på nytt i det norske samfunnet. Folk flytta frå bygdene inn til byane. Familiane kom litt lengre frå kvarandre. Dette skapte ei viss lengsel etter å finna røtene sine og sin kultur. Folk reiste også meir. Dei opplevde andre

kulturar og andre måtar å leva på. Dette auka truleg toleransen for det om var framandt og annleis.

Svenske rallarar hadde kome til på industriplassane i samband med industrialiseringa. I nord hadde det vore konflikhtar rundt finsk innvandring, mellom nordmenn, finnar og samar. På midten av 1960-talet var det slosskampar i sentrum i Stavanger mellom nordmenn og italienske framandarbeidar i samband med bygginga av Shell raffeneriet i Tananger.

Samar og kvænar vart tidlegare stigmatiserte i vårt samfunn. I skulane var det samiske språket diskriminert. Elevane fekk ikkje bruka morsmålet. Toleranse og integrering blei viktigare enn før for å unngå konflikhtar mellom dei ulike folkegruppene. Samtidig blei samfunnet meir ope med auka arbeidsinnvandring i samband med oljeindustrien.

Ad kategori 4 ”Samfunn”: Dette blir eit aktuelt tema i mange spel i denne perioden. Nokre er intrigespel, andre er tablåspel, eller dei er ei blanding av desse to typane. Jf. oversiktsskjemaet i innleiingskapitlet.

Undervisningsplanane i skulen blei meir utvida, og dermed kom lokalhistorie, kunst og kultur inn. Dei blei opna for meir stoff om det nære og folkelege. Ein lærde korleis bonden dyrka potetene og fiskaren ordna garna sine. Bygda og området rundt blir område å utforska for skuleelevane. Det blir tatt ekskursjonar i nærrområde for at elevane skulle bli betre kjent med lokalhistoria og plassen dei budde på.

Frå 1984 til 1994 er det registrert heile 8 forskjellige spel frå manusgruppa på Åmdal verk.⁸⁶ Frå 1984 –1990 er det fem spel som alle har utgangspunkt i arbeidarhistorie rundt gruvedrifta i Tokke kommune. Dette viser ei utvikling mot spel som handlar om arbeidsliv og arbeidsplassar, demonstrasjon av arbeidsmetodar og arbeidsreiskap. Gruvene blir spelarena.

Det kom også spel som var knytte til plassen og geografien. Desse spela har til formål å fortelja den lokale historia om plassen, for at folk skal kjenna si historie og sin identitet. Døme er *Rørvik- den første lille by på en øy* (1988) av Johannes Heggland, som blei vist på Vestnorsk utvandarsenter på Radøy.

Hagbart og Signe - Steigen Sagaspel er eit kjærleiksdrama med fiktive hendingar og personar, sett opp på eit ringtun frå vikingtida. Men det fortald om korleis livet truleg var på den tida. *Maridalsspillet Svartedauen* (1974) handla om samfunnsforhold på i Oslo under den store pesten i 1349.

Ad. kategori 5 ”Krigar og slag”: Det første spelet i denne gruppa kom i denne perioden, *Elden – Rørosspelet*.. Grunnen til at dette vart tema har truleg med at dei unge søkte etter meir spaning og underhalding. Det var mange tilbod å velja mellom. Konkurransen var stor frå film,

⁸⁶ Danielsen 1997:6

tv og glansa magasiner. Slaga eigna seg til dramatisering av historia for scene. Det var god underhalding og spanande. Problemet var at spela kunne bli tømde for innhald, men det stemte ikkje alltid, fordi mange profesjonelle forfattarar skreiv om krigane. Fredsbodskapet som i t.d. *Rørosspelet* gav spela ein tilleggsverdi.

Ad. kategorien 6: "Ulykker" : **Ad. kategorien 6: "Ulykker":** Det er det ingen spel under denne kategorien spel i denne perioden. Spela blei ikkje brukte som minnemarkeringar.

Ad kategorien 7 "Kvinner og menn som har utmerka seg". *Abraham Fjelli*(1989) er eit spel som er laga for å heidra ein mann som har utretta noko stort for mange i bygda han budde i. Gjennom spelet vil arrangørane/producentane framheva han som eit ideal for etterfølging for andre. Me skal læra av kva han gjorde for samfunnet.

Ad. Kategorien 8: "Ulike lagnader". Det er ingen spel i denne gruppa i denne perioden. Grunnen var truleg lite fokus på individa og deira lagnad denne perioden.

Ad. kategori 9 Andre tema: Komediar og revyar var aukande både i form og innhald. Nokre var reine komediar, mens andre var humoren meir ein del av spelet. Humoren er viktigare enn før fordi dette hjelper med å halda på publikum.

Kvifor kom det mange nye spel i periode 2?

Årsaker til engasjement og interesse for å setja opp nye spel er knytt til det sosiale, historieforteljinga, dramaet og eit ønskje om å byggja identitet og tilknytning. I tillegg er det eit ønskje om å setja bygda på kartet gjennom stimulering av kunst og kultur.

Det var ønskje om levande bygder med kunst, kultur og festivalar, fordi dette skapte samhald og fellesskap. Mange flytta til byane. Sentralisering og internasjonalisering i Europa i denne perioden, kunne opplevast som ein trussel mot bygde-Noreg. Tilknytning til fellesskapet i Europa var eit sentralt spørsmål mange måtte ta eit standpunkt til. Og eit større fokus på eigen lokal kultur og historie var viktig i denne debatten.

Det offentlege satsa meir på kunst og kultur fordi det skapte identitet og historiemedvit. Det blei viktig å kjenna den lokal staden dei budde på. Elevar blei sende på lokale ekskursjonar, utfluktar, på kino og historiske spel. Arrangøren til *Mostraspelet* til døme hadde aktive opplegg for skulane i heile fylket der dei lærde om vikingtida.

På musea og i bedrifter blei arbeid, busetting og religion populære speltema. Døme er i Tokke kommune. Dei produserte minst åtte spel om arbeidet i gruva over denne og neste tidsperiodar. Ei foreining knytt til gruvedrifta var arrangør.

Å bruke den lokale historia blei viktig for mange små plasser, men det historiske materiale var ofte nokså tynt. Derfor er dette ofte mytologisk stoff, eller små fragment av historie. Gjerne er det eit stadnamn frå Snorre t.d. Halvdanshaugane, eit hov knytt til norrøn mytologi i Trøndelag, eller ein haug frå utgravingar, t. d. Borrehaugane. Jf. Sigurd Ohrem.⁸⁷

Det var overdriven interesse for enkelte sider ved fortida, mens andre sider kunne bli aktivt gløymd. Ein snakkar gjerne om ein gløymepolitikk. Døme på det er konflikhtar i nærmiljøet under 2. verdskrig. Tyskertøsen og dei stripevart aktivt gløymde. Vikingtid og mellomalder var dominerande i denne perioden. Vikingen blei truleg brukt for å skapa nasjonale kjensler og tilknytning.

Spela skapte ringverknader. Litterære forfattarar som Johannes Heggland og Rolf Losnegård, saman med teatersjef og instruktør Anne Gullestad, la grunnlag for fleire spel på Vestlandet. I Tønsberg blei det sett opp fleire historiske spel av Kåre Hol på slottsfjellet i Tønsberg: *Kristina av Tunsberg* (1971) og *Jord* (1974). Speltradisjonen stod sterkast lenge i Trøndelag fylka. *Stiklestadspelet* skapte ringverknadane i trøndelagsfylke og i heila landet. Det var i Trøndelag at motstanden mot kristendommen hadde vore sterkast i mellomalderen. Dei held seg lengre til dei gamle norrøne gudane enn folk på Vestlandet til dømes. Heidenskap kontra kristendom, og konflikthane rundt dette var ”mat” for dramatikaren som var avhengig av dramatisk stoff å ta av. Når det i tillegg skapte nasjonale kjensler og lokal tilknytning, var det ideelt som speltema.

Mange av spelstadane var kultplassar med gamle tradisjonar lang tilbake i tid. På Stiklestad og i Nidaros t.d. var helgendyrkinga sterk etter slaget. Etter reformasjonen har dette inntatt nye former og handlar om skifte av trusretning. Jf. perioden 1 om *Stiklestadspelet*. Moster var også ein historisk plass. Det var der kristendommen kom til landet, og den første kyrkje vart bygd der. Kristenrettane vart vedteken på tinget.

Spel blei ein populær sjanger. På scenane blei språket meir levande. Det blei eit språk som folk kunne kjenna seg heime i, ikkje riksmålsspråket som ein hadde hatt på institusjonsteatera. Det som skjedde på scenane rundt om i distrikta, gjaldt oss alle. Amatørar og profesjonelle i eit samarbeid, gjorde spela spesielle. Publikum kom for å sjå ungane sine, naboen eller venner på scenen. Mange fekk eit eigeidomsforhold til spela, fordi det handla om deira historie, og aktørane var lokale kvinner, menn og barn frå bygda. Det var sosialt å delta, og det var sosialt å gå på spela. Folk hadde tid og økonomi til det i 1970- og 1980-åra. Men at spel vart sett opp i all slags vær, gjorde likevel spela til eit risikoprojekt. Mang eit spel regna bort. Men når været var bra, kunne det vera magisk å sitja under open himmel og sjå lokalhistoria blir dramatisert.

⁸⁷ Ohrem 2005:17

Spela hadde også ein kommersiell verdi. Dei skulle selja bygdene som reisemål, og derfor satsa sponsorane og kommunane på spel. Auka bevillingar og sponsorstøtte finansierte mange nye spela over heile landet fordi ein meinte at dette ville styrkje lokalsamfunnet. Dette var viktige tiltak for at bygdene ikkje skulle dø ut, meinte mange.

Turisme blei også viktigare enn før, fordi dette genererar ressursar i distrikta. Det blei bygde opp alternativ til den urbane, profesjonelle kunsten og kulturen i byane. Festivalar, bygdedagar og friluftsteater var del av desse tiltaka.

2.3 PERIODE 3 (1990 til 2008)

Det kom svært mange nye spel i denne perioden. Eg har derfor tatt eit lite utval som kan vera representative for denne perioden fordi dei fortel om utviklinga:

Kategorien 1 Religion:

a) Viking- og mellomalderspel:

***Olav Engelbrektsson* (1993/1996)**

Spelet og handlinga er henta frå overgangen frå den katolske trua til protestantismen i Noreg. Spelet handlar om det dramatiske maktspelet mellom kyrkje og stat med den siste katolske biskopen Engelbrektsson i hovudrolla. Operaen er skriven av Edvard Hoem og musikken er av Henning Sommero. Stein Winge hadde regien. Operaen kom i 1993 som musikkdramaet *Lucie*, og blei omarbeidd i 1996 med namnet *Olav Engelbrektsson*.⁸⁸ Grunna konflikhtar rundt bruken av slottsruinane mellom kulturvernemiljøet og arrangørane av spelet, blir spelet sett opp utanfor murane frå 1996.⁸⁹

Hendingane på Steinvikholmen for 450 år sidan er rama for spelet. Erkebiskop Olav Engelbrektsson bygde slottet tidleg på 1500-talet, som ein siste skanse mot dansk undertrykking. Slottet stod ferdig i 1582, og vart rekna som det største byggverket frå den nordiske mellomalderen. Biskopen var formann for det norske riksrådet, og dermed den fremste politiske leiar i landet. Olav forsvarte landet mot danskane, men i 1537 blei han slått, og flykta til Nederland.

Under reformasjonen vart det store omveltingar. Mest over natta vart Noreg katolsk utan å kunna påverka denne avgjera sjølv. Pålegget kom direkte frå kongen i Danmark og kyrkja måtte nokså raskt omstilla seg til protestantismen.

⁸⁸ Vågen 1997:81, samt e-post frå arrangørane av spelet som svar på ei kort spørreundersøking oktober 2009

⁸⁹ Ohrem 2005:81,81

***Sunniva og Viking Ravn* (1995)**

Dette spelet er skriven av Rolf Losnegård, og blei sett opp i samband med tusenårsjubileet for kyrkje i 1995 på Moster Amfi som ligg ved Moster kyrkje på Moster. Kongen og dronninga var til stades på premieren i 1995. Dette spelet er den forteljinga som er fletta inn i *Kinnaspelet* og handlar om kong Ravn og Sunniva. Intrigen er trua. Dei to hovudpersonane er ikkje samde om kva dei skal velja, heidenskapen eller kristendommen.⁹⁰

***Giskespelet- "Olav Haraldsson og Arnungane på Giske* (1995)**

Spelet er skreve av Johannes Heggland. Det blir vist på Giske i Møre og Romsdalen. Og blei sett opp i 2005 og 2007 og er dermed aktivt også i dag. Spelet handlar om Olavsmyta, men her om den grimme Olav før slaget. Dette er eit av mange spel som handlar om kristninga av landet og sett inn i tida der Noreg blei kristna.

***Dragseidspelet. På sverdegga* (1997)**

Spelet er skreve av Rolf Losnegård. Spelplassen er Dragseidet i Selje kommune, staden innanfor Stad, der skip blei trekte over land. Der skal kristninga ha føregått. Spelet baserar seg på Snorre og Flatøyarbok sine skildringar av dramaet på Stadlandet, omkring Olav Trygvasons kristning av dei fire fylka. Arrangør er Stadlandet Ungdomslag.⁹¹

***Himmelstigen* (2000)**

Dette er eitt av over ti spel som tar utgangspunkt i Olavsmyta. I spela møtar ein Olav Haraldsson på veg til slaget på Stiklestad. Spelet blei arrangert av Olavsdagane i Sarpsborg og blir sett opp ved Borgarsyssel museum i Østfold. Dette er ein roadmovie om Olav den Heilage før slaget. Dette er ein periode i vikinghistoria med villskap og visjonar, tvil og tru.⁹²

***St Halvard spillet. Halvards valg* (2000)**

Spelet er skreve av Rolf Losnegård. Spelstaden er Gilhusodden ved Drammensfjorden i Lierne kommune i Buskerud. Spelet handlar om Halvard frå Huseby gård som blir helgenen St. Halvard. Handlinga går parallelt med Halvards liv, og går føre seg på 1100-talet.⁹³

⁹⁰ Danielsen 1997:9, og informant Rolf Losnegård

⁹¹ Informant Rolf Losnegård

⁹² Ohrem 2005:27

⁹³ Informant Rolf Losnegård

***Limaspillet Det er farlig å tvile, det er farlig å tru.* (2003)**

Handlinga utspelar seg i alle hovudsak på 1300-talet, rundt Nannestad Klosterhospits ved Lima i Akershus. Spelet blei sett opp i 2005, 2007, 2008. Romerike Friteater er arrangør. Spelet handlar om ei ung jente på pilegrimsferd, som på godt og vondt møtar munkar og folk frå bygda.⁹⁴ Her ligg konflikt mellom åsatru og ny tru, og eit kjærleiksforhold. Førestillinga er ei form for musikkspel, der song og musikk er ein del av uttrykket.

***Olsokspelet i Fyresdal* (2005)**

Spelet blei vist ved Vest-Telemark museum. Det handlar om ein embetsmann som kom til Fyresdal i 1873. Han fortel segna om munkane og biskopen som besøker Fyresdal med eit relikvie av Olav den Heilage. Munkane ønskjar å byggja eit klosterhospits i bygda. Det er bryllaup, ølet flyt og det er lystig stemning med trommespel og langdans.

b) Heksespel:

***Synnøv Sønnøvsæter* (2003)**

Spelet blei sett opp ved kyrkja i Skaun i Sør - Trøndelag i 2003. Spelet handlar om søstera til den siste kvinna som blei brent som heks i Noreg. Etter eit segn blei ho tatt av dage av ein religiøs nabo som ho kom i konflikt med. Ho vart drepen med ein knapp fordi ho hadde lækjande evner.

***Tjærebrennerens datter (Randi)* (2003)**

Det handla om hekseprosessane i denne perioden: ved Løkken Verk, Meldal kommune i Sør - Trøndelag. Bergmannsteateret er arrangør. Forteljinga er om ein kvinnelagnad på 1600-talet, der hovudpersonen blir utsett for ein hekseprosess, og blir dømt for hekseri. Stykket knytte seg opp mot aktuelle spørsmål i dag, med moderne "hekseprosessar". Tema er spørsmål om avvik frå normene, og kor vanskeleg det er å skilja seg ut i samfunnet.⁹⁵

c) Moderne tid:

***Broder Nikolai* (2005)**

Spelet blir sett opp av Kvennstuguteateret i Stange i Hedmark. Regissør i 2005 var Stein Winge. Spelet er inspirert av Carl Oluf Rosenius si nådeforkynning, og songtekstane av Lina Sandell. Dei set også opp *Hu Dagmar* og *Hansen*. Dei hadde oppsettingar i 2005, 2006, 2007 og 2008. Det blir sett opp nytt stykke kvart år.

⁹⁴ Katalogen til *Limaspillet* 2009

⁹⁵ Ohrem 2005:62

***Presten Landstad og Jomfru Crøger* (2005)**

Spelet er skreve av Edvard Hoem. Det blei vist ved Seljord kyrkje. Arrangør var Sogelandet. Crøger samla inn og skreiv mellomalderballadar, folkeviser, stev, segn og eventyr. Crøger som viste vegen til skattane fekk ingen plass i historia. Ikkje alle likte at dei to, ein prest og ei ugift kvinne arbeidde så tett saman. Crøger fikk ikkje stor ære for det arbeidet ho gjorde, mens Landstad som var mann, fekk heider og all ære.

***Trua og saltet* (2005)**

Spelet som er skreve av Torvald Sund, blir sett opp på Vikna i Nord-Trøndelag. Det blei sett opp i 2005, 2006, 2007 og 2008. UL Heimdal er arrangør. Her får alle oppleve ein kyrkjesundag på Garstad på starten av 1800-tallet. UL Heimdal, og ein tropp på over femti, profesjonelle og amatørskodespelar og songarar, deltar. Dette er historia om de utstøtte frå kyrkja, Hans Nilsen Hauge og folket som levde på Viknaøyene på byrjinga av 1800-tallet.⁹⁶

Tittel	år	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Olav Engelbrektsson	1993/ 1995	Edvard Hoem	På Steinvikholm i Trondheimsfjorden	Den siste katolske biskopen i Noreg
Sunniva og Viking Ravn	Jubileet 1995	Rolf Losnegård	Moster på Bømlø i Hordaland	Konflikt gamal og ny tru
Olav Haraldsson og Arnungane på Giske Giskespelet	1995	Johannes Hegglund	Giske i Møre og Romsdalen	Om Olavsmyta, men her om den grimme Olav
På Sverdeggja Dragseidspelet.	1997	Rolf Losnegård	Dragseidet, i Selje kommune, Sogn og Fjordane	Dramaet rundt kristninga, Olav Trygvason i dei fire fylka
Himmelstigen	2000	Kjell Kristiansen	Borgsyssel museum, Sarpsborg i Østfold	Olav "den heilage", frå hans omflakkande år før slaget, om villskap, visjonar, tvil og tru
Halvards valg St Halvard spillet	2000	Rolf Losnegård	Lier i Buskerud	Halvard frå Huseby gard på Lier som blei helgen på 1000- talet.
Det er farlig å tvile, det er farleg å tru- Limaspelet	2003	Jorun M. Skryseth	Nannestad Klosterhospits, Akershus	Pilegrimsferd. Konflikt mellom åsatru/ ny tru, og eit kjærleiksforhold
Synnøv Sønnøvsæter	2003	Geir Johan Nergaard	Ved kyrkja i Skaun, Sør- Trøndelag	Hekseprosessane
Tjærebrennerensdatter (Randi)	2003	Ulrik Svalsten	Løkken Verk, Meldal Kommune, Sør - Trøndelag	Hekseprosessane
Broder Nikolai	2005	Ove Ansteinsson	Stange i Hedmark.	Carl Oluf Rosenius si nådeforkynning og songtekstane av Lina Sandell.
Olsokspelet i Fyresdal	2005	Øystein Morten	Vest-Telemark museum	Segnet om munkane og biskopen som besøkte Fyresdal
Trua og saltet	2005	Torvald Sund	Vikna i Nord-Trøndelag	Hans Nilsen Hauge og folket som levde på Vikna
Presten Landstad og Jomfru Crøger	2005	Edvard Hoem	Tusenårstaden ved Seljord Kyrkje i Telemark	Innsamling av mellomalderballadar, folkeviser, stev, eventyr

Skjemaet over nye spel, viser at det kom også mange religiøse spel i denne perioden. Det var heksespel, pilegrimsspel, spel om Heilag Olav og Olav Tryggvasson. Det kom også spel frå

⁹⁶ Websidene til Trua og saltet 2008, samt Lind 2008

moderne tid. Eit spel handla om Hans Nilsen Hauge som var i opposisjon til kyrkje, men som også var ein kjent næringslivsmann.

2. Kategorien Rikssamling (frå norrøn tid):

Tematikken ”rikssamling” blir det mange av frå 1990. Dei fleste har henta handlinga frå dei gamle sogene om dei gamle norrøne kongane, mens andre er frå historiske segn og legender.

***Herøyspelet - Kongens ring* (1992)**

Spelet er skreve av Rolf Losnegård, og blir sett opp på Herøy i Møre og Romsdalen. Spelet blei sett opp i 2005, 2006, 2007 og 2008. Spelet fekk støtte frå Kulturrådet i 2006. Stiftinga Herøyspelet er arrangør. To rivalar kjempar om Unn den Fagre. Olav Haraldsson grip inn i holmgangen og sendar den eine som skattekrevjar til Færøyane. Spelet baserar seg på eit avsnitt i Snorre om konflikten mellom Karl den morske og Olav den heilage.⁹⁷

Rygekongen* (inne1996/ ute 2006) *Hafrsfjordspela

Songtekstane til denne operaen er skrivne av Randi Wedvich og teksten av Anne Margrethe Olsson. Komponist er John Gunnar Akerø. Spelet blei sett opp inne, ved urpremieren i 1996. I 2005 og 2006 blei det sett opp i Møllebukta ved Hafrsfjord i Stavanger. Stiftinga Hafrsfjordspillene stod som arrangør. Stavanger Operakor song og spelte rollane saman med fleire profesjonelle operasongarar frå Den norske opera, tyske Operahus og eit filharmonisk orkester frå Ungarn.

Spelet handlar om Erling Skjalgson. Det handlar om herredøme til Erling, samarbeidet med Olav Trygvason, og striden med Erik Jarl og Olav Haraldsson. Stykket endar med at Erling vart drepent i eit sjøslag ved Bokn 21. desember 1028.⁹⁸

Arrangørane har knytt minnedagar til dette spelet. Kvart år minnast dei Erling sin dødsdag 21. desember, med å arrangera minnedag. Stavanger Domkyrkje har vore arena for slike markeringar, der professor Torgrim Titlestad og biskop Ernst Baasland talar og Operakoret syng.

Forfattaren Solveig Aareskjold tar gjerne opp tema frå norrøn og gresk gudelæar og spinn trådar vidare til dagens samfunn. Ho har kritisert fleire av vikingspela i Stavanger Aftenblad. Ho opplevar spela som både gamaldagse og sidrumpa. Spesielt var ho opptatt av kvinneneorollene som ho meiner er framstilt heilt feil. I *Rygekongen* blir dronninga Astrid framstilt med feil karaktertype. Ei kongsdotter ville aldri ha lagt seg ned på golvet å skrike

⁹⁷ Opplysingar frå Rolf Losnegård på e-post 04.11.09

⁹⁸ Katalogen til *Rygekongen* 2006

fordi ho vart tvungen å gifta etter stilling og stand. Ho var av høg byrd, og ei kongsdotter oppførte seg ikkje slik, hevda ho. Arrangørane forsvara seg med at dei ikkje kjende seg igjen i kritikken. Kvinnene var sterke og mektige i mellomalderen.⁹⁹

Spelet om Kråka (2000)

Spelet er skreve av manusforfattaren Peder W. Cappelen. Det kom i 2000, og har vore aktivt sidan. Musikken er av Håkon Berge. Cappelen som døde i 1992, har skreve over 30 teatermanus. 10 av desse kan kallast historiske spel. Spelet blei vidare utvikla av Bentein Baardson og dramaturg Bodil Kvamm. Spelet blir vist på Lindesnes i Aust - Agder. Agder Teater er arrangør. Spelet blei sett opp i 2006 og 2008.¹⁰⁰

Manuset byggjer på eit gamalt segn som fattigjenta Kråka, som eigentleg er ei stranda prinsesse. Jenta imponerar Lodbrok med sin utsjånad og hennar evne til å snakka med dyra. Han tar henne til ekte, og som dronning Åslaug blir ho mor til heile den norske kongeslekta.

¹⁰¹

Kongen frå Etne (2000)

Sogespelet er skreve av Johannes Heggland og blir vist i Etne sentrum i Hordaland. Det blei sett opp i 2005, 2007 og 2009. I 2005 fekk spelet støtte frå Norsk Kulturråd. Arrangør var Sogespelet Etne. Rundt 30 amatørskodespelarar var med.¹⁰² Spelet omhandlar den dramatiske tida på 1100-talet då Erling Skakke og sonen hans, kong Magnus Erlingsson, styrde landet. Kristin, dotter til Sigurd Jorsalfar, har ein sentral plass i spelet. Magnus blei utropt til konge berre 5 år gamal, og seinare blei han krona og velsigna av kyrkja.¹⁰³

Sagnet om dronning Åsa (2001)

Spelestad er på Hove Amfi, Tromøy i Agder. Arrangør er Arendal dramatiske selskap. Åsa, Halvdan Svartes mor, blir fylgt gjennom ungdomstid og sonen sin oppvekst. Seinare reisar dei til Borre, der Halvdan, saman med bror sin Olav Geitstadalv, tar over kongemakta etter far sin, Gudrød Veidekonge.¹⁰⁴

⁹⁹ Stavanger Aftenblad 10.07.2006 og 12.07.2006

¹⁰⁰ Isene 2009

¹⁰¹ Lind 2008

¹⁰² Isene 2008

¹⁰³ Ohrem 2005

¹⁰⁴ Ohrem 2005: 45

***Sagaspelet Lofotr. Ved Urdabunn* (2002)**

Spelet blir sett opp på Vikingmuseet på Borg, Vestvågøy i Nordland. Det blei sett opp i 2005, 2006 og 2008.¹⁰⁵ Stiftinga Sagaspel Lofoten var arrangør. Spelet hentar handlinga frå 800-talet, og dei første forsøka på å samla Noreg til eit rike. Val av parti for og i mot samling skapar splid og usemja blant folk i bygda.¹⁰⁶

***Audun Hugleikson - kongens mann* (2002)**

Spelet er skriva av Edvard Hoem, og musikken er av Henning Sommero. Spelet blir sett opp i Jølster, Sogn og Fjordane, og handlar om den fantastiske karrieren til baronen Audun Hestakorn (1240-1302), til han vart drepen i galgen på Nordnes i Bergen i 1302.¹⁰⁷

***Kongsgilde på Avaldsnes* (1994)**

Spelet er skriva av Johannes Heggland. Spelstaden er Haugesund kommune. Tematikken tar for seg drapet på Tore Sel som var årman på Avaldsnes. Åsbjørn Sigurdson drep Tore fordi han har lurt han og tatt frå han masse korn. Erling Skjalgsson hjalp drapsmannen til å bli ein fri mann etter drapet. Dette fører til konflikhtar mellom Erling og Olav som til slutt får ein fatal utgong.

***Egdene Våkner* (2004)**

Spelet er skriva av Torjan Bodvin. Spelstaden er Hove Amfi, Arendal i Agder. Arrangør er Arendal Dramatiske Selskap. Tema er norske vikingar på 800-talet. Stykket omhandlar dronning Åsa sine foreldre, og startar då dei er unge. Sentralt står samlinga av Agder under ein konge med vikingtokter, klosterran og erotikk.¹⁰⁸

***Harald Hårfagre* (2007)**

Spelet er skriva av Erling Gjelsvik, og handlar om livet til Harald Hårfagre og slaget i Hafrsfjord i 872. Dette er første fase i rikssamlingsprosessen, og er sterkt knytt til Vestlandet der samlinga av landet starta. Tema i spelet er makt og maktkamp. Tematisk kan historia minna om Shakespeares Macbeth. Kva gjer makt med eit menneskje? Kva kan ein sterk vilje utretta? Målet er å fortelja vår dramatiske historie til publikum i dag. Kan vi forstå den brutale historia, og læra noko av den? Kan vi trekke parallellar til notid og framtid?

Stykket går på to tidsaksar. Den aldrande Harald Hårfagre slit med å halda riket sitt saman, ei oppgåve som kompliserast av at han fått altfor mange søner med minst elleve forskjellige kvinner. Sentralt i kampen om tronfølga står sønene Eirik Blodøks og mor hans Ragnhild. Ho

¹⁰⁵ Isene 2008

¹⁰⁶ Ohrem 2005

¹⁰⁷ Ohrem 2005:55

¹⁰⁸ Ohrem 2005:45

er intrigemakaren framfor nokon, og set i scene ein serie brodermord for å rydda vegen for Eirik. Parallelt med dramatikken rundt disse intrigane rullar ein opp forteljinga om korleis Harald kom til makta. I siste akt blir Haralds yngste son, Håkon, redda ut av landet. Han unngår øksa til broren Eirik, og blir i staden oppfostra hjå den kristne kong Adalstein i England.¹⁰⁹

Tittel	År	Forfattar	Spelestad	Kommentar
Herøyspelet Kongens ring	1992	Rolf Losnegård	Herøy i Møre, Romsdalen	Olav Haraldsson Kjerleik og makt
Rygekongen Hafrsfjordspela	1996 inne	Randi Wedvich, Anne Margrethe Olsson	Hafrsfjord, Stavanger i Rogaland	Om Erling Skjalgson – Rygekongen og livet hans
Spelet om Kråka	2000	Peder W. Cappelen	Lindenes i Aust-Agder	Ei stranda prinsesse blir mor til den norske kongeslekta
Kongen frå Etne	2000	Johannes Heggland	Etne i Hordaland	Erling Skakke og sonen hans, Magnus Erlingsson, 1100-talet
Sagnet om dronning Åsa	2001	Torjan Bodvin	Hove Amfi, Tromøy i Agder	Om mor til Halvdan Svarte
Sagaspelet Lofotr. Ved Urdabunn	2002	Jahn – Arill Skogholt, Torbjørn Gabrielsen	Vikingmuseet på Borg, Vestvågøy i Nordland.	800-talet, val av parti for og i mot samling skapar splid og usemja
Audun Hugleikson - kongens mann	2002	Edvard Hoem	Jølster i Sogn og Fjordane	Baronen Audun Hestakorn (1240-1302) som vart drepen i galgen på Nordenes Bergen
Kongsgilde på Avaldsnes	1994	Johannes Heggland	Haugesund, Rogaland	Drapet på Tore Sel
Egdene Våkner	2004	Torjan Bodvin	Hove Amfi, Agder	800-talet med utgangspunkt i dronning Åsa sine foreldre
Harald Hårfagre /Hårfagre	2007/2009	Erling T. Gjelsvik	Stavanger i Rogaland	Harald Hårfagre og slaget i Hafrsfjord

Skjemaet viser at det kom mange spel om rikssamling i denne perioden. Dei spennar seg i tid frå 800 talet til 1300-talet. Eit har henta historia frå eit gammalt segn. Kjende forfattarar som Hoem, Cappelen, Gjelsvik, Heggland og Losnegård skreiv mange spel med fokus på makt og maktkampar i norrøn tid. At dei har gode manus skrivne av profesjonelle forfattarar, kan vera årsaka til at desse spela er så levedyktige som dei er. Men det kan også ha med tema å gjera, at det er eit nasjonalt tema folk framleis er opptatt av.

Kategorien 3: Migrasjon:

Spillet om innvandarane (1993)

Manus er skriva av Merete Wiger. Spelestad er på Finnetunet, Svullrya i Hedmark, og er blitt vist i Stockholm som gjestespel. Tema er den finske innvandringa til det austlege Noreg. I

¹⁰⁹ Manus og katalog for Harald Hårfagre 2007

handlinga følger me to finske par gjennom dei konfliktane som oppstår i forholdet mellom norske myndigheitar og spørsmålet om finsk eigenart og identitet ¹¹⁰

Amerikafeber (2000)

Spelet er skriva av Johannes Heggland og handlar om draumen om Amerika, eller draumen om eit Soria Moria, det fôrgjetta landet. Om spel som blir eventyrleggjort. Jfm. Maria Danielsen om eventyrstrukturen i migrasjonsspela. ¹¹¹

Sonen til bonden drøymmer om å dra til Amerika. Han trassar alle, mor, kjærasten og bygda, og planlegg å emigrera til Amerika. Han får jenta med seg på dette, men ho møtar ikkje opp på kaia då båten skal gå. Dette tvingar han til å revidera verdiar sine i livet. Til slutt bestemmar han seg for ikkje å reise likevel, og med det vinn han halve kongrike og prinsessa. Han er helten i dramaet som nesten har vore i Soria Moria slottet, men som valde å bli i landet likevel. Alt gjekk godt til slutt som i eventyret. ¹¹²

Spela handlar om den vesle mannen og samfunnet, og korleis migrasjonen verkar inn på samfunnet. Her ligg intrigen og konflikten med forholdet mellom dei sosiale gruppene, dei rike og dei fattige, kjæraste, prest og fut. Folk vil her identifisera seg med helten som vinn til slutt, sjølv om han ikkje når sitt mål om å dra til Amerika.

Ein rallars kvardag i 1890-åra (1992)

Spelet er skriva av manusgruppa på Åmli Verk og er sett opp i Tokke kommune i Telemark i 1992. Spelet skildrar Ole som vil dra til Amerika. Familien synes at det er synd han reiser. Jenta hans, Eli, lovar å koma etter når han har fått seg arbeid og har lagt opp pengar. ¹¹³ Spelet tek utgangspunkt i konflikten mellom ulike interesser, dei som drar og dei som blir igjen i landet.

Havlandet (2002)

Dette spelet blei sett opp i Skifte i Gratangen, arrangert av Gratangen Teaterlag. Spelet blei vist i 2005 og 2007. Spelet tar utgangspunktet i kvensk innvandring under hungersnauða på Nordkalotten på 1800-talet. Tre stammer møter kvarandre: Kven, same og nordmann. I spelet møter me ein kvensk innvandrar frå barndom til alderdom, under den stadige kampen for

¹¹⁰ Ohrem 2005:33

¹¹¹ Danielsen 1997

¹¹² Danielsen 1997,:2 i vedlegget

¹¹³ Danielsen 1997:6 i vedlegget

tilværet. Handlinga dreiar seg om konfliktane hovudpersonen opplever i skjeringspunktet mellom sin kryssande tilknytning.¹¹⁴

***Utvandrerospillet om Jehans Nårbu* (2003)**

Spelet blir vist på Trondsvang samfunnshus på Fåvang i Ringebu i Oppland.¹¹⁵ Ringebu amatørteater er arrangør. Handlinga skal vera sann, og fortel om den første utvandrararen til Amerika, frå Venabygd i Gudbrandsdalen til Texas.

***Emigrantspelet* (2003)**

Spelet er skriva av Eldgrim Springgard og blir vist ved Hallingdal museum, Nesbyen, Buskerud. I 1862 drog Ola og Gro frå Ål til Amerika. Spelet er basert på breva ho sendte heim og det blir spelt som vandreteater ved det huset dei bygde i Nord Dakota. Dette er flytta og sett opp igjen på dette museet.

***Spelet om nybyggerkjerringa* (2003)**

Manuskriptet er av Stina Fagertun. Spelet blir sett opp på tre ulike plassar, Målselv, Bardu Bygdetun og Krogstadtunet i Sørreisa. Arrangør er Midt – Troms Historiske Spill, Midt Troms Museum og Målselv Kulturskole. Det blir brukt lokale amatørskodespelarar frå Målselv og Bardu kommune, samt elevar frå Kunstskulen i Målselv.

Spelet omhandlar innvandringa sørfrå, med fokus på nybyggarkjerringa, og vil, sitat frå forfattaren: ”avspeile den styrke og kjærleik som måtte vera til stades, samt å hylle de kvinnene som tok utfordringa med å slå seg ned under ein hard nordnorsk himmel.”¹¹⁶

Namn på spelet	År	Forfattar	Spelstad	Type
Ein rallars kvardag i 1890-åra	1992	Manusgruppa på Åmli Verk	Gruvane i Tokke i Telemark	Utvandring til Amerika
Spillet om innvandarane	1993	Merete Wiger	Finnetunet, Svullrya i Hedmark	Finsk innvandring
Amerikafeber	2000	Johannes Heggland	Vestnorsk utvandrings-senter, Radøy i Hordaland	Utvandring til Amerika
St. Hans spela: Auksjonen	2000	Gregers Lund	Eiketunet Museum, Gjøvik, Oppland	Utvandringa til Amerika
Havlandet	2002	novelle av Carl Schøyen, for scene av Lars Høgset	Skifte i Gratangen	Møte mellom same, nordmann og kvæn
Utvandrerospillet om Jehans Nårbu	2003	Kristin Sjøhoel	Fåvang i Ringebu i Oppland	Utvandringa til Amerika
Emigrantspelet (2003)	2003	Eldgrim Springgard	Hallingdal museum, Nesbyen, Buskerud	Utvandring til Amerika
Spelet om nybyggerkjerringa	2003	Stina Fagertun med vidare bearbeid. av Monica Karlstad	Tre plassar, Målselv, Bardu Bygdetun og Krogstad tunet i Sørreisa.	Innvandring sørfrå til dei nordligaste fylka.

¹¹⁴ Ohrem 2005:72

¹¹⁵ Ohrem 2005:36

¹¹⁶ Katalogen *Nybyggerkjerringa* 2008

Skjema viser at migrasjon auka mykje i denne perioden. Dei handla både om innvandring frå Finland og utvandring til Amerika, og om migrasjon frå Sør - Noreg til Nord-Noreg.

Det ikkje spel om innvandring frå Syd - Europa, men i 2009 kom det eit spel om ein muslim på Vøienvolden gård på Sagene i Oslo. Dette spelet tar for seg etniske motsetningar og klasseskilje. Spelet er kalla "Spøkelsene i Vøievolden" . Men dette spelet er ikkje med her, fordi det ligg utanfor den tida som er med i denne undersøkinga. Dette viser likevel ei utvikling i tid.

4. Kategorien "Samfunn":

a. Generelle samfunnsforhold er følgjande:

St. Hans spela: Auksjonen (2000), Bryllupet (2002), Arven (2004)

Spela blir vist på Eiketunet museum, på Gjøvik i Oppland. Det er ein Tunstad- trilogi frå 2000, 2002, 2004. *Auksjonen* (2000) er første del, andre del er *Bryllupet* (2002). Tredje del er *Arven*, om Hans Nielsen Hauge og kva han betydde for industrialiseringa rundt Mjøsa under Napoleon tidleg på 1800-talet. *Bryllupet* er om ein mann som vil gifta bort dotter si. Handlinga er lagt til mellomalderen, i år 1576.¹¹⁷

Gardbergspelet Eg Gudegjest, rita runene (truleg i 2002)

Spelet er skreve og regissert av Eigil Steinsfjord. Spelstaden er Gardbergfeltet, tusenårsstaden i Valdres i Oppland. Arrangør er Stiftelsen Gardbergfeltet, Slidre Skule og kulturkontoret Vestre Slidre kommune. Spelet er del av den kulturelle skolesekken. Gardbergfeltet oppe i Slidreåsen er tusenårsstaden for Valdres. Staden har mange hundre fornminnar frå jernalderen, samt at Einangsteinen truleg er ein arnestad for skriftspråkets utvikling i Noreg.

Funn av ein ring og eit sverd dannar utgangspunktet for stykket. Det hentar handlinga frå jernalderen og handlar om livet i Gardberg for om lag 1700 år sidan. Foreldra på garden har reist frå heimen, for å hente folk i Gudbrandsdalen til hjelp mot fienden som nærmar seg. Dermed har dei seks jentene aleine fått det fulle ansvaret med å forsvare plassen, samt halde garden i hevd. Ein framandkar frå Vang kjem til gards. . . ¹¹⁸

¹¹⁷ Ohrem 2005:35

¹¹⁸ *Gardbergspelet*, websidene 2008

***Hansaspelet på Bryggen* (2003)**

Spelet er skrive av Erling Gjelsvik. Det er eit vandrespel frå Hansatida som handlar om Bergen si byhistorie frå 1500-talet. Spelstaden er ei vandring mellom ulike scenar på Bryggen i Bergen. Arrangør er Bergen Byspel. Innhaldet er skikkar, song og musikk, tørrfisk og gledespiker på Øvregaten.¹¹⁹Spelet er truleg inaktivt i dag.

***Bronsebukkane* (2003)**

Manuset er skrive av ei gruppe på fire kvinner, Anne Kathrine Brodtkorb, Kristine Brenli, Kristin Jåvold og Marit Sverresson. Spelstaden er Midtre Olimb i Jevnaker i Oppland. Arrangør er amatørskodespelarar og Vestre Gran Blanda kor. Spelet handlar om ei jente på 14 år som fann to bronsebukkar, nokre smykke og perler i ein åker på Grindvoll i 1925. ”Kast det, det er trolldom i slikt”, seier mora til henne. Men Ragna vil ikkje kasta skatten. På det tidspunktet tar fantasien over, og tilskoderande blir med på ei reise tilbake til bronsealderen og buplassen på Leikvik.¹²⁰

***Sagn* (2003)**

Manuskript er collage tilrettelegging av regissør. Spelstad er Helle i Homborsund, Grimstad i Agder. Arrangør er Askepott - teateret. Danseteater baserar seg på eit segn om ei ringforma steinsetting på Helle. Hendinga er frå den tida då kyrkja skulle byggjast. Då korset blei planta, forsvann det om natta. Folk tok det som teikn på at kyrkja skulle byggjast ein annan stad. 10 unge jenter lokkar fram magien på staden med sin dans.¹²¹

***Ny tid* (2005)**

Spelet er ein musikal av Hans Magnus Ystgård som blei sett opp rundt jubileet. Spelstaden er Dampsaga kulturhus, Steinkjær i N- Trøndelag. Regi var av Arnulf Haga. Steinkjær kommune og fylkeskommunen er arrangør. Musikalen byggjer på dei faktiske hendingane knytt til utbygginga av Hell - Sunnanbanen, samt politiske hendingar rundt unionsoppløysinga. Spelet inneheld svenske rallarar, konflikhtar i samband med overgangen frå industrisamfunn til industrisamfunn, klassemotsettingar, målsak og ei kjærleikshistoria.¹²²

***Tusen år er som i går - Et spill om Ålrekstad* (2005)**

Manus er av Gunnar Stålesen. Dette er jubileumsfôrestilling i samband med 100 års markeringa for frigjeringa av landet. Staden det blir vist er på Ålrekstad skule, Årstad i

¹¹⁹ Lind:2008

¹²⁰ Lind:2009

¹²¹ Ohrem 2005:46

¹²² Lind 2008

Bergen. Arrangør er Bergen Byspill og Alrekstad-komiteen. Dette spelet viser utviklinga på Alrekstad gård frå istid til i dag.¹²³

***Marispelet ved Rjukan* (2005)**

Manuskript er av Veslemøy Haslund. Spelet blir vist på Kroken 4 km overfor Rjukan, Telemark. Forteljinga som spelet er henta frå er segnet om Maristigen i Rjukan. Det handlar om ungjenta frå god stand som ikkje får gifta seg med fattigguten. Dei rømer opp i fjellet for å få vera i lag. Ho går opp over den bratte fjellsida for å møta han, med tragiske konsekvensar.¹²⁴

b. Svartedauden:

***Jenta i Staveloftet* (2001)**

Manuskript er Eldgrim Springgaard. Arrangør er Hallingdal folkemuseum. Spelstaden er inne i Staveloftet, Hallingdal Folkemuseum, Nesbyen i Buskerud. Det vekslar mellom dette spelet og *Emigrantspelet*. Dei blei sett opp i 2005, 2006, 2007. Museet sette også opp det *Det magiske jernet*. Personane og hendingane i spelet er fiktive, men spela fortel på ein realistisk måte korleis ting truleg "var" eller kunne vore under pesten.¹²⁵

c) Land og byspel

***Bak vollene* (2001)**

Manuskript er av Rune Skogseth og Talina Hansen. Spelstaden er Gamlebyen - Festningsbyen i Fredrikstad i Østfold. Spelet er eit vandreteater som fører publikum frå scene til scene gjennom ulike hendingar og opptrinn i by - og noregshistoria i perioden 1570- 1917.¹²⁶

***Folk på ein steinkyst* (2002)**

Manus er av Ivar Enoksen. Spelstaden er Grunnfarnesbotn, Torsken på Senja. Torsken kommune står som arrangør saman med Torsken teaterlag. Det er eit spel om lokalhistoriske hendingar over fem epokar, frå steinalder og fram til 1900 talet.¹²⁷

¹²³ Friluftskalenderen

¹²⁴ Katalogen til Marispelet:2008

¹²⁵ Isene 2008

¹²⁶ Ohrem 1995:28

¹²⁷ Lind: 2008

Tittel	År	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Jenta i Staveloftet	2001 inne	Eldgrim Springgaard.	Staveloftet på Hallingdal Folkemuseum, Buskerud	Svartedauden 1349
Bak vollene	2001	Rune Skogseth og Talina Hansen.	Gamblebyen -Festningsbyen i Fredriksstad, Østfold	Vandreteater, ulike hendingar i (1570- 1917)
St. Hans spela Bryllupet	2002	Gregers Lund	Eiketunet Museum, Gjørvik	Etter reformasjonen. Tida er 1576
Gardbergspelet Eg Gudegjest, rita runene	2002 Den kulturelle skulesekken	Eigil Steinsfjord	Gardbergfeltet, tusenårsstaden, i Valdres, Oppland	Jernalderen og livet på Gardbergfeltet
Folk på ein steinkyst	2002	Ivar Enoksen.	Grunnfarnesbot, Torsken på Senja i Torsken kommune	Lokalhistoriske hendingar, fem epokar, steinalder til 1900 talet
Hansapelet på Bryggen	2003	Erling T. Gjelsvik	Vandrespel frå Brygga i Bergen	Byhistorie frå hansatida på 1500-talet
Bronsebukkane	2003	Anne Kathrine Brodtkorb, Kristine Brenli, Kristin Jåvold, Marit Sverresson.	Midtre Olimb i Jevnaker, Oppland	Bronsealderen
Sagn (danseteater)	2003	Dans tilrettelagt av regissør Torgunn Wold Plazack	Helle i Homborsund, Grimstad, Agder	Kyrkja skulle byggjast. Korset blei planta, men det forsvann om natta
St. Hans spela Arven	2004	Gregers Lund	Eiketunet Museum, Gjørvik	Hans Nielsen Hauge og kva han gjorde for industrialiseringa
Ny tid	Jubileet 2005	Hans Magnus Ystgård	Dampsaga kulturhus, Steinkjær i N- Trøndelag	Utbygginga av Hell - Sunnanbanen, unionsoppløysinga
Marispelet ved Rjukan	2005	Veslemøy Haslund	Rjukan, Telemark	Segn om eit par som ikkje fekk kvarandre
Tusen år er som i går. Et spill om Ålrekstad	Jubileum 2005	Gunnar Stålesen	Ålrekstad skule, Årstad iBergen.	Utviklinga på Ålrekstad gård frå istid til i dag. ¹²⁸

Spela fortel om livsvilkår til kvardags og fest i lokalsamfunnet. Skjema viser at handlinga er henta frå jernalder, bronsealder, kyrkjebyggingsperioden, hansatida, reformasjonen og unionstida. *Sagn* og *Marispelet* har henta handlinga frå historiske segn på staden. *Bronsebukkane* og *Gardbergspelet* tar utgangspunkt i arkeologiske funn på staden. *Bak vollene* fortel byhistorie frå 1570-1917. Mens *Folk på ein steinkyst* fortel frå steinalder til 1900-talet. Eit av spela er del av den kulturelle skulesekken, mens eit anna er sett opp i samband med feiringa av unionsoppløysinga.

d. Arbeid:

Kvardag på verket (1990)

Manusgruppa på Åmli verk har skrive spelet. Spelet blir vist i Tokke kommune i Telemark. Dette er eit av mange spel som blir sett opp av denne gruppa på Åmdal verk. Dette spelet skildrar kvardagen på og rundt verket på 1930-talet; kommunestyre, skule, butikken, lunsjpausen i gruva.¹²⁹

¹²⁸ Friluftskalenderen

Krigsåri (1994)

Spelet er skriva av manusgruppa Åmli Verk og er sett opp i Tokke kommune i Telemark. Handlinga er henta frå 1940-1945. I første scene får folk melding om at krigen er i gong. Fleire menn skal sendast til Grini. I siste scene kjem meldinga om at krigen er slutt.¹³⁰

Menn av malm, jenter av jern (2000)

Spelstaden er Feiring Jernverk på Eidsvoll. Arrangør er Jernverkshelga i Feiring. Handlinga er lagt til 1808. Spelet blei vist i 2005, 2006, 2007, og 2008. Jenter er her med i tittelen på spelet, og det merkarar at kvinnene no er på banen som tema i spela. Dei fleste spela har før handla om menn og deira livssituasjon, men no også om kvinnene ved verket.¹³¹

Kanalen, et spel om Støa Kanal i Trysil (2001)

Manus er av Trond Magnum. Spelstaden er ved kanalen i Trysil i Hedmark. Spelet er romanse og dramatik i skogarbeidarmiljøet og fløtemiljøet, siste halvdel av 1800-talet. Det viser korleis livet til arbeidarane på kanalen var for over hundre år sidan.¹³²

Tunge tider (2005)

Spelet blir sett opp av Vest - Telemark museum / Ådalsverk Gruver. Spelet er blitt sett opp 2005, 2006, 2007 og 2008, og er ein del av ein opplevingspakke som arrangørane tilbyr til publikum som kjem på besøk i gruvane.¹³³

Jeppes i Brottet (truleg 2008)

Dette er eit spel etter mønster frå *Jeppes på berget* av Ludvig Holberg. Det blei sett opp av AOF i eit nytt amfi i eit steinbrott på Hvaler i Østfold, Brottet Amfi. Her er det problem med drikking, pengemangel og ei sint kjerring i spelet. Spelet er rein fiksjon med fiktive personar, men det fortel om ei historie som kunne ha skjedd. Ein mann jobbar i eit steinbrot og får problem med alkoholen, kjerringa og jobben.¹³⁴ Spelet har ei realistisk handling frå arbeidarmiljøet i gruva, men personane er fiktive.

¹²⁹ Danielsen 1997:6

¹³⁰ Danielsen 1997:6

¹³¹ Lind:2008

¹³² Ohrem 2005:34

¹³³ Isene 2008

¹³⁴ Lind:2008 og samtale med arrangøren 30.05.0 i Trondheim og fordrag 20.10.09 i Nettverket Historiske Spel.

Den siste viking

Dette er eit spel som er basert på Johan Bojer sin roman med same namn. Spelet gir ei bilde av kystmiljøet der folk er avhengig av å livberga seg med fiske. Arrangør er: Museet Kystens Arv og Rissa Ungdomslag. Den historiske ramma er slaget i Trollfjorden i 1890. Spelet har fiktive personar, men spelet er om kystmiljøet og den lokale staden er Trollfjorden.¹³⁵

d) Kampen for betre økonomiske og sosiale kår:

Det er nytt at spela no byrja å handla om streikar og kampen for betre økonomiske og sosiale kår. Formålet med desse spela er ført og fremst å styrkje klassefelleskapet. Spela blir brukt ideologisk for å skapa klasseidentitet. Forfattarane Torvald Sund, Idar Lind og Edward tilhøyrar venstresida i norsk politikk og er opptatt av tema som omhandlar arbeidskonfliktar. LO, AUF og LO blir aktivt med og støtta fleire spel både økonomisk og med spelarenaer og liknande.

***Elvenøkk* (1995)**

Manus er av Tor Karseth. Spelet blei arrangert av Lenseteatret. Spelstaden er ved Fetsund Lensemuseum, uteamfi ved Glomma. Det fortel om aktiviteten på elva frå 1907 til 1950. Sentralt i spela står arbeidarane sine kår og virke på lensene. Spelet viser ulike tablå.¹³⁶ Dette er eit døme på ein arbeidstakarorganisasjon som står bak spelet.

***Maren Gulliksdatter Siljanspelet* (2000)**

Spelet er eit historisk familiedrama frå 1688, den gongen grev Ulrik Fredrik Gyldenløve rådde grunnen i grevskapet på Larvik. Med listige knep, svik og utpressing, slo han under seg store jordeigedommar i Slemdal (det tidlegare namnet på Siljan). Dette fekk store konsekvensar for folk som budde i bygdene den gongen og i dag.¹³⁷

***Ild og vann. Lenseteateret* (2005)**

Spelet er skriva Arne Andersson. Det er et svensk - norsk samarbeidsprosjekt som kom i stand gjennom samarbeid mellom den svenske forfattere Arne Andersson og den norske Liv Hege Nylund, med Lenseteateret Fetsund Lense som oppdragsgivar og aktiv aktør i spelet.¹³⁸

¹³⁵ Lind 2008

¹³⁶ Lind 2008

¹³⁷ informant Isene 2008

¹³⁸ Nettsidene til *Ild og vann. Lenseteateret*

Spelet var godkjent som ein del av hundreårsmarkeringen for unionsoppløysninga i 1905. Spelet blei vist i 2005, 2007, 2008 og i 2009.¹³⁹

Spelet handlar om streiken ved Fetsund Lenser i 1908. I programmet for 2008 står det at det er eit historisk drama om kjærleik og utroskap, samhald og svik, om klassekamp og undertrykking.¹⁴⁰ Arbeidarane måtte slåss for retten til å organisera seg og for å få ei lønn dei kunne leve av. Då streiken var et faktum, svarte arbeidsgjevarane med heile registeret av mottiltak som de rådde over: Politi blei satt inn mot dei streikande arbeidarane, og streikebrytarar blei tatt inn. Streikande arbeidarar og deira familiar blei kasta ut av heimane sine fordi husa tilhørte direksjonen.

Forfattaren Arne Andersson har lang fartstid frå den svenske arbeidarrørsla, og har skrive ei lang rekke teaterstykke med utgangspunkt i vanlige menneske si historie. Han har også samarbeidd med norske Liv Hege Nylund, nå sist i et stykke om sørsamane i Nord-Trøndelag, som hadde premiere i Røyrvik i mai 2005.¹⁴¹

Raud vinter (2006)

Spelet er skrive av Torvald Sund. Spelet blei sett opp i Levanger i Nord Trøndelag i 2006 og 2007. Arrangør var Levanger kommune/Raud vinter.¹⁴² Sund har også skreve *Trua og Saltet* (Vikna 2005) og *Namsens Auge* (Grong 2008). Sympatien i hans forfattarskap er arbeidarperspektiv. Det handlar om minoritetar, dei undertrykte i samfunnet og underklasse. Språket er trøndersk.

Spelet handlar om Levangeropprøret, ein dramatisk arbeidarkonflikt i 1851. Det blei annonsert i 2008 som eit historisk spel frå vår samtid og ”Folkets kamp mot undertrykking - rettferdighet og demokrati”.¹⁴³

Kommunen, fylket og den lokale sparebanken har støtta spelet, det har også Norske Skog, NTE, COOP og LO. I tillegg kjem fleire mindre sponsorar.¹⁴⁴ Dette viser tilknytninga til arbeidarrørsla.

Namsens auge (2008)

Spelet er skrive av Torvald Sund. Det blei sett opp i Grong kommune i Nord Trøndelag. Arrangør er Grong teater og historielag, Harran Ungdomslag og Spellaget Gauken. Det var med 30 amatørar. Meir enn 2500 menneske såg framsyningane. Spelet handlar om livet på og

¹³⁹ Isene 2008

¹⁴⁰ Katalogen til *Lenseteateret*

¹⁴¹ Ken Dahle på nettsidene til *Ild og Vann*

¹⁴² Websidene til *Raud vinter*/ Levanger kommune

¹⁴³ Nettsidene til *Raud vinter* 2008 og Isene 2008

¹⁴⁴ Nettsidene til *Raud Vinter* 07.10.09

ved elva i Grong. Stykket viser eit møte og ein kamp ved Namsen. Lorden og storbonden står mot fløyttarar og vasketausar sommaren 1939, då krigsskyene hang over Grong og Europa.

***Skottet i Buvika* (2008)**

Idar Lind har skrive spelet. Spelet handlar om den einaste streiken i Noreg som har kravd eit menneskeliv. Fokus er på arbeidaren og arbeidarane sine kår og handlar om klassekamp og kampen for å overleva i ei tid med få rettar for arbeidaren. Handlinga er ein arbeidskonflikt på Piene mølle 1913-14, der ein streikebrytar drap den streikande møllearbeidaren Marius Folstad.¹⁴⁵ At spelet er støtta av LO, NAF, AOF og COOP Prix viser at det har ei tilknytninga til arbeidarrørsla. Dei er i tillegg støtta av den lokale sparebanken og Trøndelag Energi.

***Eplene i Messehagen* (2008)**

Spelet er skriva av Rasmus Rohde. Regien er av Arnulf Haga. Spelet blir arrangert av Malm gruveteater i Malm. Fosdalsgruvas venner (stiftet 7.3.2002) er ei ideell foreining med formål å ivareta minna etter gruveverksemda i Malm. Foreininga er ei vidareføring av Malm Grubearbeiderforening (stiftet 1907), som er den gamle fagorganisasjonen for gruvearbeidarane tilsett i Fosdalens Bergverks AS.

Spelet er tar for seg konflikten mellom funksjonærar og arbeidarar i gruveselskapet. Utgangspunktet for spelet er ein artikkel i Dagbladet på 1960-talet, om miljøet i samfunnet og i gruvene. I følgje arrangøren for spelet, symboliserer sjølve "eplehagen" epla som arbeidarungane stal frå borgarskapet sin eplehage ved messeområdet.¹⁴⁶

Fosdalsgruvas venner arrangerte sommaren 2006, 100 års jubileum for funnet av malmen. Malmsamfunnet snudde opp ned på bondesamfunnet som til da hadde rådd grunnen i den vesle bygda. Jubileet blei markert med m.a. tur i gruva, vandring langs gamle gruvestiar, utstilling av historiske gruvegjenstandar, opptog med alle lag og foreiningar, med sine gamle faner. Det var avduka byste av bygdas fremste viseskribentar og revyregissørar, arrangert konsertar og revyar, og utgjeve ei bok om Malmsamfunnet: "Malm i 100".¹⁴⁷

***Siljanspelet - Slemdals bankende hjerte* (2008)**

Spelet er skriva av Janne Bøe som også har hovudrolla i spelet. Det hadde urpremiere 2008 i ein kullkjellar, ruinane etter kull-lageret til jernverket på Moholt i Siljan der det er plass til 220 tilskodarar. Arrangør er Siljan kommune, i samarbeid med Siljan Jente- og guttekorps og Siljan historielag.¹⁴⁸

¹⁴⁵ *Skottet i Buvika*, websidene 2008 og *Spelhandboka* 2008, samt telefonsamtale med Idar Lind i hausten 2008 om spelet.

¹⁴⁶ Intervju med arrangøren på telefon like før premieren hausten 2008.

¹⁴⁷ Willy Simila skriv på nettsidene til Fosdalsgruvas venner 19.12.08

¹⁴⁸ *Hva skjer i Siljan. Kulturkalenderen* nr.2 -2008

Spelet er basert på verkelege hendingar rundt 1731. Noreg var under Danmark. Grevane kjøpte opp store landområde frå bøndene utan at nokon kunne hindre dei i det. Spelet fortel om harde arbeidsdagar, relasjonen kvinne og mann, og forholdet mellom folket og dei mektige slektene Fritzøe og Fossum som kjempa om rettane til skogen og kullet i Slemdal.¹⁴⁹

Anders og Anne er midt i ein maktkamp dei aldri kan vinna. Me følgjer Anne og krinsen rundt henne, eit år etter at jernverket i Slemdal var etablert. Anne har vore enke i 30 år. Ho eig store skogeigedomar som ho har drive i 8 år. Bestevenen heilt frå barndomen er Anders. Dei var ein gong ringforlova, men det er over. Men han hjelpar henne framleis i arbeidet på garden. Anne er ei sta og sterk kvinne som sjølv vil velja kven ho sel skogen og kullet til, når verket skal starta opp.¹⁵⁰

Skjemaet under viser at arbeid blir eit populært tema i denne perioden. Nokre spel synast å ha klare arbeidarperspektiv mot kamp for rettane i samfunnet, mens andre ikkje har det. Dei handlar meir om arbeid og arbeidsprosessar, fangst og fiske, arbeid på elva, i gruva, på garden eller i steinbrotet. Andre handlar om kampen for betre sosiale, politiske og økonomiske kår.

Tittel	år	Forfattar	Spelstad	Kommentar
Kvardag på verket	1990	Manusgruppa på Åmli verk	Gruvene på Åmli i Tokke kommune i Telemark	Arbeid i gruva
Krigsåri	1994	Manusgruppa på Åmli verk	Gruvene på Åmli i Tokke kommune i Telemark	Arbeid i gruva
Elvenøkk	1995	Ken Dahle	Fetsund, Fet kommune i Akershus	Lensestreiken 1908
Menn av malm, jenter av jern	2000	Tor Karseth	Feiring Jernverk på Eidsvoll.	Arbeidet i gruva
Maren Gulliksdatter Siljanspelet	2000	Jeanne Bøe	Open kolkjellar på Moholt i Siljan i Telemark	Konflikt jordeigar/adel På 1600-talet
Tunge tider	2005	Manusgruppe	Åmdal verk, Tokke, Telemark. Arr.: Vest - Telemark museum / Ådalsverk Gruver	Arbeid i kopargruva
Ild og vann. Lenseateateret	Jubileum 2005	Arne Andersson	Arrangøren er Lenseateateret.i Fetsund	Konfliktar og streik ved Fetsund Lenser i 1908
Raud vinter	2006	Tovald Sund	Levanger i Nord Trøndelag i 2006 og 2007. Arr.: Levanger kommune/Raud vinter. ¹⁵¹	Streik i Levanger i 1851
Jeppe i Brottet	2008	Hans P. Thørgersen Svein Gundersen	Arr. AOF.Nytt amfi i eit steinbrott på Hvaler i Østfold, Brottet Amfi	Steinarbeidaren sine kår
Namsens auge	2008	Torvald Sund	Grong kommune i Nord Trøndelag.	Livet på elva
Skottet i Buvika	2008	Idar Lind	Ved Noregsmøllene i Buvika, Husaby i Sør- Trøndelag	Konflikt arbeids-gjevar/arbeidstakar
Eplene i Messehagen	2008	Rasmus Rohde	”Gammelplassen” framfor gruvetårnet	Konflikt arbeid/arbeidstakar
Slemdals bankende hjerte Siljanspelet -	2008	Jeanne Bøe	Open kolkjellar på Moholt i Siljan i Telemark.	Konflikten jordeigar/adel
Den siste viking	-	Johan Bojer	Arr.: Museet Kystens Arv og Rissa Ungdomslag.	Kystmiljøet, folk er avhengige av fisket.

¹⁴⁹ Katalogen til Siljanspelet 2008

¹⁵⁰ *Hva skjer i Siljan. Kulturkalenderen nr.2-2008*

¹⁵¹ Websidene til *Raud vinter*, Levanger kommune.

Ad. kategorien 5 ”Krigar og slag”:

Karolinernes Hærtog i Tydal Tydalsspelet (1993)

Dette spelet tar utgangspunkt i den same historia som *Elden*. Spelet tar utgangspunkt i den lokale historia rundt invaderinga av svenske soldatar i Tydal. Stykket omhandlar retretten gjennom Tydal, der 3000 soldatar fraus i hel i fjellområda. Dei viser krigens gru, og kor galt det kan gå når krigskulturen blir dyrka og land blir invadert av andre land for å erobra nye territorium. Det blir spelt midtvinters på Brekka bygdetun. Mellom *Elden* og dette spelet er det inngått eit kultursamarbeid, ”Spel for fred” der også *Slaget på Engan Skanse* inngår. Dei ønskjer å leggja vekt på eit felles fredskonsept, og eit breiare publikum gjennom samarbeid med marknadsarbeidet.¹⁵²

Klokkene i Vammelsund Strandaspelet (1996)

Handlinga er sett inn i den siste delen av Napoleonskrigane tidleg på 1800-talet, og er basert på eit lokalt segn frå bygda. Handlinga er om kyrkjeklokker som blei senka i havet i flukt frå engelskmennene. Det blir vist på Sogndalstrand Amfi, Hauge i Dalane i Rogaland og er ein humoristisk musikal om nedgangstider, tjuveri av kyrkjeklokker og konflikt med engelskmennene. Dette spelet grensar til komedie.

Slaget ved Engan Skanse (2001)

Manus er av Ole Gunnar Folde. Spelet blir sett opp på Engan Skanse i Sør - Trøndelag i Holtålen kommune. Spelet handlar om ein trefning under den Skånske krigen (1675-1679). Svenske tropper invaderar Noreg og det lokale område. Spelet handlar om kongelege rettar og eit malmfunn.¹⁵³ Skansane var ein del av det nasjonale forsvaret, no kom dei ut av drift.

Skansespelet (2003)

Manuskript er av Håkon Quiller. Spelet blir vist på Blakar Skanse i Sørumsund i Akershus. Instruktør var Eva Sevaldson. Historia er Blaker Skanse si historie frå 1683 og fram til i dag. Hovudvekta er på 1700 og 1800 talet.¹⁵⁴ Spelet handlar om eit dramatisk slag mellom svenske og norske tropper i 1679 under ”Den Skånske krigen” (1675- 1679). Spelet skildrar slaget mellom 3000 svenske og 1500 norske tropper. Utgangspunktet for spelet er ei trefning ved Blakar Skanse.¹⁵⁵

¹⁵² E-post som svar på spørjeskjema november 2009.

¹⁵³ Ohrem 2005:29

¹⁵⁴ Ohrem 2005:64

¹⁵⁵ Svar på spørjeskjema november 2009

***Herr Sinclair drog over salten hav Sinclairspelet* (2002)**

Spelet blir sett opp i Møre og Romsdal. Det handlar om skottane som gjekk gjennom Romsdalen i 1612. Dei blei til slutt stoppa i Gudbrandsdalen av den legendariske Prillarguri. Utgangspunktet for *Sinclairspelet* er Kalmarkrigen (1611-1613). Svenskane, som låg i krig med Danmark - Noreg, hadde hyra 350 skotske leigesoldatar for å vinne over nordmennene.¹⁵⁶ Hendinga er kjent frå ei folkevise som fortel om slaget.¹⁵⁷

***Bataljen i Homborsund* (2003)**

Spelet blei sett opp i Høyfallsvik i Homborsund. Dette er ei gamal travel hamn i Grimstad i Agder. Arrangørane fekk støtte frå Kulturrådet i 2005. Spelet er truleg inaktivt i dag. Handlinga er henta frå dansketida under Kristian Kvart i 1640. Ei skute blir prøvd kapra. Sivile kjem i krysseld mellom franske og hollandske skip.¹⁵⁸ Dette spelet kan samanliknast med *Kaperspillet* (1996) som blei vist i Farsund indre hamn i Agder. Begge har krig som hovudtema, dei fortel så objektivt som dei kan korleis trefningane var.

***Slaget ved Dynekilen* (2004)**

Operaen er skreve at aktørane. Den handlar om Petter W. Tordenskjold sine soldatar under eit historisk slag i Dynekilen. Det blir vist i Stavern i Vestfold, Fredrikstad festning, Halden i Østfold. Ansvarleg er Østfold fylke og den norske opera.

Reenactment av slaget med Tordenskjold, står det i presentasjonen om slaget på websidene. Kva spelet handlar om står det ingenting om, bortsett frå at det handlar om eit legendarisk slag der Tordenskjold var med. Dette kan tyde på at spelet er eit tablåspel, og ikkje eit intrigespel med eit plott.¹⁵⁹

***Urskog fort og krigen som aldri kom* (2005)**

Manus er av Håkon Quiller som også har regijobben. Det blir vist på Urskog fort, Aurskog – Høland i Akershus. Spelet blir spelt av amatørar. Spelet blei for første gong vist i 2005 som var jubileumsåret for oppløysinga av unionen.

Handlinga er henta frå tida rundt unionsoppløysinga i 1905. Det handlar om fortet si forsvarsrolle i konflikten med Sverige.¹⁶⁰ I samband med forhandlinga om oppløysing av

¹⁵⁶ Websidene til *Sinclairspelet*

¹⁵⁷ Lind 2008 og som svar på spørjeskjema november 2009

¹⁵⁸ Isene 2008

¹⁵⁹ Lind 2008 og websidene til spelet 2008

¹⁶⁰ Lind:2008

unionen hadde fortet ei potensielt sett viktig forsvarsrolle. Under mobiliseringa i september 1905 var 153 mann stasjonert på Urskog fort i Aurskog-Høland i Akershus.¹⁶¹

Aurora (2005)

Operaen er skriven av Jon Bing. Arrangør er Østfold fylkeskommune og Den Norske Opera. Spelet blei sett opp på Fredrikstad festning i Halden i Østfold kommune. Spelet blei sett opp frå sentralt hald i samarbeid med lokale aktørar.

Spelet hentar si handling frå den store nordiske krigen (1700-21). Vi møter hovudrolleinnehavaren Peter den store, Karl den XII, August den sterke, Aurora von Køningsberg og Katarina, Peter den stores hustru. Det reflekterar over Aurora si rolle. Namnet hennar betyr morgonraude og symboliserte det gode. Ho prøver å overtala dei stridande partane til dialog framfor våpenbruk.¹⁶²

Tittel	år	Forfatter	Stad	Kommentar
Tydalsspelet Karolinernes Hærtog i Tydal	1993	Britt Stubbe	Brekka Bygdetun, Tydal	Angrep frå Sverige 1717 - 18
Strandaspelet Klokkene i Vammelsund	1996	Arnt Olav Klippenberg Ingvar Hovland	Uteamfiet i Sogndalstranda, Hauge i Dalane, Rogaland	Napoleon Ca 1810-1814
Slaget ved Engan Skanse	2001	Ole Gunnar Folde	Engan Skanse, Holtan kommune i Sør-Trøndelag	Den Skånske krigen 1675-1679
Sinclairspelet – Herr Sinclair drog over salten hav	2002	Erling Pedersen	Møre og Romsdalen	Skottetoget som blir stoppa i 1612
Bærums Verk Spillet Kvinnene kongen og krigen	2002	Bernt Kristian Børresen	Handelstedet Bærum Verk, Bærum, Akershus	Kampen om jernverket i 1716 då Karl 12. ville ta verket
Skansespelet	2003	Håkon Quiller	Blakar Skanse i Sørums, Akershus.	Angrep frå Sverige 1717-18
Bataljen i Homborsund	2003	Sølvi Kleiva Ugland	Høyfallsvik i Homborsund, Grimstad i Agder	Dansketida under Kristian Kvart, 1640. Overfall på ei skute som låg ved hamn
Slaget ved Dynekilen (opera)	2004	Tordenskjolds Soldatar	Stavern i Vestfold, Fredrikstad festning, Halden i Østfold.	Eit historisk slag i Dynekilen og Petter W. Tordenskjold
Aurora (opera)	2005	Jon Bing	Fredrikstad festning i Halden, Østfold	Den store nordiske krigen (1700-21)
Bondeopprøret i Hjartdal	2005	Tor Arne Ursin	Hjartdal i Telemark	Bøndene reisar seg mot tyske bergmenn i 1540
Urskog fort og krigen som aldri kom	Jubilé 2005	Håkon Quiller	Urskog fort, Aurskog – Høland i Akershus	Fortet si forsvarsrolle i i konflikten med Sverige

Skjema viser ei stor interesse for krig og ulike slag i denne perioden. Dei hentar historia frå 1500, 1600, 1700 og starten av 1800-talet. Eit spel er om hendingane i 1905. i to spel er Den norske Opera medarrangør.

¹⁶¹ Lind 2008

¹⁶² Ohrem 1995:27 og Lind 2008

A. Kategori 6: Ulykker:

Dette er eit nytt tema i speltradisjonen. Men det gjeld berre to spel som kjem på 1990 – talet, *Titranspelet* og *Dødsdansen på Norefjell*. *Titranspelet* er eit spel om ei stor ulykke der mange omkom, *Dødsdansen på Norefjell* er mest laga for ettertanke og refleksjon over kyrkja si rolle på 1800-talet. Spelet blir vist i folkemusikkveka, mens *Titranspelet* har eit mykje meir offisielt preg med kongen tilstades og avduking av minnesmerke.

***Titranspelet* (1999)**

Manuskript er av Anton Grønskog. Spelet blei sett opp i Frøya kommune, Sør-Trøndelag. Staden det blei sett opp er ved minnesmerket på Titran. Utgangspunktet for spelet er ei ulykke på sjøen der 150 fiskarar omkom i eit uvær i 1899. Det blir sett opp anna kvart år. Kongen var til stades under hundreårsmarkeringa for ulykka. Spelet fungerer som eit nasjonalt og lokalt minnesmerke. ¹⁶³

***Dødsdansen på Norefjell* (2005)**

Spelet blei sett opp i Ål kommune, Hallingdal, Buskerud. Arrangør var Den norske folkemusikkveka. Stykket handlar om ein fjelldans på Raudmyrane. Tre mann omkom i 1858 i eit voldsamt uvær på veg heim over fjellet frå ein fest. Sundagen etter held soknepresten ein flammande tale i Olberg kyrkje som refsa samfunnet. ¹⁶⁴

7. Kategorien Kvinner og menn som har utmerka seg:

Det er ikkje mange spel av denne typen, men eg vil nemna to. Det eine er om ein mann som blei forbrytar, det andre om ein kjent nasjonal eventyrteiknar.

***Spelet om Arve Brakar* (Siste gongen det var registrert vist var i 2006)**

Spelet blir vist i Aurskog- Høland, Hemnes i Akershus. Ein kjent spelemann frå distriktet blir forbrytar. Han leia ein bande på 7-8 stykke. Fattigdom og latskap dreiv han inn i forbrytarbanen. Brakar var berømt for ein kjent hallinglåt. ¹⁶⁵

***Eventyrteiknaren Theodor Kittelsen* (truleg i 2008)**

Spelet blir vist på Evje Bygdetun i Sauherad kommune i 2008. Spelet handlar om den kjente teiknaren Kittelsen og kunstnarmiljøet rundt han, og om livet i bygda på den tida. Dette er ei person som mange kan ha interesse å vita meir om både lokalt og nasjonalt. ¹⁶⁶

¹⁶³ Ohrem 2005:60

¹⁶⁴ Lind 2008

¹⁶⁵ Lind 2008

8. Kategorien: Ulike lagnader

Temaet "ulike lagnadar" er sett inn som tema frå 1990. Men dette temaet kunne gjerne vore plassert under kategorien "samfunn", fordi dei fortel om samfunn og samfunnsforholda på den tida. Spelet tar utgangspunkt i enkeltmenneske, men det er kollektive forteljingar.

9. Kategorien "Andre tema":

Det kom mange fleire spel under kategorien "andre spel" frå 1990. Historia *Kong Arthur – spelet* er basert på eit segn Dette er ein komedie med utgangspunkt i legenda om kong Arthur på 500-talet og hans tilknytning til Sandøy i Møre og Romsdal.

Talet på humoristiske spel er aukande, men ikkje alle vil eg rekna som historiske spel. Fleire av revyane har liten verdi som historieforteljing. Det sosiale er det viktigaste i desse spela.

Korleis var utviklinga i periode 3

Det kom mange spel i perioden, og det vart større spreiding på tematikken. No handla dei ikkje lenger berre om religion, men også om sekulære tema om rikssamling, samfunn, slag og migrasjon.

Ad. kategori 1: "Religion"

Kategorien "Religion" auka frå 5 spel i den første perioden til meir enn det tredobbelte i andre perioden, og ti gonger meir i siste periode. Ei av årsakene er at mange spel blei laga i samband med ulike jubileum og markeringar. Det offentlege, stat, kommune og fylka gav pengar til desse arrangementa. I 1995 hadde vi eit nasjonalt kyrkjejubileum. I 2000 var kom det nye spel i samband med tusenårsstadane, og markering av unionsoppløysinga i 2005. *Døme er Sunniva og Viking Ravn* av Rolf Losnegård blei sett opp på Moster på Bømlo i Hordaland i samband med kyrkjejubileet i 1995. *Rastakalvspelet* frå Håkon den godes tid blei også sett opp på øya Frei i Møre og Romsdal i samband med dette jubileet. *Broder Nikolai* blei sett opp til hundreårsjubileet for unionsoppløysinga i 2005. Fleire av desse jubileumsspela er blitt vist igjen seinare.

Heksespela førte til auke av spel, men dei er mindre aktuelle i dag. Kva grunnen er til det, er vanskeleg å vita, men det kan ha med at tematikken er utspelt. Spela har kanskje ikkje meir å seia til det moderne menneske? Kanskje spela er for dramatiske og for sjølvvandsakande i dag? Det blir for tungt, for trist å fortelja om lagnaden til kvinnene som vart utsett for prosessane i dag?

Grunnen til at det kom mange spel med religiøs og nasjonal tematikk i samband med feiringar og markeringar kan ha med det norsk - nasjonale å gjera. Spela hadde nasjonal tematikk, og dei store jubilea var nasjonale. Skifte av trua og rikssamling var tema som egna seg for nasjonal feiring fordi det gjekk tilbake i tid til nasjonen si kulturelle vogge. Det var mykje snakk om røter og kor ein kom frå.

Andre årsaker er at folk er opptatt av kristendommen og den kristne kulturarven fordi dette er knytt til identitet. Kristendommen stod sterkt i samfunnet. Men nye religionar fylgde med innvandringa. Folk kan oppleva andre religionar som ei trugsel mot kristendommen, derfor blei det viktig å framheva den kristne budskapet og den kristne kulturarven.

Ein heilt annan grunn er at spela er opptatt av konflikhtar og intriger for å kunne laga god dramatik. Dramatikken er avhengig av motsetningsforhold for å få fram meining. Trusskifte representerar eit paradigmeskifte i norsk historie som eignar seg godt for dramatisering. Det er mange motsetningsforhold mellom folk i alle epokeskifte, t.d. her; frå heidenskap til kristendom.

Dei religiøse spela kunne også visa at det var opposisjon til kyrkja, kyrkjias lære og samfunnet sine normer i dag og den gongen handlinga er henta frå. Spel om pietisten Hans Nielsen Hauge og hekseprosessane er døme på det. Eg har ikkje funne spel frå det pietistisk miljøet i Nord-Noreg, eller spel frå pinserørsla eller andre religionar, enn kristendommen.

Spel om hekseprosessane viser i opposisjon til dei fastlåste normene i samfunnet og appellerar til refleksjon og ettertanke. Grunnen til at dei var populære som tema var truleg at dei var kritiske til samfunnsnormene i eit tid med oppløying av normene i samfunnet. Dette er også aktuelt i dag.

Til kyrkjejubileet var det fleire små spel som blei vist inne. Det er gjerne ulike "tablå" over lokale hendingar rundt kyrkjebygging, frå gamal tid og fram til i dag. Eller det kan vera reine musikkspel. Det kan også vera at slike oppsetningar fins innan ulike frikyrkjesamfunn og andre religiøse grupperingar, men dette er slikt eg ikkje har sett i mitt arbeid, og eg meiner vel at dei ligg litt utanfor den genren vi snakkar om, historiske spel og friluftsspel.

Om det er motsetningsforhold, er det etter mi oppfatning lite polarisering og motsetningsforhold i dei religiøse samfunna rundt spela. Spela handlar om religionshistoriske tema. Svært få er blitt til for direkte å forkynne. Spela har ikkje så lang ført til dei store motsetningane. Men kva som kan skje framover med dei raske skifte vi opplevar i dag, særleg innan innvandrarkultur og ungdomskultur, er ikkje lett å spå.

Ad. Kategori 2: "Rikssamling"

Rikssamlinga blei eit populært tema. Dei første spela blei registrert på 1970-talet. Dei har ein auka frå 13 spel til rundt 40 spel i tredje periode. Grunnen var truleg større interessa for

vikingtida etter 1990, med vikingfestivalar og vikingsentra rundt om i heile landet. I Lofoten kom eit nytt spel i 2002 på Vikingmuseet på Borg.

Det var mykje snakk om kor Rogalands si vogga låg, og ein blei samde om at det var på Avaldsnes. Eit nytt vikingsenter vart bygd der i 2000 for å visa at det var her sivilisasjonen starta. Stat, kommune og private sponsorar finansierte senteret. Ein årleg vikingfestival er knytt til plassen.

I utlandet går det i same retning med vikingsenteret i York. I 1992 vart det vist ei stor utstilling, *Viking og Hvitekryst. Norden og Eurpoa 800-1200*. Utstillinga turnerte til fleire stader i Europa. Bak utstillinga stod Nordisk Ministerråd. Det var også ei stor utstilling i Washington, om vikingen i 2000, *Vikings: the North Atlantic Saga*.¹⁶⁷

Publikumsinteressa for vikingtida var aukande, men skulane si interesse var mindre. Vikingtida var pensum i fjerde klasse, og etter det brukte dei vikingtida meir som utgangspunkt for ekskursjonar og prosjektarbeid som til dømes på Moster med *Mostraspelet*. Spelet har eigne classesett for elevar som del av Den kulturelle skulesekken.¹⁶⁸ Eg kjem tilbake til dette lengre ute.

Interessa for spel kan henga saman med trusselen mot vår kultur, historie og språk. Kommunane brukar festivalar, bygdedagar og historiske spel for å styrkja den regionale identiteten. Men det kan også ha med at folk er stolte den lokale historia og kulturen, og vil visa andre kven dei er og kva dei står for.

Folk kan også vera meir interessert i den nasjonale og internasjonale kulturen. Dette vil i så fall føra til ein nedgang i interessa for lokale spel. Eg viser til undersøkinga til Ketil Knutsen som viser at ungdom både er interessert den lokale historia, men at dei også blir dradd mot det internasjonale samfunnet, moter, kommunikasjon, andre språk osv. .¹⁶⁹

Det nasjonale fellesskapet sett også inn tiltak for å motverka internasjonalisering og regionalisering. Jf. Gran som viser til at institusjonsteatera har styrka seg, samtidig som dei lokale spela er blitt nasjonale spel i samband med dei ulike nasjonale jubilea t.d. på Moster det spelet blei del av det nasjonale kyrkjejubileet i 1995.

Nordmenn kan oppleve at deira norske kultur blir truga av ikkje-vestleg innvandring som kan opplevast som ein trugsel mot den norske nasjonale identitet. Men spela ser ikkje ut til å bli brukt for å stigmatisera andre etniske eller nasjonale grupper. Dette handlar meir om det positive som bind folk saman sosialt og kulturelt. Eg kjem tilbake til meir om det nasjonale og lokale lengre ute i denne oppgåva.

¹⁶⁷ Bøe 2006:128

¹⁶⁸ Bøe 2006:128

¹⁶⁹ Knutsen 2006

Ad. kategori 3: "Migrasjon"

Kategorien "migrasjon" er registrert med 14 spel, derav er 11 frå tredje periode. Fleire spel handla om dei som reiste til Amerika og dei som blei igjen i Noreg. Andre spel var om kvænar som kom til Noreg og møtte nordmenn og samar. Det var ikkje spel om ikkje-vestleg innvandring før det kom eit spel om ein muslim i 2009 på Sagene skule i Oslo.

Det synest som om det først og fremst er offentlege institusjonar og museum som står bak både migrasjonsspela, men det kan også vera forskjellige teaterlag. Formålet er truleg at ein vil skapa toleranse for andre folkeslag sin kultur og religion. Det har vore ei viss redsle for stigmatisering av etniske grupper her i landet grunna større innvandring dei siste åra. Det kan sjåast som viktig å formidla historier om at nordmenn også har vore innvandrara til andre land, for å motverka stigmatisering av innvandrara her i landet.

Folk reiser enda meir enn før. Folk blir gjennom samkvem over landegrensene meir opne og tollerante for andre kulturar og religionar, også derfor blir migrasjon aktuelle tematikk.

På Balkan og i Tyskland har historia blitt brukt for å underkua andre folkegrupper. Her i landet ser det ut til at spel blir sett opp for å styrkje dei negative mytane rundt innvandrara.

Ad. kategori 4: "Samfunn"

Dette er den største gruppa med 189 spel. Heile 155 kom i den siste perioden. Denne gruppa med sine undergrupper, utgjorde over halvparten av alle spela i tredje periode.

Grunnen er m.a. at alle spel handlar om samfunn, men her er daglegliv til kvardags og fest i fokus, arbeid, geografi og liknande. Dette blir likevel ei samlegruppe for mange typar spel som ikkje er skild ut som eige tema t.d. migrasjon og rikssamling.

Spela tar i aukande grad utgangspunkt i lokalsamfunnet, og set det inn i ein nasjonal samanheng. Historiene er som regel henta frå lokalhistorie, kyrkjebøker, protokollar, arkiv, arkeologi, bedriftshistorie og historiebøker. Ca. 15 er typiske by - og bygdespel med forankring i den lokale geografien. Rundt 10 handlar om arbeid og arbeidsprosessar på den lokale staden, og rundt 12 er direkte knytt til kampen for betre økonomiske og sosiale kår.

Spel kom i samband med frigjeringsjubileet i 2005. Døme på det er *Ny tid* som byggjer på dei faktiske hendingane, knytte til utbygginga av Hell-Sunnanbanen, og unionsoppløysinga i 1905.¹⁷⁰ Eit anna døme er *Urskog fort og krigen som aldri kom* (2005), *Urskog fort*, Aurskog–Høland som var jubileumsåret for oppløysinga av unionen. Og handla om fortet sitt potensiale i ei forsvarsrolle i konflikten med Sverige.¹⁷¹ Begge spela er knytt til unionsoppløysinga og feiringa av det.

¹⁷⁰ Lind 2008

¹⁷¹ Lind:2008

Spela blir i aukande grad brukt ideologisk. Når LO, COOP og AUF aktive som hovudsponsorar, vil spela handla om arbeidarrørsla. Mange tar utgangspunkt i arbeidaren sin kamp for betre sosiale, politiske og økonomiske kår, mens andre tar utgangspunkt arbeid og arbeidsprosessar.

Nokre av desse spela handlar om danning av fagforeiningar i starten på 1900 talet, som til dømes *Ild og vann* (2005). Spelet tok utgangspunkt i lensestreiken i Fetsund i 1908, ein langvarig og bitter arbeidskonflikt, som handla om retten til å danna fagfórrening, og kampen for å oppnå løn som det gjekk an å leva av. Spelet blei sett opp i samband med feiringa av unionsopplysinga.

Raud vinter (2003) handla om eit opprør i industrien i Levanger i 1851. *Eplene i Messehagen* (2008) er om konflikhtar mellom arbeidarar og funksjonærar i gruvemiljøet i Malm i Verran. Utgangspunktet var ein avisartikkel i ei Osloavis i byrjinga på 1960-talet. *Skottet i Buvika* (2008) handlar også om ein lokal streik i 1908, mens dei to Siljanspela frå 2000 og 2008 er om bøndenes kamp mot grevskapet, og om kampen for rettane til skogane i Siljan- og Skien-området på 1600 og 1700- talet. Og *Suldalspelet* (-) frå 1990-talet handlar om bøndene sin kamp om lakserettane i Suldal på 1300-talet.¹⁷² Dette er ei utvikling det er verd å merka seg, fordi den er aukande i tal. I Halden kom ein stor ny friluftarena i eit steinbrott i 2008. Dei sette opp *Jeppe i brottet* (2008) med utgangspunkt i arbeidet i steinbrottet.

Arbeidarrørsla, forfattarar og partifolk på venstresida i norsk politikk, blei aktive som spelarrangørar og dei brukar spela både politikk og ideologisk. *Raud vinter*, *Skottet i Buvika* og *Jeppe i brottet* vart sponsa av fagrørsla. Alle tre hadde premiere i denne perioden. Målet er å forsterka arbeidaridentiteten og å legitimera politikken til arbeidarrørsla.

Fagrørsla har dei økonomiske ressursane som skal til for å laga spel, og dei er har interesse av spela med ideologisk forankring til arbeidarrørsla. Det er grunnen til at dei sponsar spela. Men grunnen kan også vera nostalgisk. Dei vil minnst det som har vore, kampen og slitet, og arbeidskonfliktane.

Grunnen til at "samfunn" er blitt ei stor og dominerande gruppe, er truleg den funksjonen musea, skulane og kulturinstitusjonane har fått i historieformidlinga dei siste åra. Sentral her er Den kulturelle skulesekken. Men mykje av kulturformidlinga føregår utanfor skulane i dag. Spela har historiedidaktiske oppgåver i samfunnet. Dei skal formidla historie til barn, ungdom, vaksne og gamle. Kunnskap om fortida gir forståing for det som var, og innsikt i den tida som er i dag, og visjonar om framtida. Dette skal hjelpa barna til å orientera seg i liva sine.

Den største innvendinga mot å bruka drama i skulen, er at spela ikkje formidlar eksakt kunnskap. Men barn i dag forstår som regel at film og teater ikkje er faktaundersining. Drama engasjerar og levandegjere historia på ein annan måte enn skulebøkene kan gjera. Ei anna

¹⁷² Lind 2008

innvendig er at dramaet (her; spelet) fortel meir om spektakulære periodar i historia, enn periodar som gir kunnskap og forståing. Det har vore sterk interesse for nasjonale tema, frå vikingtid og mellomalder om trua og samling av landet til eit rike.

Ad. kategori 5: ”Krigar og slag”

Dette er eit hurtig vaksande tema. Grunnen er truleg at spela handlar om væpna konflikhtar, spaning og fart. Vald og drap blir verkemiddel for å halda på interessa. Den same utviklinga har ein sett i film og litteratur. I fleire av desse spela er det som skjedde knytt til fredsarrangement. Dette viser at spela ikkje berre vil visa spaning og krig, men er opptatt også av den etiske budskapet i dag, etter slagordet ”aldri meir 9. april”.

I *Slaget ved Dynekilen* som blei vist i Vestfold, synest det som om krigen er sjølv innhaldet i spelet. Det handlar om Tordenskjold og eit slag i Homborsund (2003). Dette ser ut til å vera ein rekonstruksjon av sjølv slaget. Aktørane var frå Noreg og fleire andre nordiske land. I 2004 var skipet *Endeavor* med, som er replika av kaptein Cook sitt skip. Også *Standart* som blei ført av broren til Tordenskjold var med.¹⁷³

I *Bataljen i Hamborsund*, som blei vist på hamna i Høyfallsvik i Agder, kom sivile i krysseld mellom franske og hollandske skip. Fleire omkom då ei skute blei prøvd kapra. Spelet er ein rekonstruksjon av sjølv laget. Det er planar om å knytte spelet til eit fredsarrangement for fleiretnisk, europeisk ungdom.¹⁷⁴

Karolinernes hærtog i Tyldal tar utgangspunkt i den same historia som *Rørøsspelet Elden*. Ei historie frå 1718 der svenskane invaderte landet. Dei kom over grensa frå Sverige for å erobra Trøndelagsområde. Mange døde av frost og utmatting. Spelet blir brukt til å fortelja om krigens elende, og endar opp i ein flammande fredsappell, som skal rettferdiggjera bruk av drap og vald i spelet.

Ad. kategori 6: ”Ulykker”

I Kategorien ”Ulykker” er det berre to spel. Begge kom i tredje periode. Kategorien er ikkje aukande. Dei to spela er nokså ulike. Det eine er mest samfunnskritikk og refleksjon, mens det andre er om ei stor ulykke i eit lite fiskevær nordpå. Minnestøtta er sett opp på Titran og spelet viser at me skal minnast og heidra dei døde. *Dødsdansen på Norefjell* som handla om dei som omkom i eit uvær på fjellet, og er eit oppgjer med fundamentalismen i tida. Spelet innbyr til samfunnskritikk og refleksjon. Begge spela kan like gjerne plasserast under kategorien ”samfunn”.

¹⁷³ Ohrem 2005:41

¹⁷⁴ Ohrem 2005:46

Grunnen til at det aldri blir mange spel av denne typen, kan vera fleire. Det har truleg noko å gjera med at spela ikkje fungerer som minne om dei døde. Det har truleg også noko å gjera med forventa innhald i spelet. Spela er stort sett brukte til å feira noko, ikkje å minnast noko eller nokon.

Ad. Kategori 7: ”Kvinner og menn som har utmerka seg ”

Det ser ikkje ut til at desse spela er aukande. Grunnen er truleg at spela ikkje eignar seg til dramatisering med utgangspunkt i private personar. Men er her unntak. Døme er Fridtjof Nansen, Theodor Kittelsen og andre heltar i bygd og by. Spelet om *Abraham Fjelli* er døme på det siste. Det er også sett opp eit spel om skiløparen Sondre Nordheim kalla *Sondre Skiløpar* (2008). I 2010 er det planlagt eit nytt spel om Ole Bull, av Rolf Losnegård.

Ad. kategori 8: ”Ulike lagnadar”

Det er relativt få spel som er registrert. Her gjeld det folk som bryt lovene i samfunnet. *En konventikkeldømt på Fjermestad /En fredag på Fjermestad* (1836) frå Iveland kommune i Aust-Agder, *Spelet om Arve Brakar* frå Aurskog–Høland i Akershus. Grunnen til at det ikkje var nokon stor auke, er truleg at tematikken ikkje eignar seg som spel, fordi dei i for stor grad tar utgangspunkt i individet, meir enn det kollektive fellesskapet.

Ad. Kategori 9: Andre tema

Det er stor interesse for komediar, revyar og liknande som først og fremst er laga for å mora folk, og å få ”folk ut av stovene”. Det er del av spelet eller det er sjølve innhaldet i spelet.

Reine underhaldningsspel har auka dei siste åra både som spel, teater og i filmen. Det er større konkurranse om publikum i ei tid med mange tilbod til alle. Derfor er det nødvendig at spela er underhaldande for å helda på interessa til publikum. Blir spela kjedelege, misser folk interessa, og spelet kan ikkje setjast opp igjen.

Målet på suksess er selde billetter, og derfor handlar mange fleire spel om å skape underhaldning, lått og løye, og spaning. Vald og drap, og komediar og revyar **er blitt** populære verkemiddel.

Underhaldningsindustrien og turistindustrien påverkar truleg spela slik at dei og blir ”snille” og ufarlege, og kan brukast av alle, både institusjonar, bedrifter og politikarar, når som helst og kva tid som helst. Spela tar ikkje opp til diskusjon noko nytt og farleg som folk kan vera usamde om. Dette kan verka forflatande. Kritikken av somme spel er at dei kan vera heilt tømde for innhald, og derfor er utan nokon større historisk verdi.

Ikkje - tema

Det er mange historiske hendingar som ikkje blir brukt i spela. Det er til dømes få spor etter andre verdskrig i speltradisjonen, med nokre få unntak. Et spel handlar om kvardagslivet under krigen. Døme er *Dønningar frå Hitlers magaplask* i Seljord kommune, som handlar om konflikhtar mellom jøssingar og NS-sympatisørar. Handlinga er om forholdet mellom to gardar i Seljord, der det på den eine garden er jøssingar, mens på den andre garden er det NS-sympatisørar. Spelet tar for seg små episodar frå heile krigen, men avsluttar med feiringa av mai 1945.¹⁷⁵ Eit anna spel er *Eli*, frå Flatanger kommune, som handlar om ei jente som får problem etter krigen, fordi ho har vore kjærast med ein tyskar.¹⁷⁶ I Åsnes kommune i Hedmark kom eit spel kalla *Historien om Sønsterud* i 1995. Dette er likevel svært få spel frå ein så viktig periode i norsk historie.

Hovudtendensen i tema er:

- Stor auke i spel, større variasjon på tema og kva tid handlinga er henta frå
- Mange nye spel om rikssamling, religion, samfunn og slag
- Få spel med utgangspunkt i individet
- Svært få spel frå 2. verdskrig og spel etter 1945
- Meir interesse for det ideologiske

Nasjonale og lokale spel

Eg har delt spela etter kva tilknytning spela har til det lokale miljøet. Nokre spel har mest tilknytning til det nasjonale. Og nokre spel er midt mellom nasjonalt og lokalt. Spela fordelar seg slik:

Tidsperiodar:	Lokalt	Midtsone	Nasjonalt	Totalt
1950- 1960			Religion: 6	6
1970-1980	Andre tema: 1	Samfunn: 37 Migrasjon: 3 Krigar og slag: 3 Kvinner og menn som har utmerka seg: 5 Ulike lagnadar:2	Religion: 18 Rikssamling:13	82
1990-2008	Andre tema: (komediar) 8	Samfunn: 160 Migrasjon: 12 Ulykker: 2 Kvinner og menn som har utmerka seg: 9 Ulike lagnadar:1 Krigar og slag: 18	Religion: 42 Rikssamling:33	285
Totalt	9	252	112	373

¹⁷⁵ Danielsen 1997:41

¹⁷⁶ Danielsen 1997. Begge desse spela er nemnd, men ikkje når dei kom. Dette må likevel vera før i eller før 1997

Dette viser følgjande utvikling: I den første fasa dominerte dei nasjonale spela, etterkvart er det fleire og fleire spel som er nærare knytt til den lokale/regionale historia. Men spel om dei store forteljingane med nasjonalt perspektiv, har også gått mykje fram. Dette kan tyda på at dei lokale spela har styrkja seg, samtidig som dei med nasjonalt perspektiv har auka.

Nasjonale tema:

1. "Religion" har stor auke i spel. Dei har auka i talet frå 7 i perioden 1, til 18 i perioden 2 og heile 42 spel i perioden 3. Dette er nesten 3 gonger fleire spel frå fase 2 til 3. Desse blir truleg mange fordi det gjeld vår nasjonale historia. Spela blei brukt til mange nasjonale markeringar i 1995, 2000 og 2005.
2. "Rikssamling" har stor auke i spel. Dei har auka frå null spel i perioden 1, til 13 i perioden 2, og til 33 i perioden 3. Dette er to og ein halv gong fleire spel frå periode 2 til 3. Desse er truleg mange spel fordi dei har nasjonal tematikk som gjeld alle. Denne tematikken blei ofte brukt til nasjonale feiringar markeringar.

Midtsone: (lokale/regionale spel knytt til den nasjonal historia)

3. Det blir mykje brukt tema for musea på slutten av perioden 2 og i periode 3. Spela tar utgangspunkt i ei lokal historie om nokon som migrerar, men tematikken er nasjonal. Døme her er spelet av Wibeke Knagenhjelm som blir vist på eit Utvandrarjubileum.
4. "Samfunn" har tredobla. Det er musea, skular og bedrifter som står bak dei svært mange av dessa spela. Grunnen til auke er at det ligg innanfor ansvarsområdet til musea og skulane å formidla lokalthistorie. Dette er del av Kunnskapsløftet i skulen. Desse aktørane har også midlar til å gjennomføra spela og å gjenta dei. Nokre av desse spela er blitt brukt til nasjonale minnemarkeringar.
5. "Krigar og slag" startar i fase 2, men blir først stort som tema i periode 3. Spela er blitt brukt til nasjonale minnemarkeringar. Tematikken er lokal, men den er også nasjonal fordi den handlar om konflikhtar mellom nasjonane.
6. "Ulykker" bli aldri mykje brukt som speltema. Det har berre vore nokre få spel, og dei er passive i dag. Dette fortel at spela kanskje ikkje eignar seg for tragiske hendingar frå nær fortid.
7. "Kvinner og menn som har utmerka seg" er ikkje eit veldig mykje brukt tema.
8. "Ulike lagnadar" er ei lita gruppe spel, og dei ser ikkje ut til å kunne utvikla seg til å bli store nasjonale eller regionale spel.

Lokale tema:

9. "Andre tema" som stort sett er komediar, revyar osv. . Dette er lokale spel som aukar.

Søking etter ein lokal identitet og tilknytning, spelar ei rolle når bygder og byar set opp spel eller arrangerar bygdedagar med historiske tema, meiner førsteamanuensis Anne Kathrine Larsen ved NTNU. Ikkje minst gjeld det i ei tid då folk reisar mykje og det er hyppig kontakt over landegrensene. På lokale bygdedagar er ramma ofte historisk. Det blir servert tradisjonell mat. Gamle handverkstradisjonar blir demonstrerte, og små og store hendingar blir dramatisert for scene.¹⁷⁷

Sosialantropolog Eva Sevaldson hevdar at spela er eit kulturelt reperasjonsarbeid. Folk søker den lokale historia for å styrkje sin lokale identitet. Derfor kom det mange spel om lokalehistoria med lokale amatørar.¹⁷⁸

Utviklinga viser at folk skiftar interesser og identitet. Dei har større interesse for lokalhistorie frå 1960-åra, enn tidlegare. Dette kjem til uttrykk i veksten i lokalhistoriske foreiningar, historiske filmar og historiske spel. Grunnen til at folk søker tilbake til det trygge i dei små oversiktelege samfunna, er truleg at storsamfunnet kan verka framandgjort og kald for mange. Dette førte til større lokale engasjement.¹⁷⁹

Det er også ein motkultur som går i motsett retning, mot meir sentralisering, digitalisert kommunikasjon, framande språk, motar, reiser og liknande. For mange kan det vera viktigare å søkja mot det internasjonale samfunnet og det den kulturen har å tilby, enn å styrkja den lokale identiteten. Utvikling kan gå i to retningar samtidig, mot verning av det nære og kjente, og mot det fjerne og ukjente.

Den lokale identiteten er styrka, men ikkje nødvendigvis den nasjonale eller internasjonale. I t.d. *Stiklestadspelet* kan vekta liggja først og fremst på det lokal, og deretter på det nasjonale. Ønske om å styrkja den lokale identiteten førar til auka lokalt engasjement, slik auke i spel fortel om. Men om folk søker først og fremst internasjonal identitet, og ikkje lokal identitet, førar dette truleg ikkje til mange nye spel. I Sverige som starta med historiske spel her i Norden, er det lite som skjer i dag. Årsaka er truleg ei massiv flytting frå landsbygda som dermed blir dermed tappa for krefter og engasjement.¹⁸⁰

Mens verda blir meir og meir global gjennom moderne media, informasjonsteknologien, kapitalismens måtar å verka på i samfunnet, skjer det ei tilsvarande styrking av dei lokale identitetane, for å motverka internasjonalisering, hevdar Anne- Brit Gran. Spel og festivalar er

¹⁷⁷ Stavanger Aftenblad 23.07 2007 og oppdatert 23.07.09

¹⁷⁸ Stavanger Aftenblad 23.07 2007 og oppdatert 23.07.09

¹⁷⁹ Bøe 2006:189

¹⁸⁰ Bøe 2006:189

del av dei tiltaka som er sett inn for å styrkja den lokale identiteten. Samtidig set nasjonen inn tiltak for å styrkja den nasjonale identiteten, fordi dei kan kjenna seg pressa mellom det lokale og det internasjonale samfunnet.¹⁸¹ Lokal historie blir rikshistorie, som i *Mostraspelet*, brukt i samband med eit nasjonalt jubileum. Jf. med kapitlet om litteraturen i del 1.¹⁸²

Spela kan bli sett på som gamaldagse og amatørmessige. Spela kan også opplevast som ikkje å gje meining, fordi historiene som blir formidla, ikkje har relevans for folk i dag. Dette kan gå på tema i spela og måten historia blir formidla på. Dersom spela ikkje fortel ei historia som har verdi for folk i dag, vil spela truleg dø ut. Men det kan også vera at folk elsker alle rituala og gjentakningane, og at det derfor kjem mange rituelle, historiske spel også i framtida? På Stiklestad er det mange som vil sjå dåpen akkurat slik den har vore vist i spelet før. Det er lite toleranse for endringar.

Myte og historie

Kvar kjem heltane frå, og dei me hyllar? Er dei gyldige i vår tid? Har spela ein bodskap til oss i dag som gir meining og har relevans? Finnes ei objektiv sanning? Spela er ikkje ei rekonstruksjon av fortida, men er redigerte forteljingar som må sjåast i lys av den tida dei er skrivne i, hevdar regissør Stein Winge.

Winge meiner at me er for ukritiske til det mytiske når me trykkjer det mytiske til brysta våre – som om dei er evige og sanne. Bør ikkje kvar tid granska kor sanne dei historiske overleveringane av hendingane og personane er? Er ikkje historieskriving ei myte i seg sjølv? Kanskje er historieskrivinga vår berre ein krønike over våre eigne liv og vår eiga tid? Når me gjenskarar historiske augneblikk frå fortida i ein dramatisk fiksjon, eit skodespel, så blir den endå tydelegare om vi tolkar historia i vårt eige bilde. Vi brukar historia til å vekke tankar og refleksjonar om den tida me sjølv lever i.¹⁸³

På Stiklestad har det vore mange diskusjonar om spelet skal vera slik det alltid har vore, eller om spelet kan fornyast. Mange røystar vil helst ha det slik det var før. Endring blir ikkje alltid tolerert. Dette har vore ei utfordring for nye regissørar. Sterkast var protestane då Stein Winge overtok som regissør etter Arnulf Haga, som hadde vore regissør på Stiklestad i mange år.

Anne Eriksen har skreve om det mytiske i forteljingane om 2. verdskrig. Historia er ikkje alltid slik den var, men blir ei kollektiv forteljing som passar, og som gir meining.¹⁸⁴ Innanfor rammene av norsk kultur, kan forteljingane forståast som ein kollektiv tradisjon av mytisk kunnskap - den bind nordmenn til kvarandre og til det nasjonale fellesskapet, kampen mellom

¹⁸¹ Gran 1997/2008:1-6

¹⁸² Gran 2008

¹⁸³ Katalogen til *Spelet om Heilag Olav* 2009:12

¹⁸⁴ Eriksen 1995:18, 19 som viser til Barthes

det gode og det vonde. I tradisjonen blir det som skjedde formidla, men i tillegg inneheld det eit nasjonalt verdisyn og ei spesiell forståing av det norske.¹⁸⁵

Ordet ”myte” kan bety at forteljinga ikkje er sann. Men i kulturforskinga er det utvikla ei anna forståing av myteomgrepet. Roland Barthes (1957) har i *Mytologier* (1957) analysert myter i det franske samfunnet. Myta framstiller han som ein tjuv i språket som stel og tømmer det for meining, og reduserer det til form. I forma oppstår det ny meining på eit nytt nivå - ei myte. Den kunnskapen som er ein uklar kunnskap, dannar uklare konturlause assosiasjonar. Meininga blir gjort fattigare. Den blir gjort om til ”natur”. Og dette inneber ei avpolitisering og kan m. a. misbrukast av borgarskapet for å undertrykka klassane.¹⁸⁶

I dei store forteljingane er myte brukt til å skapa fellesskap og samlande verdiar. Det oppstår eit fellesskap som kan verka integrerande utan å vera reelt. Det fungerer som eit førestilt fellesskap. På den andre sida er myta formlaus, ustabil og tåkete, og blir ambivalent og fleirtydig. Den er basert på at myta er open for ulik forståing, men samtidig så upresis at eventuelle konflikter aldri kjem fram i lyset.

I viking- og mellomalderspela blir historiene gjerne eventyrleggjort. Dei handlar ofte om heltar og heltinner, frendar og fiendar i norrøn tid. Helten vinn i siste akt trass i sterk motstand i samfunnet. Vikingane som var krigarar og valdsmenn, blir gjerne til nasjonale heltar og ikon.¹⁸⁷ Små episodar utan større historisk verdi blir blåst opp til nasjonale hendingar som blir ”usanne” og utan meining og relevans. Det nasjonale og lokale fellesskapet som blir framstilt, blir førestilt, og ikkje reelt.

Korleis ein brukar historia kan vera avhengig av kva behov ein har. Mytane kan knyte individet til det kollektive, og dette fyller ein funksjon som gir samanheng i historia. Det kollektive minnet samlar dei sosiale verdiane til den gruppa ein relaterer seg til. Men historia kan også vera noko ein smykkar seg med. Den kan framstillast som motsetningsfull og spektakulær.¹⁸⁸

Kampen om liv og død kan i dei store forteljingane i spela, bli ein kamp mellom vondt og godt, eller mellom rett og galt. I religiøse spel er det gjerne ein kamp om den retta trua. I spel om rikssamling blir det ein kamp om dei nasjonale verdiane og den nasjonale tanken. I spel om arbeidaren er formålet gjerne å styrkje arbeidaridentitet og solidaritet.

Spela kan også legitimera drap og vald for å få fram den kristne budskapet som t.d. i Stiklestadspelet. Det var verd det. Den kristne budskapet vann til slutt. Olav Haraldson var ein av dei mest brutale kongane me har hatt her i landet. Med sverdet tvinga han folk til å la seg døypa. I spelet er det klare val, skulle ein halda på den gamle trua eller skulle ein bli ein

¹⁸⁵ Eriksen 1995

¹⁸⁶ Barthes 1957

¹⁸⁷ Bøe 2006:117-131

¹⁸⁸ Bøe 2006:157 som siterar Anna Walette 2004:18-28 og 347-376.

kristen. Kristendommen sigra til slutt trass i hard motstand. Olav vart martyr og helgen etter at han fall i slaget, og folk omvendte seg til kristendommen. Noreg var samla under ein konge og den internasjonale kyrkja. Spela legitimerar kanskje valden og drapa denne gjennom spelet. Dei vann mot det vonde i siste akt.

At spela formidlar myter, kan slå ut både negativt og positivt. Mange spel forsterkar gamle myter om korleis verda er eller var, og blir dermed fiksjon. Dette kan føra til stort engasjement fordi dei stadfestar dei me er, og det me trur på. Men det kan vera at det ikkje førar til auke fordi spela blir nasjonalromantiske og kjedelege.

Spelearena er viktig for spela. Spelet må setjast opp akkurat der historia skjedde. Det var her det var. Det var her det skjedde. Spelet om slaget på Stiklestad må skje på Stiklestad, kristninga på Moster må visast på Moster, og spelet om slaget i Hafrsfjord bør helst visast så nær Hafrsfjord som råd er. Ein kan ikkje flytta spelet om slaget til Stiklestad til Trondheim. Det ville ikkje fungert som spel. Unntaket er på turnear.

Stiklestad er ein geografisk, historisk og ein mytisk plass. Spelet forsterkar minnefellesskapet om plassen. Ved gjentaking, ritual og seremoni blir minnet forsterka. Dette blir til nye myter som ein byggjar vidare på, og som ein kan tru på. Ein hugsar også gjerne det som skjedde i spelet, betre enn historia. Lys og lyd, skodespelarar, plottet kan bli ei formidling som det ikkje er belegg for i kjeldene. Døme her er sverddåpen i *Stiklestadspelet* som det ikkje er belegg for i dei norrøne kjeldene, men som er blitt ein del av minnefellesskapet i spelet.

Jon Nygård meiner at forklaringa på veksten i spel er mellom anna at plassane der spela blir sett opp, er gamle, mytiske kultplassar som ber i seg rituelle opphav som ein ikkje lenger hugsar. Etne, Moster, Stiklestad og Sokndal er alle døme på plasser som har ein lang og gamal tradisjon som møteplasser og kultplasser. Ofte er dei også knytt til spesielle tider på året. Spelstaden og tidspunktet er attraksjonar som kan får konsekvensar for publikumstilstrøyminga. Datoen 29. juli kan også vera avgjerande for *Stiklestadspelet*. Olsok representerar gamal heidensk kult som gir spelet ein spesiell karakter.¹⁸⁹

Dei typiske viking- og mellomalderspela kan lett bli sidrumpa og gamaldagse med stereotypiske rollefigurar og eit stivna språk. ”No kjem kongen”, blir ropt tre gonger, og så kjem kongen. Nokre gonger er seremoniane sjølv innhaldet i spela. Dette kan føra til mindre interesse for spela, men det kan også vera at dette gir ein låg terskel der mange kan vera med, og at det derfor kjem det stadig nye, små spel over heile landet.

¹⁸⁹ Nygaard 2008:2

Eit vilkår for nye spel kan vera at spela må fornya seg i framtida slik at dei ikkje berre tar vare på tradisjonane. Vi må bruka historia for å vekkje publikummet vårt til tankar og refleksjonar om den tida vi sjølv lever i. Og me må kjenna oss igjen i det som folk opplevde som problem og konflikhtar den gongen, og som vi kan forstå i dag. Var det berre ei tru som var rett? Korleis opplevde dei at deira tru blei sett ned på av andre? Korleis var det å ikkje få den ein elska? Eller korleis var det å mista eit barn? Spela er eit drama frå ei anna tid, men dei må ha relevans og gje meining i dag. Kanskje det er på tide med eit spel om andre verdskrig? Om tyskertøsen og dei stripete? Eller er det viktigare med gjentaking og ritual?

Næring og spel

Sponsing blir stadig viktigare for kulturlivet ved at desse midlane utgjer ei aukande del av kulturaktørane sitt totale budsjett. Dette er hovudkonklusjonen i St. meld nr.22. *Kultur og næring*. Totalt har sponsormidla auka frå 11 pst. til 14,3 i 2004, men det har vist seg at det er dei minste aktørane som mottar nest sponsormidlar.

Rapporten peikte på at avtalane med næringslivet frå starten av 1990-talet har utvikla seg frå mesenverksemd og ”milde gåver” til samarbeidsavtalar som liknar meir på utveksling av tenestar og samarbeidsavtalar der kulturprodukta i større grad enn tidlegare er integrert i bedrifta sin profil og organisasjon.¹⁹⁰

Kultur og kyrkjedepartementet meiner at det bør vera eit klart mål at institusjonane aukar sine eigne inntekter. Dei er positive til sponsing. Private kan hjelpa til med at nye prosjekt blir realisert, skriv departementet.¹⁹¹

Når eit av formåla med spela er å styrkja lokale næringsinteressene og turismen, slik det går fram av kriteria frå Norsk Teaterråd, blir det lagt eit visst press på spela frå sentralt hald til å inngå avtalar med næringslivet. som undersøkinga viser er stillar bedriftene strengare krav til arrangørane enn før.¹⁹²

Dette viser til at spel og bedrift blir avhengige av kvarandre gjennom samarbeid. Spela må truleg tilpassa innhald og form etter kva behov bedriftene har. Dei må ”godkjenna produktet” for å gje sponsorstøtte. I tillegg følgjer dei ofte opp spela med møter og rapporteringar. Dette kan slå ut både positivt og negativt. Er samarbeidet for tett og det er for mykje styring, kan dette slå ut negativt. Dei fleste spela vil vera uavhengige, men det er ikkje alltid at det er mogeleg.

¹⁹⁰ St.meld nr. 32 (2007-2008) Bak kulissene 102-104

¹⁹¹ St.meld nr. 32 (2007-2008) Bak kulissene 102-104

¹⁹² Norsk teaterråd:2009. Søknadskriteria frå fondet for friluftsspel og historiske spel

Det offentlege og bedriftene har stor interesse for å støtta spela økonomisk. I ei pressa tid med sentralisering og teknisk utvikling, vil dei setja inn tiltak for å halda på bygdene sin identitet og bærekraft. Fråflytting og nedgang i folketalet kan opplevast som ein trussel i små samfunn. Satsing på kunst og kultur er gjerne ein del av overlevingsstrategien.

Eit døme er *Kinnaspelet* som blir aktivt brukt til å marknadsføra både spelet, Kinn og Florø. Marknadsføringsmateriell som brosjyrar, annonser og plakatar, blir spreidde ut over heile fylket. Samanhengen mellom marknad og spel kjem klart fram i ein artikkel som Grethe Stavø skreiv i katalogen til spelet i 2008 "Kinnaspelet - med fokus på det norske". Ho skriv om korleis det norske kan koma til uttrykk i kommersielle produkt som reisemål, opplevingar eller handfaste produkt. Ho framhevar den norske naturen og dei djupe fjordane med ruvande isbredar, ville fjell og grønne enger i Sogn og Fjordane. Ho spør: Korleis kan ein bruka det norske til å uttrykke kommersialiseringa av desse to kulturprodukta?¹⁹³

Andre døme er:

- *Elden på Røros* sel Bergstaden.
- På Stiklestad sel dei både historia og bygda. Dei driv museum, hotell, kunstutstillingar og spel i følgje katalogen: *Stiklestadssommer. Bli med til vårt skattekommer. Aktiviteter og opplevelser for store og små.*¹⁹⁴
- *Mostraspelet* blei brukt av skulane, bedriftene og kyrkja. Private bedrifter brukar spela til merke- og omdømebygging.¹⁹⁵
- Satsing er friluftsspelet *Peer Gynt* på Gålå. Der satsar kommunen på ein total opplevingspakken med teater, dans, mat, overnatting og service. Dette viser ei samanblanding av spelet og kommersielle interesser i praksis. Dette handlar om børs og katedral. Bygdene skal tena pengar på spela, og spel skal leva. Jf. med det eg har skreve tidlegare om næring og spel.
- Mindre spel har gjerne ikkje kulturpakkar å tilby publikum. Her blir spelet det viktigaste, og kanskje også det sosiale rundt spela.

Samarbeidet mellom næringsinteresser og spel kan påverka speltematikken. Spela kan bli nasjonalromantiske. Spel om tyskertøsen og frontkjemparane kan det vera vanskeleg å bruka som speltema, utan å risikera å støyta bort sponsorane og publikum.

¹⁹³ Katalogen for *Kinnaspelet* for 2008:43

¹⁹⁴ *Katalogen: Stiklestad sommer. Bli med til vårt skattekommer. Aktiviteter og opplevelser for store og små.*

¹⁹⁵ *Mostraspelet 25 år. Kristkongane på Moster*

Mange tener pengar på å setja opp spel i distrikta. Ikkje alt er idealisme og dugnad. Skodespeararar, regissør, teknisk personale og administrasjon får gjerne ei ekstra månadsløn for å delta i eit spel i sumarferien.¹⁹⁶ I tillegg kjem royalties. For andre er æra og heider det viktigaste incitamentet.

Kravet til inntening gjer at bodskap og innhald gjerne tilpassar seg publikum og deira behov for å byggja kollektiv identitet, meir enn å fortelja det som er sant og rett. Nokre tema kan nærmast bli boikotta, til dømes spel om Quisling. Heller ikkje blir det sett opp spel om Englandsfararane eller frontsoldatane. Truleg er det fordi desse historiene ikkje er samlande i samfunnet.

Eit vilkår for auke i spel er at folk har tid og økonomi til å gå på spela. Økonomien er blitt betre for dei fleste her i landet. Folk brukar meir tid og pengar på fritid, men det er ikkje sikkert at dette gir ringverkingar utover sjølve billettinntektene. I dag har folk bilar som raskt fører dei frå ein stad til ein annan, utan at folk legg seg inn på hotell, eller at dei brukar av dei kulturelle tilboda i kommunen. Dei store spela som spelet på Stiklestad og på Gåla tenar arrangørane sikkert godt på spela, men det er ikkje sikkert at dei små gjere det. Dette bør ein kanskje forska meir på i framtida.

Publikumstala og selde billetter blir ofte mål for suksess. Dette vil lett påverka innhaldet i spela til å bli underhaldning. Jf. den tabloide utviklinga i pressa Er spelet utan interesse, blir spelet ikkje sett opp igjen.

Formålet med spelet er m.a. at folk skal bli stolte av bygda si, historia og den plassen dei bur på. Det handlar om ære, identitet og pengar. Når bygda skal på kartet og selja liggedøgn, mat og opplevingar, kan spela lett bli nasjonalromantiske og handla mest om fruktblomane, fjorden, fjella og fjordingen, og mindre om kva som egentlege skjedde, og dei svarte sidene av historia vår.

¹⁹⁶ Norsk Dramatikerforbund og frå Idar Lind i *Spelhandboka* i 2008

3.0. Oppsummering og konklusjon

Tema

Noko av grunnen til at det blir registrert ein stor auke i spel, er at spela ikkje vart registrete systematiske før i hovudoppgåva til Kari Vågen i 1995. Berre nokre få spel i hennar oversikt er aktive i dag.¹⁹⁷ Tidlegare kan dette ha vore meir eller mindre tilfeldig, kva som faktisk vart registrert som spel. *Spelhandboka* byrja etter 2000 å registrera nye spel. Og Sigrud Ohrem registrete nye spel fram 1995. Heller ikkje nettsidene fortel mykje om spel som er passive i dag.

Det er grunn til å tru at det lenge har vore mange spel rundt om i heile landet, men at berre nokre få er blitt registrert i noko register. Derfor kan dei vanskeleg sporast tilbake i tid. Jf. kapitelet om litteraturen. Frå første periode er mange spel passive eller gløymde. Men me kjenner til fleire store spel i andre periode som framleis er aktive i dag.

Frå 2000 blir det registrert ei stor mengde ueinsarta spel av *Spelhandboka*. Terskelen er låg for registrering. Det er ingen kvalitetskontroll. Alle som vil kan registra seg i *Spelhandboka* med dei opplysingane dei sjølv vel å bruka.

Men når dette er sagt, er det likevel nokså klart at det er mange spel, og tema har endra seg over tid. Det er også klart at utviklinga har med det historiske, det dramatiske, sosiale og kommersielle tilhøve å gjera. Og det er nokre tema som er overrepresenterte. Populære tema er nasjonale tema som rikssamling, religion, og meir lokale/regionale tema som samfunn og slag. Men også krigar og slag kan ein gjerne sjå på som eit nasjonalt tema, fordi det handlar om landegrenser og nasjonal råderett. Nokre tema blir sjeldan eller aldri brukt. 2. verdskrig er sjeldan brukt i spela, men heller ikkje tida etter 1945 har det vore stor interesse for.

I den første perioden tok spela utgangspunkt i sagalitteraturen og kristningskongane. Det mest typiske spelet er alle spela si mor, *Stiklestadspelet* (1954). Hovudkonflikten er gamal tru og ny tru. Grunnen til at *Stiklestadspelet* kom, hadde truleg med gamal tradisjon å gjera. Stiklestad er ein gamal kultplass med gamle tradisjonar langt tilbake i tid. Desse tradisjonane er knytt til dyrkinga av Olavsmyta. Historia er knytt til den religiøse, politiske og kulturelle utviklinga i landet. Landet vart samla under ein konge og den internasjonale kyrkje då Olav blei heilaggjort etter sin død. At nazistane hadde misbrukt plassen og historia under krigen, gjorde kanskje at dei nasjonale kjenslene vart styrka, men dette var neppe grunnen til at spelet kom. Behovet for ein samlingsplass på Stiklestad og eit spel hadde ligge latent lenge før det.

¹⁹⁷ Ohrem som har henta lista over historiske spel frå Kari Vågen frå 1995. Her er berre dei passive spela vist, men dei får spela som framsleis er aktive er i speloversikten til Ohrem, 2005:118-126

Fleire andre spel fortel om Olav sin veg til slaget, og dei plassane han stoppa på vegen dit. Desse spela var frå norrøn tid og tok utgangspunkt i eit paradigmeskifte, frå vikingtid og mellomalder. To spel av forfattaren Vera Henriksen blei vist på Festspela i Nord- Noreg i denne perioden. Dei handlar om makt, religion, samfunn og kjærleik.

I andre periode, 1970- og 1980-talet, kom det mange nye spel om religion, samfunn og rikssamling. Dei første migrasjonsspele kom i denne perioden. Eit av dei var om rallaren, eit anna om dei som utvandra til Amerika, og det tredje om ein ung gut som drog til sjøs.

Det første spelet om krig som tema, kom også med *Elden – Rørosspelet*. Det handla om svenskar som invaderte Bergstaden på 1700-talet. Den kategorien som vaks mest var samfunn, mens berre nokre få spel tok utgangspunkt i individet. Dette var truleg fordi forma, det store formatet, ikkje eigna seg for historier med utgangspunkt i individet.

Mange nye spel kom med religiøse tema. Fleire av desse er blitt godt etablerte i dag. Døme er *Mostraspelet* (1984) som handlar om skifte frå heidenskapen til kristendommen. Og *Kinnaspelet* (1985) som handlar om skifte av trusretning. Tematikken var truleg påverka av suksessen til *Stiklestadspelet*. Andre spel handla om kyrkjebygging, pilegrimar på veg til Nidaros og hekseprosessane på 1600-talet.

Grunnen til at dei religiøse spela blei populære som tema, kan ha med at dei eigna seg godt for drama. Det var mykje dramatik rundt eit paradigmeskifte: intrigar, tru og tvil, godt og vond, rett og urett osv.. Men det var også eit ønskje om å skapa religiøs og nasjonal identitet.

I denne periode kom det brot på speltradisjonen. *Kristina av Tunsberg* (1971) handla om ei ung kvinne som gifta seg med ein prins i Spania for å halda på maktballansen mellom landa i Europa. Dette var ikkje eit religiøst spel, hovudrolla var ei kvinne, men framleis var temaet knytt til den nasjonale historia Ho skulle gjennom giftarmålet knytte band mellom Spania og Noreg.

Grunnen til at spela ikkje lenger berre handla om religion og makt, hadde truleg med at landet blei meir sekularisert på 1970- talet. Folk hadde fått nye perspektiv og verdiar. Dette endra truleg folk sin identitet.

I tredje periode, 1990 åra og fram til 2008, vart det registrert mange både små og store spel over heile landet. Ei av årsakene er at *Spelhandboka* byrja registra spel i denne perioden. Både store og små spel blei registret fortløypande. Nokre blei berre vist ein gong, mens andre vart godt etablert med ein fast administrasjon, og blei vist med jamne mellomrom.

Når det gjeld tema, var det tre typar som dominerte: religion, rikssamling" og "samfunn". Men også migrasjon og slag var relativt store tema som vart mykje brukt. Det er liten interesse for spel på individnivå sjølv om dei også handlar om det kollektive fellesskapet.

Dei store statlege eller og nasjonale jubilea og feiringane i 1995, 2000 og 2005, er ei av årsakene til den store veksten i nasjonale tema, rikssamling og religion. Det nasjonale eigna seg som tema når samlingane var nasjonale, og ein gjerne søkte etter røtene og som var felles for land og rike. Det er gjerne det som er positivt og fint som blir trekt fram som tema. At landet vart kristna eller at landet vart samla, er slike tema.

Grunnen til auke i "samfunn" hadde truleg med dei behova skulane og musea hadde for historieformidling i tillegg til pensum og historiebøker. Drama vart del av Den kulturelle skulesekken mange stadar. Spela var historieformidling til barn, ungdom, vaksne og gamle. At skulane hadde behov for drama i historieundervisinga, batt tematikken til at spela blei objektive, "sanne" og kollektivt korrekte. Rein fiksjon fungerte ikkje som historieforteljing. Spela måtte fortelja "sanning". Likevel blei tematikken ofte nasjonal og samlande.

Kyrkje eller religiøse grupper stod bak mange av dei nye spela. Grunnen kan vera at dei såg det som si oppgåve å skapa kristen identitet og tilknytning. For andre var det den kristne kulturarven som var det viktigaste og det sosiale som motiverte.

Etter 2000-talet kom det fleire spel som var meir ideologisk motiverte. Arbeidarrørsla starta fleire spel med arbeidarperspektiv. Arrangørane følte kanskje eit behov for å byggja klasseidentitet og solidaritet i ei tid med press på velferdsstaten. Men det kan også vera meir nostalgiske årsaker, å minnast svunne tider, korleis folk hadde hatt det i arbeidslivet, med kamp om rettane til streik og kortare arbeidsdagar.

At spel blir brukt til representasjon, har gjort at mange spel handla om alt som er godt og gildt og i bygda, og lite om det som er sårt og vanskeleg. Deler at historia bli overrepresentert. Nasjonale og lokale tema som verkar samlande blir hyppig vald som tematikk. Religion og maktkampar eignar seg godt til det nasjonale prosjektet.

Spela skapar likevel sjeldan eller aldri debatt, bortsett frå kven som har rollene og spørsmål rundt fakta og fiksjon i spelet. Ofte var det gamle historier som knapt har nokon historisk verdi, om fjorden, fjella, føla og fjellblomen som er tema. Det handlar om det nasjonale prosjektet, og fungerer som toget kvar 17. mai. Gamle heltar og heltinner blir trekt fram og glorifiserte, for at dei skulle selja staden og spela som lokale turistmål. Gamle segna blir bygda sin lokale identitet.

Dei handlar om ting me aktivt vil hugsa fordi det gir oss stolte. NS soldatar og jøssingar, og tyskertøsen blir aktiv gløymepolitikk, og tabuemne saman med alt som er kontroversielt, dumt eller veldig trist.

Det var ofte kampen om kronene og kampen om turistane, men her er mange unntak. Mange spela er stort teater som held folk fast gjennom i innleving og oppleving. Spelet gjer oss meir

levande, enten med at samfunnet blir avdekka og gjennomlyst, eller at me kjenslemessing blir betre kjent med oss sjølv og våre motiv, ”eller ved at vi simpelthen får ei innsprøyting av vitalitet og livsglede”, som teaterinstruktør Barthold Halle uttrykte det i eit innlegg i Dagbladet, om teateret si rolle i samfunnet i 2008.¹⁹⁸

Kvifor var utviklinga slik i periodane 1, 2 og 3?

Min konklusjon at støtte til kunst og kultur var ein del av ein overlevingsstrategi for bygdene. Interesse og engasjement skuldast at bygdene set inn mottiltak mot fråflytting i ei tid med sentralisering, internasjonalisering og teknisk utvikling. Spela skulle vera med på å skapa liv og aktivitet i lokalmiljøet, og dermed meir attraktivt bumiljø. Saman med andre kultur og næringstiltak kunne det motverke fråflytting og skape optimisme. Det kunne koma nye arbeidsplassar og investeringar til bygdene, derfor støttar det offentlege og lokale bedrifter spela.

For det andre var interessa for den lokale historia, språket og kulturen det viktigaste Folk var stolte av sin bakgrunn, og dette ville dei formidla vidare gjennom dei historiske spela.

Ei tredje årsak er at spel formidlar mytisk kunnskap. Dette var med på å skapa eit fellesskap som ikkje er reelt, men som levde i kollektivtradisjonen. Desse historiene er ikkje alltid viktige eller ”sanne”, men dei batt folk saman i eit nasjonalt og lokalt fellesskapet. Det førestilte fellesskapet fungerte samlande i eit lokal/ regionalt eller nasjonalt miljø.

For det fjerde gjekk publikum på friluftsspel for å sjå naboen, familien og venner på scenen. Amatørar får stå på scenen saman med profesjonelle skodespelarar. Dei såg og blei sett. Og dei hadde ein arena å visa seg på. Ei spørjeundersøking på *Mostraspelet* konkluderte med at det er eit viktig motiv for å gå på spela. Samt at mange opplever at det er viktig å sjå spela år etter år for å sjå nye ting i spelet, og om det er endringar. Kjendisfaktoren med kjende stjerner som skodespelarar frå hovudstaden var mindre viktig.¹⁹⁹

Frivillige sitt eigarforhold til spela er viktig for at dei blir sett opp, og for at spela skal overleva. Blir spela for profesjonelle og institusjonaliserte, misser dei gjerne denne funksjonen, og spela blir borte.

Det er både konkurranse og samarbeid mellom spelorganisasjonane. Dette er med på å generere nye spel kvart år rundt om i heile landet. Eit spel som *Stiklestadspelet* har til dømes skapt ringverknadar i Trøndelag og rundt om i heile landet. Mange nye spel er komne på

¹⁹⁸ Dagbladet 25.04.08

¹⁹⁹ Informant Johan Nesse, dagleg leiar for *Mostraspelet* 24.11.09

Austlandet og Vestlandet dei siste åra. Folk har tid og økonomi til å bruka dei kulturelle tilboda i dag, dersom dei appellerar til interesse og oppleving.

Dette var ei brei undersøking som kan leggja grunnlaget for djupare undersøkingar om utvikling av tematikken i ei ny forskingsoppgåve. Ein kan smala tematikken inn, og gå grundigare til verks i kvart enkelt tema, t.d. religion eller samfunn. Ein kan velja ut nokre få spel frå ulike tidsepokar som kan fortelja meir om utviklinga av spela.

Litteratur:

- Aronsson, Peter, 2004, *Historiebruk – att använda det förflutna*. Studentlitteratur, Lund.
- Aristoteles, 2004, *Om dikterkunsten*, Cappelen's upopulære skrifter.
- Barthes, R. *Mytologier*, 1991, *Om „mytene“ i den moderne tids hverdag*. Oversatt av E. Eggen. *Mytologies*. Edition du Seuil 1957.
- Bryld, Claus, 2001, *Kampen om historien. Bruk og misbruk av makt siden Murens fald*. Roskilde universitetsforlag.
- Bøe, Jan Bjarne 1999, *Barnet og fortellingen, Fortidensfortellings innflytelse på barnets historiebevissthet*. HøgskoleForlaget.
- Bøe, Jan Bjarne, 2002, *Bildene av fortiden. Historiedidaktikk og historiebevissthet*. HøgskoleForlaget.
- Bøe, Jan Bjarne, 2006, *Å lese fortiden. Historiebruk og historiedidaktikk*. HøgskoleForlaget.
- Bøe, Jan Bjarne, 2007, *Sverdet, skafottet og skalpellen. Trusler mot liv og helse*. Hertervig forlaget..
- Danielsen, Maria, 1997, "Den eventyrlege historia". *Syn og segn* (1997). Hefte 2 og gjengitt i *Spelhandboka* 2008.
- Eriksen, Anne, 1995, *Det var noe annet under krigen. 2. verdenskrig i norsk kollektivtradisjon*. Pax Forlag.
- Fossåskaret, Erik, 2008, "Soga er saltet og sevja som kvar sjølvbyrg by og bygd må friska seg på. Bruk av historie i omdømebygging", *Heimen* nr. 2
- Fossum Havnelid, Kristin og Ugland, Ellen, 1994, *Å lykkes med Litteraturhistorie*. NKS-Forlaget.
- Gran, Anne Britt, 1997/2008. "Eksplosjonen av historiske spel: Kjeppar i hjula eller føde for nasjonen?", *Syn og Segn*. Hefte 2-1997, gjengitt i *Spelhanddboka* 2008. Nettsidene.
- Gripsrud, Jostein, 1990, *Folkeopplysningas dialektikk*. Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteateret 1890-1940. Samlaget.
- Isene, Oddvar, 2009. Nettverket historiske spel "Nytt spelnettverk i startgropa"
- Isene, Oddvar, 2009 "Historiske spel formidlar også lokalhistorie". *Lokalhistorisk magasin* nr. 3, Norsk lokalhistorisk institutt og Landslaget for lokalhistorie.
- Jensen, Bernhard Eric, 2006, *Historie- livsverden og fag*. Gyldendal.
- Jensen, Bernhard Eric, 2000, 2.opplag. *Historieskabte så vel som historieskapende, 7 historiedidaktiske essays*, "Historiebevidsthed og historie – hva er det?" Dafolo Forlag.
- Knutsen, Ketil, 2006, *Historier ungdom lever.- en studie av hvordan ungdommer bruker historie for å gjøre livet meningsfullt*. Dr. philos. avhandling. Institutt for utdanning og helse. Det psykologiske fakultetet Universitetet i Bergen.

Lind, Idar (nettredaktør), Eliassen, Ingeborg, Johansen, Egil. (2008/2009) *Spelhandboka*. Ansvarlig: Sør-Trøndelag Teaterverksted.

Kulturdepartementet NOU, 1988, 1, *Scenekunst*

Nygård, Jon, 2008, "Lokale spel, egenart og betydning". *Spelhandboka*. Nettsidene.

Mæland, Kjellfrid, 2002, *Kultur møte og kulturbryting. Dagens barn med kulturskifte ca.950-1050*. Dr. polit. avhandling. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU Trondheim.

Ohman Nielsen, 2008, May-Brith, "Med på kjøpet? Historiske handlevogner i læringsperspektiv", *Heimen* nr. 2.

Ohrem, Sigurd, 2005, *Spillet om Stedet. Historiske spel i Noreg*, Purgatorio forlag.

St. meld. nr. 32 (2007-2008) Bak kulissene. Det kongelige Kultur- og Kirkedepartement.

Tjelmeland, Hallvard, 2008, "Historie som merkevare". Hovudtema: Historie som vare. *Heimen* nr 2.

Thuen, Trond (red.) 2001, "Fortidsforståelse". HøyskoleForlaget.

Sevaldson, Eva (23.07.2009), "Finner fortiden i ferien", *Stavanger Aftenblad*.

Ugland, Ellen (1996) *Å lykkes med nyere historie*. NKS-forlaget.

Vågen, Kari, 1997/2008, "Fremveksten av historiske spel", *Spelhandboka*. Nettsidene.(Tidlegar trykt i *Syn og Segn*)

Vågen, Kari, 1995, *Fremveksten av historiske spel i Noreg*. Hovudoppgåve i teatervitenskap. Universitetet i Oslo.

Kjelder:

Isene, Oddvar *Nettverket Historiske spel* : Ei liste over nyare spel frå 1995 – 1998 samt fleire brev og e-postar

Lind, Idar, redaktør for *Spelhandboka*, fleire brev og e-postar og samtalar

Raaen, Per Steinar, nestleiar i *Stiklestadspelet*

Losnegård, Rolf, forfattar, fleire e-postar og samtalar

Nesse, Johan, leiar for *Mostraspelet*

Norsk friluftspillkalender frå 2000 til 2008

Norsk Teaterråd

Spela sine egne websider og program

Dagbladet

Stavanger Aftenblad

Kort spørjeundersøking om innhaldet i spela

Brosjyrar og katalogar:

Fru Guri av Edøy Program 2009

Ild og vann. Lenseteateret 2008

Kinnaspelet Songen ved det store djup. Katalog 2008, 2009

Harald Hårfagre 2007/ Harfagre- et musikkspel om Harald 2009

Limaspillet ”. . . det er falig å tvile, det er farlgog å tru. . . ” . 2008

Losnaspelet. Herr Eindride til Losna 2008

Karl Håpet

Maridalsspelet Svartedauden 2005, 2006, 2009

Marispelet 2008

Mostraspelet 25 år, Mostraspelet, Kristkongane på Moster. Jubileumbok til 25 års jubileet.

Musikksepelet Fiend og Elskar 2008

Rygekongen 2003

Steigen Sagaspill, program 2009

Stiklestad - møteplass i snart to tusen år

Spelet om Heilag Olav, program 2009

Siljanspelet. Slemdals bankende hjerte 2008

Sol av isfolket 2008

Sogndalspelet Klokkene i Vammelsund

Spillene på Gjøvik Gård 2009

Stiklestad - sommer. Bli med til vårt skattekommer. Aktiviteter og opplevelser for store og små.

Vedlegg:

KATEGORI 1. RELIGION (1950 OG 1960-TALET)

FØRSTE PERIODE:.

Viking- og mellomalderspel:

1. Dale Gudbrand. Kristnings-kongane på Hundorp 1958
2. Førre slaget²⁰⁰ 1965, Vestfold
3. Heilag Olav gjestar Ullensvang 1969
4. Førre slaget (No: Spelet om Heilag Olav) Stiklestadspelet 1954
5. Selshemnaren 1965
6. Vargtid 1967

ANDRE PERIODE: (1970 og 1980-talet)

Vikingspel og mellomalderspel:

1. Då Kristendommen kom til Gausdal 1989
2. Den store kongen 1978
3. Gaularspelet Kjærleikssaum 1997
4. Guds Gjøglerne 1982
5. Hjørungungavåg-spelet Maktkamp på Hjørungavåg 1986
6. Kirkebyggern 1979 -Maridalspillet 1974
7. Mostraspelet Kristkongane på Moster 1984
8. Spelet om Heilag Olav (av Bernt Skrede) 1981
9. St. Olavs skrin 1989
10. Sverdet - Heilag Olav i Borg 1974

Pilegrimsspel:

11. Olsokspelet Dei urolege av hjarte/Bak den lengste mil 1976

Reformasjonen:

12. Kinnaspelet Songen ved det store djup 1985
13. Kirkesølvvet Maridalsspillet 1981

Heksespel:

14. Heksepill 1987/1989
15. Barbro-veien mot bålet 1988

Moderne tid:

16. Herr Petters Lovsang 1989
17. På kyrkjebakken 1982
18. Slidredomen 800 år 1987

TREDJE PERIODE : (1990 til 2009)

Viking og mellomalderspel:

1. Det demrer en dag 1993
2. Dragseidspelet. På Sverdeggja 1997
3. Fra Blot til Messe Eit spel om Heilag Olav 1995
4. Giskespelet Olav Haraldsson og Arnungane på Giske 1995
5. Guri spelet – Fru Guri av Edøy 1990, Smøla
6. Guro Heddeli (-)
7. Gudar står for fall 1994

²⁰⁰ spelet er av Kåre Holt

8. Heilag Olav i Lom 1994-95
9. Herøyspelet Kongens ring 1992
10. Himmelstigen 2000
11. Kong Olav i Fyresdal 1993
12. Klosterspillet av Anne Søyseth 1990-talet
13. Krist gjeve eg var der soli renn Kyrkjespelet i Ulnes 1995
14. Millenius 1995
15. Olavskilden 1995
16. Olsokspelet i Fyresdal 2005
17. Soli Deo Gloria 1993
18. Tjøttaspelet 1995
19. Domenikus av Skjold 1995
20. Pasjonsspelet 2000
21. På kirkevangen 1991
22. Spelet om Heilag Olav og Dale Gudbrand 1994
23. St. Halvard spillet. Ikke en spurv til jorden 2008
24. Spelet om Sylvkrossen 2003, om Fanakyrkja i mellomalderen
25. Sunniva og Viking Ravn 1995
26. Sølvkantaten 1994
27. Vetaspelet Krist eg var der soli renn 1994

Pilgrimspel/klosterspel:

27. Det er farleg å tvile, det er farleg å tru. Limaspillet 2003
28. Klosterspillet 1990
29. Pilgrimen 1994 (Finstad kirke, Agder)
30. St. Halvard spillet - Halvards valg (2000)

Reformasjonen:

31. Olav Engelbrektsson (1993/utenfor borga frå 1996)

Heksespel: (1600-t)

32. Dømt til bålet 1993
33. Heksesteinen 2001
34. Synnøvd Sønnøvsæter 2003
35. Tjærebrennerensdatter 2003

Moderne tid: (1800- og 1900-t)

36. Broder Nikolai 2005
37. Kirkefolket kommer sjøveien 1993
38. Kirken i våre hjerter 1995
39. Korset 1995
40. Presten Landstad og Jomfru Crøger 2005
41. På kyrkjebakken (-)
42. Trua og saltet 2005

KATEGORI 2: RIKSSAMLING (med borgarkrigene)

ANDRE PERIODE:

1. Viking og mellomalderspel:
2. Asbjørn Selsbane 1972
3. Birkebeinerne kjem 1983
4. Fakkelflammen fra Folkenborg (-)
5. Fimreitespelet 1984
6. Gaularspelet Kjærleikssaum (1987, frå 2000 nytt spel av Losnegård)

7. Jord 1977
8. Korsvikaspelet Håkon Ladejarl og Kark. 1989/1995
9. Kristina av Tunsberg 1971
10. Sagaspelet Kongsgarden - glimt fra Kongsgarden Steins historie 1988
11. Slaget på Solkjel 1978, Tusna (no Aure kommune)
12. Spillet om kong Herlaug 1982-83
13. Rastarkalvspelet 1985

TREDJE PERIODE:

Vikingtid:

1. En møydom 1990
2. Egdene våkner 2004
3. Den historiske musikalen Harald Hårfagre, 2001, Karmøy.
4. Harald Hårfagre 2007
5. Gisle Surson, 2005, Valsefjord, Halsna
6. Gokstadspelet Galder-drømmen om Olav 1996
7. Rygekongen 1996 ute 2006), Hafrsfjordspillene
8. Harald Hårfagre 2007 (Hårfagre 2009)
9. Haugsferd Spelet om Halvdan Svarte 1999
10. Heimkomsten 1995
11. Herøyspelet Kongens Ring 1992
12. Holmen 1996
13. Håkonarspela 1997
14. Håkon Jarls fall 1995
15. Landnåmsfolk 1998
16. Kongen frå Etne
17. Kongsgildet på Avaldsnes 1994
18. Kong Olavs hjemkomst 1985
19. Olav Trygvasson ved Oтраstrand 1995
20. Riskaspelet 2008, Hommersåk
21. Romund og kongen 1994
22. Sagaspelet Lofotr ved Urdarbrunn Soga om vennskap og svik. 2002
23. Sagaspelet på Bjarkøy 1991
24. Slaget på Rastakalv 1992, Frei, Kristiansund
25. Spelet om Kråka 2000
26. Spillet om Olav Trygvasson 1995
27. Torkjell Barfot (-)

Mellomalder:

28. Audun Hestkorn Audun Huggleiksson kongens mann 2002
29. Eldkorn- ei konsertforestilling om Einar Tambarskjelve 2005
30. Eystein av Nidaros 2004
31. Kongen fra Etne 2000 Sverre, Berget og ordet 1995

Historiske segn:

32. Sagnet om dronning Åsa 2001
33. Sagn 2003

KATEGORI 3 MIGRASJON

ANDRE PERIODE:

1. Draum over hav og fjell 1989
2. Med kvernstein i ferdakista 1984
3. Rallaren 1987

TREDJE PERIODE:

1. Anno 1876, 1996
2. Amerikadraum 1994
3. Amerikafeber 2000
4. Amundstuen 1994
5. Ein rallars kvardag 1992
6. Emigrantspelet 2003
7. Havlandet 2002
8. Telemarken Junaiten(-)
9. Spillet om innvandrerne 1993, Suvullrya, Grue Finnskog, Hedmark
10. Spillet om nybyggerkjerringa 2003
11. Utvandrespelet om Jehans Nårbu 2003
12. Vår egen stamme. Kibnebfestivalen (-)

KATEGORI 4 SAMFUNN

ANDRE PERIODE:

1. Balladen om Mindre Alv 1988
2. Bilder fra ei gammel tid 1987
3. Bygdedokteren 1988
4. Enge 1983
5. Fedjespelet 1997
6. Frå Ferdaminner
7. Geirmundsklokka ringer 1989
8. Gudbrandsdalsspelet 1981
9. Haugstussa (friluftsspel)
10. Dovresno 1972
11. Kanskje kommer kongen 1986
12. Kaupangspelet 1989-1992
13. Klokkemakeren fra Altone 1983
14. Liv og røre i Rombaksbotn 1989
15. Hagbart og Signe. Steigen Sagaspel 1985
16. Hundremilsferden 1978
17. Marlene frå Folldal 1960
18. Mjølনারárdspellet 1984
19. Møtet er satt 1987 Olsökspelet 1985
20. Nabo eller fiend
21. Omgangsskulen fra Folkenborg 1989-1996
22. Oppgangssaga 1986
23. Skjerøykongen 1983
24. Spel om kommunens sjølvstyre/første formannsskap 1987
25. Svartedauen 1974 -Maridalsspillet

Land- og byspel:

26. Asker mitt Asker 1982
27. Baronispelet 1987
28. Eit spel om Gamle Sakshaug 1984
29. Rørvik-den første lille by på en øy.1988
30. 5 bilder fra Eidsbergs historie 1970

Arbeid: (-)

31. En akevisitt(-)
32. Den første bergmann 1984/1995

33. Gullalderen 1988
34. Ralleren 1987
35. Sluskhandel 1989
36. Tronge tider 1989
37. Uten tittel 1985

TREDJE PERIODE::

1. Adrian Posepilt 1992
2. Alfred Eriksen med familie 1991
3. Ane og Sjul i Steine 1993
4. Arendal februar 1895.1994
5. Aulestadspelet (fleire deler)
6. Baladen om Midtre Alv 1285-1290
7. Barnas byspel 1995
8. Bjønlabben. En fangstmanns historie
9. Bomfuten 1995
10. Borghallen gjennom 150 år 1994
11. Bronsebukkane. Truleg i 2003
12. Brurestien 1991
13. Brurestien Brusvespillet 1992
14. Buanesspelet 1995
15. Byen brenner 1994
16. Bæreum verks spillet-Den Norske bjørn
17. Bærum verk spillet - Kvinnene, kongen og krigen 2002
18. Bærum Verk spillet-.Det magiske jernet
19. Constitusjonen av Iveland sogns landhusholdningsselskap 13. april 1865.
20. Da bygdi gjekk av hengsle 1996
21. Da krigen kom 1807
22. Dansen rundt snøen 1994
23. Den siste viking 2002
24. Der stjernen bor
25. Det demrer en dag 1993
26. Det finns alltid ei råd 1994
27. Det flagget på Skagjet 1993
28. Det første formannskapsmøte i 1837(-)
29. Dragsug Dramatiseringa av det første kommunestyret i Salanger 1996
30. Dynastiet Wankel 1991
31. Dønningar frå Hitlers Mageplask
32. Ei ny tid 2005
33. Eit skip kom inne -spelet om Gossen og De Gezine 1992, Løvikremma, Aukra
34. Eli (-)
35. Emma (2005) Agder teater
36. En fredag på Fjermedal 1836, 1996
37. Erik den fredløse 1991
38. Eventyrgarden 1990
39. Fedjespelet 1997, Kræmmerholmen, Fedje
40. Fakkelflammen fra Folkenborg 1994
41. Fakkelflammefetten – en olympisk ouverture 1994
42. Fange-Liv 1992
43. Fanitull og Huldrelukk 1993
44. Fiend og elsker. Fritjovspelet
45. Flamma i natta 1995
46. Folk på ein steinkyst 2002

47. Fossegrimen vender tilbake 1995
48. Fossespel 1994
49. Friluftsspel på Munkholmen (-)
50. Fru Bergitte til Eidsgaard 1995
51. Fru Guri av Edøy- Guri-spelet 2000
52. Gardbergspelet "Eg Gudgjest, rita runene"2002
53. Gruvespillet i Folldal 1995, -96
54. Gudinne og Dommen 1991
55. Guro Heddeli 1994
56. Herregårdspeillet Piken i rødt
57. Herregårdspillet Carlotte Amalie grevens datter 2005
58. Herregårdspillet Den gode baron-
59. Herregårdspillet Gyldenløve kongeson
60. Herregårdspillet-Kildens klare vann
61. Historia om Sønsterud (-)
62. Hitlers mageplask (-)
63. Holmen 1996
64. Hungersmarsjen 1991
65. Husker du hva som hendte 1993
66. Inga frå øya
67. Jenta i Staveloftet 2001
68. Jespers Nattmann 1994
69. Jomfru Dedekam og frk. Cormontan (1995)
70. Kitty Kallevik og Arendal Rådhus (-)
71. Kongsvollspelet 1992
72. Kvinna sin fridomslengsel gjennom tidene
73. Kvinner i fengsel 1994
74. Levangspelet- Bryllaup på Røkenes 2003
75. Litl Johan på Nerøra
76. Lordene kommer 1991
77. Losbyspelet Fruen på Losby 2005
78. Losnaspelet. Herr Eindride til Losna 1998
79. Lys i år og i dag 1995
80. Maren Juel på Hafrslund 2001
81. Marispelet 2005, ved Rjukanfossen, Tinn i Telemark
82. Møte er satt (-)30
83. Nabo eller fiende 2005, Eidskog bygdetun Almenningen
84. Ny tid 2005
85. Når sevja stig 1990
86. Om Tjenestejenta på Våle
87. Omgangsskole 35.
88. Onkel Nabob 19953
89. Over fjorden etter folk (-)36.
90. Piera Cillas og Stallon randsel 199238.
91. Porten til Ruija 1994
92. Prestegård 1994
93. Raknehaugspillet.
94. Råvga og fogden i Vadsø som gjorde seg om til Stallo 1990
95. Sagn 2003
96. Sandnesspillet 1992
97. Seljordspelet Labyrinten 2003
98. Sildekongen på Kjeøy 1992
99. Silkeskjegg- et besøk fra øst 2004 (Vikingfestivalen på Egge, Steinkjer)
100. Sinclairspelet 2002, Sinclairefestivalen

101. Skandaløse Schwach 1991
102. Skutt blir den 1995
103. Solgåve frå vest 1996
104. Spel i samband med Bjorelvsdagane
105. Spelet om Eidsvåg 1914
106. Spelet om Inger og Knut 1997
107. Spillene på Gjøvik Gård Mjøen
108. St. Hans spillene - Auksjonen 2000
109. St. Hans spillenen - Bryllupet 2002)
110. St. Hanspeillene - Arven 2004
111. Steinalderspill 1994
112. Storfolk under Vigelandsfossen 1992
113. Sånn va det 1995
114. To helter et hav
115. Tre måltider op bakkemoen 1992
116. Tusen år - ein sommerdag 1992
117. Tyven,tyven skal du hete 1995
118. Urskog fort og krigen som aldri kom 2005
119. Vardøger-Vaigasat 1999
120. Vasshulets herre 1996.
121. Vendepunktet 1994.Veøyspelet.
122. Vi er eit folk-og det er havet som knytte opp i hop (-).
123. Ættearven 1995
124. Øyer-Per 1992

Land- og byspel: (geografi)

125. Bak vollene 2001
126. Bygda vår 1990
127. Byen vår – 150 år, 1995 (Namsos 150 år)
128. Den store bybrannen 1996
129. Festningsspillet på Kongsvinger 1993
125. Gudbrandsdalspelet (-)Gullhjelm 2002
126. Hansaspill på Bryggen
127. Mosjøen byspill. Det året byen våres vart te by
128. Nesna - den aller første sang
129. Njot "Nøtterøy i fortid og samtid"1994
130. Ska du bygg en by 1995
131. Sølv - en hyllest til byen ved havet 1993
132. Trolldom 2006, Osterøy museum
133. Tromsø Byspel 1990
134. Tusen år er som i går –
135. Et spill om Alrekstad.Tusen år er som i går 2005

Arbeid:

136. Den siste viking
137. Elvenøkk 1995
138. En fangsmanns historie 2005
139. Elvestraum. Suldalsspelet
140. Gruveslusken fortæle 1993
141. Jeppe i brottet 2008
142. Jordbær-Liv 2000
143. Kanalen - et spel om Støa kanal 2001
144. Krigsåri 1994, Tokke
145. Kvardag på verket 1990

- 146. Menn av malm, jenter av jern 2000
- 147. Slusk 1993
- 148. Stasjonsliv. Neste stasjon Koppan
- 149. Tunge tider 2005

Kampen for bedre økonomiske og sosiale kår:

- 150. Bergmannspelet Løkkenbusen 2007
- 151. Det stor Kornopprøret 2005
- 152. Eplene i messehagen 2008
- 153. Ild og vann. Lenseeteateret 2005
- 154. Lenseseteateret - Elvenøkk 1997
- 155. Namsens auge 2008
- 156. Maren Gulliksdatter 2000
- 157. Raud vinter 2006
- 158. Slemdals bankende hjerte 2008
- 159. Skottet i Buvika 2008 Smeltedigel
- 160. Sulitjelma-affæren 1995

KATEGORI 5. KRIGAR OG SLAG

ANDRE PERIODE:

- 1. Elden Rørosspelet 1980 inne/1994 ute
- 2. Da krigen kom 1807, 1988
- 3. Kongens fort 300 år 1985

TREDJE PERIODE:

- 1. Aurora 2005 (opera)
- 2. Bataljen i Homborsund 2003
- 3. Bondeopprøret i Hjartdal
- 4. Festningsspillet Beleiringen 1997
- 5. Drama rundt det Trondhjemske Kapersrederiet i 1807 1996
- 6. Generalenes gjestebud 1991
- 7. Herr Sinklar drog over Salten Hav 2002 Sinclairespelet
- 8. Kaperspillet 1996 Kapersfart
- 9. Klokkene i Vammelsund Strandaspellet 2001
- 10. Kaperspillet L`enfant de la Patrie 1994
- 11. Karl XII 1991Karl XII siste felttog 1991
- 12. Karolinernes Hærtog i Tydal 1993/Karolinerspelet i Tydal 2008
- 13. Karolinernes innmarsj i Fersdalen, september 1718
- 14. Krigsnotatar 1995
- 15. Slaget om Dynekilen 2004, Halden (opera)
- 16. Slaget ved Engan Skanse 2001, Ålen i Sør-Trøndelag
- 17. Skansespillet 2003
- 18. Urskog fort og krigen som aldri kom 2005

KATEGORI 6. ULYKKER

TREDJE PERIODE:

- 1. Dødsdansen på Norefjell. 2005
- 2. Titranspelet 1999

KATEGORI 7. KVINNER OG MENN SOM HAR UTMERKA SEG

:ANDRE PERIODE:

- 1. Abraham Fjelli 1989
- 2. Bondeføreren og Tremarksmann - en historie om Hans Barlien 1988
- 3. Historiske personer i Folldal 1979

4. Mannbjørnen 1970-talet
5. Soga om Ola Lensmann 1985

TREDJE PERIODE:

1. Fossegrimens stenger, soga om den unge Myllarguten 2001
2. Historia om Sønsterud 1995
3. Lady Arbuthnot- Frua på Elverhøy 1996
4. Losbyspillene Fruen på Losby
5. Eventyrteiknaren Theodor Kittelsen
6. Opprører Halvard Gråtopp 1938
7. Snø og ild (Noblis vs Amundsen) 2005
8. Sondre Skiløypar 2008, Morgedal
9. Wergelandsfamilien 1995

KATEGORI 8. ULIKE LAGNADAR

ANDRE PERIODE:

1. Maran - dømt til døden 1986, inne Dolm kirke, Hitra
2. Spelet om Arve Brakar (-)

TREDJE PERIODE

1. En konventikkeldømt på Fjermestad i 1863, 1990

KATEGORI 9. ANDRE TEMA (KOMEDIE, REVYAR, DIVERSE)

1. (Seljord-spelet) 1961

1. Styggdalspelet / Bjørnar- spelet 1978/2008

1. Amerikaklokkå 2007, Romsdal museet, Molde
2. Det kom ei jente vandrende 2000
3. Langs ei å/Grauten på grut Kong Arthur – spelet 2000
4. Bullspelet Morosame kroppar og arme krokar
5. Guldfjellet 1998
6. Pe – Torsa spelet
7. Tempo Lett 2001, Aukra Molde
8. Vømmølspelet

Merk; I tillegg kjem alle friluftsspela som ikkje er med her: Peer Gynt, Hamlet, Kristin Lavransdatter, Haugtusse (slutten på 1990-t), Time osv.